

Frå privatsak til ei sak om maktmisbruk, og tilbake?

**Ei kritisk diskursanalyse av korleis Søviknes-saka blir framstilt språkleg i
BT og VG i 2001, og då Søviknes var minister 2016 - 2018 – og korleis
framstillinga endrar seg med #metoo**

Ingrid Ophaug Dahl



NOR4090

Masteroppgåve i nordisk, Lektorprogrammet

60 studiepoeng

Retorikk og språkleg kommunikasjon

Institutt for lingvistiske og nordiske studiar

UNIVERSITETET I OSLO

Vår 2020

Samandrag

Denne oppgåva er ei kritisk diskursanalyse av omtalen av Søviknes-saka i avisene BT og VG i 2001, og då Søviknes var minister (2016-2018) – og i kva grad og korleis framstillinga endrar seg med #metoo.

Oppgåva har teke mål av seg å undersøka korleis #metoo endrar måten vi som samfunn skriv om ei slik sak som Søviknes-saka, gjennom ei analyse av verbalspråklege og visuelle modalitetar i eit utval pressetekstar, med fokus på korleis Søviknes, saka og jenta blir framstilt. Oppgåva finn at omtalen i 2001 er dominert av ei forståing av saka som ei sak som handlar om utruskap, makkamp og eit uverdig offer. Medan ho i 2017/2018 derimot blir forstått som ei sak som handlar om maktmisbruk. Der omtalen i 2001 har eit sterkt fokus på Søviknes som individ og jenta nesten forsvinn frå fortellinga, er det i 2018 Søviknes som forsvinn når jenta kjem i fokus og blir *individualisert*. Denne endringa ser likevel ikkje ut til å vera varig.

På bakgrunn av desse funna kjem eg med nokre konkrete tips for språkbruk i pressetekstar post #metoo.

Oslo, 15. mai 2020

Forord

Først vil eg få takka rettleiaren min Marja Etelämäki som med mild og tydeleg hand har ført meg i riktig retning det siste året. Etter møta våre, både på kontoret ditt og på zoom, kom eg alltid til oppgåva med ny giv og pågangsmot.

Takk til folka på lesesalen for lunsjar, samtalar i gangane, morosame innslag i kvardagen og gode faglege diskusjonar. Eg er skikkeleg skuffa over at vi ikkje fekk ei fullgod avslutning saman. Takk til Kirsti, Synnøve og Vebjørn som las korrektur og gjorde innspurtdagane kjekkare med diskusjonar om nynorsk rettskriving.

Ikkje minst – takk til Kristian som held hjula i gong på heimefronten og til Johannes (2) for å vera verdas beste unge. Eg gler meg til å få vera meir til stades framover. Ikkje minst tusen takk til svigermor Heid som opna heimen sin for oss i dei fem vekene barnehagen var stengd, det var heilt uvurderleg. Takk til lillebror og gode vene som alltid støttar meg og gir meg trua på meg sjølv. Det same gjeld mamma og pappa, dei fortener også ein takk for at vi busette oss på Os på nittitalet – hadde det ikkje vore for det, hadde nok denne oppgåva handla om noko anna.

Å få lov å jobba med eit sjølvvalt prosjekt innanfor eit sjølvvalt fagfelt i eitt år, er eit stort privilegium som ikkje er alle forunnt. Eg er svært takksam for moglegheita. Det har vore både givande og prøvande for meg. Det som står att i denne oppgåva er eit arbeid eg er rimeleg stolt over. Takk til dei som fann opp lånekassa og til meg sjølv.

Innhaldsliste

1 Innleiing.....	7
1.1 Om problemstilling	7
1.2 Tidlegare forsking.....	8
2 Teoretisk rammeverk, materiale og metode.....	10
2.1 Diskurs	11
2.2 Sosialsemiotikk – språk er funksjonelt	12
2.2.1 Læra om teikn.....	12
2.2.2 Ikon, indeksar og symbol.....	12
2.2.3 Omgrepssavklaring: Semiotisk ressurs og meiningspotensial.....	13
2.3 Kontekst	13
2.3.1 Kulturkontekst	13
2.3.2 Situasjonskontekst	14
2.3.3 Metafunksjonane	14
2.4 Pressetekstar.....	15
2.4.1 Sjanger.....	16
2.4.2 Nyheitskriterium.....	17
2.4.3 Funksjonell sakprosa	18
2.4.4 Fleirstemtheita i pressetekstar.....	18
2.5 Eit utvida tekstromgrep	19
2.5.1 Multimodalitet	19
2.6 Den skriftlege verbalspråklege modaliteten	20
2.6.1 Tema	20
2.6.2 Kategorisering	21
2.7 Visuelle modalitetar	23
2.7.1 Denotasjon og konnotasjon	23
2.7.2 Biletbruk – pressefoto.....	24
2.7.3 Typografi.....	24
2.8 Multimodal kritisk diskursanalyse	25
2.8.1 Kulturkontekst	25
2.8.2 Kvifor?.....	25
2.9 Materiale og metode	28
2.9.1 Val av aviser: Bergens Tidende og Verdens gang	28
2.9.2 Innhenting av materiale	30
2.9.3 Val av tidsperiodar	30
2.9.4 Val av analyseobjekt.....	34
2.10 Metode	35
3 Omtalen av Søviknes-saka i 2001	37
3.1 Kontekst	38

3.1.1	Media.....	38
3.1.2	Situasjonskontekst: Felt, relasjon og mediering	41
3.2	Verbalspråklege modalitetar	44
3.2.1	Tema.....	44
3.2.2	Kategorisering	48
3.3	Visuelle modalitetar	58
3.4	Verkelegheitsbilete og diskursar i 2001-dekninga	62
4	Minister før #metoo: Omtalen av Søviknes-saka 2016–2017	63
4.1	Kontekst	64
4.1.1	Kulturkontekst	64
4.1.2	Situasjonskontekst: felt, relasjon, mediering	66
4.2	Den verbalspråklege modaliteten.....	66
4.2.1	Tema.....	66
4.2.2	Kategorisering	69
4.2.3	Agens.....	78
4.3	Visuelle modalitetar	80
4.4	Verkelegheitsbilete og diskursar i omtalen av Søviknes-saka i 2016–17	82
5	Minister og #metoo	83
5.1	Kulturkontekst	83
5.1.1	#metoo	83
5.1.2	Media.....	84
5.1.3	Søviknes sin politiske karriere.....	85
5.1.4	Situasjonskontekst	85
5.2	Verbalspråklege modalitetar	86
5.2.1	Tema.....	86
5.2.2	Kategorisering av Søviknes, jenta og saken	87
5.2.3	Agens.....	93
5.3	Visuelle modalitetar	93
5.4	Verkelegheitsbilete og diskurs	96
6	Konklusjon	97
6.1	Kva så? Konkrete språktips etter #metoo.....	99
	Litteraturliste	101

1 Innleiing

Dei første månadene i 2001 tek Søviknes-saka stor plass i det norske mediebilete. Framstegspartiet sin 32 år gamle nestleiar, som også er ordførar i dåverande Os kommune i dåverande Hordaland fylke, tilkjennegir å ha hatt seksuell omgang med ei jente på 16 år etter ein fest på Framstegspartiets ungdom (FpU) sitt landsmøte i desember 2000. 24. januar går Søviknes på TV og avkreftar dei til då i media ukjende «sexrykta» som har reversert om han. Nokre veker seinare, den 12. februar, snur Søviknes og innrømmer å ha hatt sex med 16åringen. Dagen etter trekker Søviknes seg frå nestleiarvervet i Frp og listetopp-plasseringa på Hordaland si stortingsliste til stortingsvalet seinare i 2001, og tek permisjon som ordførar. Omtrent samtidig set politiet i gong sin etterforsking av saka som eit overgrep. Den blir lagt bort som «intet straffbart forhold» 17 dagar seinare. 5. mars er Søviknes tilbake på jobb som ordførar. Meir enn dette er det vanskeleg å seia om saka innleiingsvis, etter å ha tenkt mykje på kva for nokre ord som blir nytta når den blir skildra. I følge jenta var det eit overgrep og ein krenkelse mot ho, i følge Søviknes samtykkande og gjensidig seksuell kontakt.

Saka er framleis aktuell no, over 19 år seinare. Den blir ein del av mediebiletet igjen når Søviknes på nytt kjem inn i rikspolitikken. Han blir utnemnd som olje- og energiminister 18. desember i 2016, og held framleis posisjonen når emneknaggen #metoo blir allment kjent i oktober 2017 og fram til august 2018. «Jenta» frå Søviknes-saka ber i mars 2018 om å få saka opna på nytt i rettsvesenet og gir eit intervju for første gong sidan 2001, og den får på nytt mykje merksemd. Søviknes-saka er difor ei interessant prisme for å undersøka i kva grad og på kva måte #metoo har endra måten vi skriv om og snakkar om sakar der kjernen er ein seksuell relasjon mellom to menneske som står i eit skeivt maktforhold til kvarandre.

1.1 Om problemstilling

I denne oppgåva vil eg undersøka omtalen i BT og VG som omhandlar eller tek turen innom Søviknes-saka i tre relevante tidsperiodar¹, for å sjå nærmare på kva for nokre diskursar som er gjeldande i omtalen. Formålet er å sjå på i kva grad og korleis måten ein skriv om ein slik sak endrar seg når #metoo blei ein del av konteksten.

¹ Det høyrer med til historia at Søviknes blei minister på ny i desember 2019. (Garvik og Tvedt 2020). Fordi partiet hans gjekk ut av regjering berre ein månad seinare, er ikkje denne andre ministerperioden hans med i materialet tilfanget.

Problemstillinga er dimed: *kva for diskursar ligg til grunn for omtalen av Søviknes-saka og korleis endrar desse seg med #metoo?*

For å kunna undersøka dette på ein systematisk måte, har eg satt opp tre underproblemstillingar som høyrer til kvar sitt analysekapittel:

- 1) Kva for diskursar er gjeldande i omtalen av Søviknes-saka i BT og VG i 2001?
- 2) Kva for diskursar er gjeldande i omtalen av Søviknes-saka i BT og VG frå Søviknes blir minister i desember 2016, til #metoo oppstår i oktober 2017?
- 3) Kva for diskursar er gjeldande i omtalen av Søviknes-saka i BT og VG i Søviknes sin første ministerperiode etter #metoo?

Denne oppgåva tek mål av seg å gje eit svar på desse spørsmåla, og å til slutt å bruka funna til å argumentera for at vi treng eit prinsipp for kva for nokre ord og bilete som blir nytta i omtalen av denne typen saker.

1.2 Tidlegare forsking

Denne saka har vore objekt for forsking tidlegare. Ein tendens i forskinga ser ut til å vera at ho blir behandla som ein skandale, anten politisk eller personleg. I tillegg kan det verka som om saka blir brukt til å undersøka korleis journalistar eller media opererer i samband med slike saker. Saka har blitt sett på i undersøkinga samfunnsforhold knytt til journalistikk og makt (Eide 2001), særleg politiske skandalar (Allern m.fl. 2012) (Midtbø 2012) (Jenssen 2014). Innanfor psykologien har Søviknes blitt intervjua som eit av fleire intervjuobjekt i eit forskingsprosjekt om korleis det å stå i ein slik skandale verkar inn på ein offentleg person (Karlsen og Duckert 2018). Søviknes-saka dukkar blant anna også opp i ei masteroppgåve med innhaldsanalyse av kommentarar om politiske skandalar i VG og Dagbladet (Nygaard 2015).

I tillegg til å sjå på forsking knytt til Søviknes-saka, har eg og kartlagt forsking knytt til korleis #metoo blir snakka om i norsk samanheng. Tove I. Fjell har undersøkt korleis rykta om at Venstre-leiar Trine Skei Grande hadde hatt sex med ein 17 år gammal gut spreidde seg, og korleis manuskriptet for korleis ein snakkar om seksuell trakassering, vanlegvis ei forteljing om ein mann som forgrip seg på ei kvinne, fungerte i den samanhengen. (Fjell 2019).

Anja Sletteland har teke for seg kva for eit potensial for normendring mot seksuell trakassering #metoo bringar med seg gjennom kritisk diskursanalyse (Sletteland 2018). Artikkelen *Da #metoo kom til Norge – et ufullendt normskifte mot seksuell trakassering* argumenterer for at

#metoo si gjennomslagskraft i Noreg langt på veg handla om at media omtala seksuell trakassering innanfor ein arbeidslivsdiskurs, som var etablert i både lovverk og politisk konsensus (Sletteland 2018). Samtidig var konfliktnivået i debatten rett etter #metoo oppstod som fenomen høgt. Sletteland peikar på blant anna meritteringsnormer i arbeidslivet, kjønna definisjonsmakt og prioritering av rettsikkerheit som viktige konfliktlinjer i debatten som fell utanfor arbeidslivsdiskursen (2018).

Kristin Skare Orgeret har skrive om profesjonsdilemmaa i den norske #metoo-dekninga (2019), nærare bestemt på kva for eit endringspotensial og kva for nokre utfordringar som oppstår i journalistisk praktisk når #metoo-saker skal dekkast. Eit viktig funn på eit overordna nivå knytt til kjønn og makt, er at «Ved å presentere #metoo som struktur, muliggjør journalistikken normendring. Det vokser frem et «før» og et «etter» #metoo der spillereglene og etiske vurderinger endrer seg.» (Orgeret 2019).

Sletteland og Orgeret har også forska spesifikt på Giske-saka. I artikkelen *Game of Trond* tek dei for seg omtalen av VG sitt oppslag om den famøse dansevideoen (sjå link til artikkel i bibliografi for å lese meir om dette). Dei finn tre gjeldande diskursar om kva VG-saka var eit utslag for. Ho blei lesen som #metoo-heksejakt på Giske, ny runde i Giske-saka eller nok eit utslag av strukturell sexism. Dei peiker på at det manglar felles normer for å tolka seksuell trakassering, politiske sanksjoner for brot på reglar og korleis pressa vurderer trakasseringstilfelle etisk. (Sletteland og Orgeret 2019). Desse funna er også med i Sletteland og Orgeret si bok *Giskesaken – og hvordan vi får #metoo tilbake på sporet*, der dei blant anna teiknar opp diskursar dei finn i ulike fasar i dekninga av Giske-saka og korleis dei kjem til uttrykk. (2020).

Undersøkinga av diskursar i dekninga av Søviknes-saka som vil bli presentert i denne oppgåva, er inspirert av og vonar å bygga på den tidlegare forskinga. Særleg Sletteland og Orgeret si forsking har inspirert metoden og teorien i denne oppgåva. Difor vil ein viktig del av drøftinga vera å sjå funna mine opp mot deira. Samtidig meiner eg at mitt prosjekt skil seg frå det som er nemnt over og dimed kan vera ei lita, men viktig puslespelbrikke i eit nytt og interessant forskingsfelt. Som eg no skal presentera i neste kapittel om teori og metode, er analysen i denne oppgåva svært tekstnær. Funna blir gjort gjennom å sjå på heilt konkret bruk av språklege ressursar. Dimed vil det også vera eit godt utgangspunkt for ein diskusjon om kva som er god omgrepss bruk i dekninga av denne typen saker. Dette kjem eg tilbake til heilt mot slutten.

2 Teoretisk rammeverk, materiale og metode

I dette kapittelet skal eg først presentera det teoretiske rammeverket som ligg til grunn for analysen. Formålet med denne oppgåva er å undersøka *om #metoo endrar kva diskursar som er gjeldande i dekninga av Søviknes-saka*. Som eit grunnlag for undersøkinga, har eg allereie sett opp ei hovudproblemstilling og nokre tilhøyrande forskingsspørsmål. Før vi går laus på å undersøka desse gjennom analyse, er det naudsynt å klargjera på kva grunn denne analysen kvilar. Ikkje minst er det viktig å ha ein klar metode for korleis analysen skal gjennomførast. Ein klar metode er viktig både som ei rettesnor og for å gjera det mogleg å gå arbeidet etter i saumane. I det følgjande skal vi difor først sjå på kva for eit språksyn som ligg til grunn for oppgåva og nøkkelomgrep som høyrer til dette. Viktige moment i den første delen av kapittelet er utgreiing om omgrepene diskurs og ei tilnærming som heiter sosialsemiotikk. I sosialsemiotikk granskar ein tekst i kontekst, og difor er omgrepene sentralt i teorien. I denne oppgåva er fokuset på den ideasjonelle metafunksjonen. Tekstane eg skal analysera kan kallast for pressetekstar. Dei er tekstar som fell innanfor paraplysjangeren funksjonell sakprosa. Innanfor desse rammene skal eg definera pressetekst. Til grunn for dette ligg ei brei tekstforståing og det utvida tekstromgrepet, som inneber forståinga av at tekstar er multimodale.

Når desse overordna rammene og omgropa er på plass, skal eg ta for meg nokre teoriar og omgrep som er sentrale i den konkrete analysen av pressetekstane. Innanfor den verbalspråklege modaliteten står omgropa tema, kategorisering, ordval og agens sentralt. Eg skal også ta for meg omgropa denotasjon og konnotasjon, som er spesifikt nytte i analysen av dei visuelle modalitetane pressefoto og typografi. Som ei ramme rundt heile kapittelet ligg omgrepene diskurs og diskursanalyse. Heilt til slutt i kapittelet skal vi samla det som har blitt presentert av teori og metode i kapittelet under paraplyen diskursanalyse, særleg kritisk diskursanalyse.

2.1 Diskurs

Kva tyder diskurs? Dette er eit spørsmål som får ulike svar i ulike samanhengar og fagdisiplinar, difor er det viktig å definera diskurs godt og tilpassa fag og situasjon. På eit overordna nivå handlar det om at måten vi nyttar språket på, er avhengig av kva for ein samanheng eller kontekst vi er i. At ei ytring eller ei handling blir oppfatta som naturleg eller i det heile tatt forståeleg, skjer på diskursen sine vilkår. Dette synet på diskurs som fenomen stammar frå filosofen og idéhistorikaren Michel Foucault. I *Diskursens orden* presenterer Foucault diskursar som noko overordna og mektig som tek makt frå individua i eit samfunn (1999). Han skriv blant anna at diskursen «(...) – det lærer historien oss hele tiden – ikke bare simpelthen er det som gjengir kampene og herredømmesystemene, men det man kjemper om og ved hjelp av, makten man søker å bemektige seg.» (Foucault 1999: 10). I denne samanhengen kan kanskje sitatet omsetjast til at diskursane i tekstane vi omgir oss med, ikkje berre er ei attgiving av kampane og samfunnsstrukturane, men heller det ein kjempar om og med hjelp av. Altså kan diskursar vera maktmiddel.

I språkvitskapen er den gjengse definisjonen av diskurs ‘språk i bruk’ eller ‘tekst i kontekst’ (Skovholt og Veum 2014, 33). Johan Tønnesson definerer diskurs som «en institusjonelt og historisk forankret tenke-, tale, handlings- og veremåte» (Tønnesson red. 2002:220). Denne definisjonen understrekar at tekstar alltid må lesast i kontekst, at dei er forankra i den verda og det domenet dei er skapte i. Ifølge Fairclough er diskursar representasjonar. Dei er kopla til perspektiva og posisjonane til grupper av sosiale aktørar. Dimed dannar diskursar ikkje berre bilet av den faktisk verda, men også av verder som kunne ha vore (Fairclough 2003: 124-133). Her forstår vi omgrepet i tråd med desse syna – diskursar er ein tenke-, tale, handlings- og veremåte som er forankra både historisk og institusjonelt, og som fungerer som representasjonar av ulike syn og dimed ulike versjonar av verkelegheita.

Skrede (2017) presenterer blant annalingvisten Fairclough sitt diskursomgrep, og skriv også at ein kan sjå diskursane som eit semiotisk element i relasjonane mellom menneske: «De kan komplementere hverandre, konkurrere med hverandre, dominere over hverandre. (...) Hvilke diskurser vi trekker på i sosial samhandling, griper derfor inn i sosial praksis.» (2017: 35). Dimed er kva for nokre diskursar som er gjeldande i, som i dette tilfellet, dekninga av Søviknes-saka med på å forma korleis denne typen saker blir handtert i praksis.

Fairclough sin kritiske diskursanalyse er ein viktig del av grunnlaget for analysen. Dette kjem vi tilbake til i slutten av kapittelet, når diskursanalyseomgrepet blir presentert, men først skal eg ta for meg dei andre teoriane som ligg til grunn for analysen.

2.2 Sosialsemiotikk – språk er funksjonelt

Sosialsemiotikken som retning stammar frå M. Halliday og hans systemisk-funksjonelle grammatikk som først blei presentert boka hans *Language as social semiotic. The social interpretation of language and meaning* i 1970. Det overordna språksynet i sosialsemiotikken er at språket er systemisk og funksjonelt. Systemisk som i at skriftspråket og andre modalitetar er strukturerte, og funksjonelt som i at systema er tilpassingsdyktige til og forma av menneska sin sosiale praksis. (Berge 1998: 24). Meining er noko som blir skapt mellom språkbrukarar. Vi treng dei semiotiske systema for å skape mening, men dei er der nettopp fordi dei har ein funksjon i sosiale situasjonar, og eksisterer for, og endrar seg i takt med, sosial praksis. I denne oppgåva er tilnærminga i analysen inspirert av det sosialsemiotiske språksynet og metodar utvikla på bakgrunn av det. I det følgjande skal vi kort ta for oss semiotikken og sosialsemiotikken, i tillegg til nøkkelomgrep og definisjonar av desse som har sitt utspring i nettopp sosialsemiotikken.

2.2.1 Læra om teikn

Semiotikk er læra om teikn. Ferdinand De Saussure kalla det vitskapen om teikna sine liv i samfunnet (1974). Saussure meiner at teikn har to sider – signifikant og signifikat eller *innhaldssida og uttrykksida* (Svennevig 2020: 41). Ifølge Saussure er samanhengen mellom den faktiske tydinga og teikna vi brukar om det, ikkje openberr – forholdet mellom dei er arbitrært (Asdal m.fl. 2008: 78-79).

2.2.2 Ikon, indeksar og symbol

Saussure sin modell er binær – du har på innhaldssida ein faktisk gjenstand eller eit fenomen, og på uttrykkssida eit arbitrært teikn som høyrer til. Men alle teikn er ikkje arbitrære – til dømes vil eit bilet av eit bestemt hus ha stor visuell likskap med det faktiske huset. Charles S. Peirce sin teori om tre typar teikn tek omsyn til dette.

Dei tre typane teikn er skilde frå kvarandre etter kva for ein relasjon det er mellom tyding og form (Peirce 1984: 49-59) og blir kalla *ikon, indeksar og symbol*. Kort sagt er *symbola* arbitrære teikn, og det er vi menneske som har gjeve dei konvensjonell mening, altså at teikna er vanleggjorde for oss. Til dømes vil ingen med norsk som morsmål reagere på at nokon set

saman bokstavane H-E-S-T når dei skal skriva om nettopp det firbeinte, vrinskande pattedyret. Teiknet er konvensjonelt, sjølv om det ikkje har likskap med det faktiske dyret. Dei aller fleste språklege teikna er symbol (Asdal m.fl. 2008: 79)

Eit *ikon*, derimot, er ein type teikn som har likskap til det det refererer til (Asdal m.fl. 2008: 79). Eit døme kan vera eit fotografi – eit bilet av ein hest, vil ha likskap til den faktisk avbilda hesten. Den tredje og siste typen teikn er den som er mest interessant for denne oppgåva. *Indeksar* er teikn som indikerer, korrelerer til eller ymtar om, ein annan ting. Form og tyding hører saman gjennom årsakssamanheng heller enn sekvensielt (Asdal m.fl. 2008: 79). Ein gjesp kan vera ein indeks på trøytheit, eit smil kan vera ein indeks på glede, ei gardin på ein vegg kan vera ein indeks på eit vindauge bakom.

2.2.3 Omgrepssavklaring: Semiotisk ressurs og meiningspotensial

Inndelinga av teikn i desse underkategoriane er nyttige fordi dei kan brukast til å seia noko om forholdet mellom det som blir uttrykt i ein tekst og det uttrykket viser til. I sosialsemiotikk er det vanleg å nytta *semiotisk ressurs* som omgrep for teikn, og *meiningspotensial* om tydinga som ligg i desse. Det er fordi at sjølv om den tradisjonelle inndelinga av teikn kan nyttiggjerast i visse samanhengar, kan ho på eit generelt grunnlag føra henne av sporet og vekk frå den grunnleggjande sosialsemiotiske haldninga til språk som funksjonelt og noko som blir skapt gjennom sosial samhandling. (Skovholt og Veum 2014: 28).

2.3 Kontekst

Erkjenninga om at sosial praksis verkar inn på språket og vice versa, kan også uttrykkast som ei gjensidig påverking mellom språket og konteksten. For Halliday tek all språkbruk til som samhandling i konteksten (Berge 1998: 25). Difor er det naudsynt, sjølv om ei sosialsemiotisk tekstanalyse tek utgangspunkt i nettopp sjølve teksten, å også sjå på kva for ein kontekst teksten inngår i. Halliday delar konteksten i to (Berge 1998: 25): kulturkonteksten og situasjonskonteksten. I tillegg har vi den tekstuelle konteksten. Desse blir definerte nedanfor.

2.3.1 Kulturkontekst

Kulturkonteksten er «kulturen generelt med alle samhandlingsformer, institusjoner for samhandling, aktører, kunnskaper og ferdigheter som inngår i den (Berge 1998: 25).»

Sjølv tenker eg ofte på omgrepet kulturkontekst som tekstanalysen sitt vindauge ut mot samfunnet, og fagfelt som sosiologi og medievitskap. Det er denne erkjenninga av at kulturen han inngår i er viktig om ein skal kunne forstå ein tekst, som gjer det mogleg å nytta tekstanalyse

til å seia noko om ikkje berre kva ein tekst inneheld, men kva innhaldet gjer. For å dra nytte av denne moglegheita er det sjølvsagt viktig å avgrensa kulturkonteksten, som jo i grunn kunne vore eit sjubandsverk om verdas historie, til det som er relevant for analysen og som kan kasta lys over funna.

2.3.2 Situasjonskontekst

Alle tekstar inngår altså i ein kulturell kontekst som er overordna. Litt «nærare» teksten har vi situasjonskonteksten, som altså omhandlar situasjonen teksten, eller meiningsskapinga, står i. Denne delar Halliday opp i dei tre dimensjonane: *felt*, *relasjon* og *mediering*. Om ein undersøker *feltet*, ser ein på kva som kjenneteiknar den sosiale praksisen ein studerer (Berge 1998: 25-26) – til dømes er materialet som blir undersøkt i denne oppgåva stort sett ein del av den sosiale praksisen «tekstar som er utforma med tanke på å bli publiserte og er publiserte i nyhetsseksjonen i ei dagsavis». Det er med andre ord snakk om kva for ein sjanger eller kva for nokre *sjangrar* tekstane kan seiast å høyra til og kva som kjenneteiknar desse. Dette kjem eg tilbake til seinare i kapittelet. Den andre dimensjonen handlar om *relasjonen* mellom dei ulike aktørane som kommuniserer i den bestemte situasjonen (Berge 1998: 25-26) – desse kan ein kalla for tekstsakpar og adressat og kan til dømes vera avisredaksjon og avislesar (Skovholt og Veum 2014: 22). Den tredje og siste dimensjonen handlar om korleis teksten blir mediert, altså handlar det om språket og formidlingskanalen som teksten blir kommunisert gjennom og korleis det verkar inn på situasjonen (Berge 1998: 26).

2.3.3 Metafunksjonane

Halliday sine tankar og omgrepssdefinisjonar er også sentrale for den delen av analysen som ser på det som går føre seg inne i teksten, det språklege. Halliday introduserer i sitt arbeid dei tre metafunksjonane: den mellompersonlege, den tekstuelle og den ideasjonelle. Desse metafunksjonane kan ein definera som tre måtar å meina på som er grunnleggande og som «(...) alltid blir realiserte i ei ytring eller ein tekst.» (Skovholt og Veum 2014: 25).

Berge skriv om *den mellompersonlege metafunksjonen* at om vi studerer han, er det språket som utveksling vi er opptekne av. Ein kan til dømes sjå på kommunikasjonen mellom og dimed relasjonen mellom sender og mottakar og korleis han kjem til uttrykk språkleg (Berge 1998: 29). Som Skovholt og Veum skriv, er tekstar alltid retta mot andre, og vi nyttar språket til å kommunisera med andre og utføre handlingar (2014:25). Om ein studerer *den tekstuelle metafunksjonen*, er ein ifølge Berge heller oppteken av «å studere språket som en

budskapsprosess» (1998: 29). Det handlar om korleis vi nyttar språket til å skapa struktur og samanheng i tekst.

Den tredje, og for denne oppgåva mest sentrale, metafunksjonen er *den ideasjonelle* metafunksjonen. Berge skriv at denne metafunksjonen er studiet av setninga med tilhøyrande underledd som representasjonar (1998: 29). Det er altså innhaldet i tekstane som er under lupa. Maagerø, i ein presentasjon av det sentrale i Halliday sine teoriar, skriv at det handlar om at «språket har en representasjonsfunksjon i forhold til virkeligheten.» (Maagerø 1998: 38). Det handlar altså om korleis verkelegheita blir representert i teksten – kva for nokre verkelegheitsbilete (Skovholt og Veum 2014) som blir danna. Halliday deler igjen den ideasjonelle metafunksjonen inn i tre semantiske kategoriar som kan nyttast for å dela inn og analysera korleis verkelegheita blir representert. Den første er *omstenda*, den andre *prosessar* og den tredje *deltakarar* (Maagerø 1998:40-41). Skovholt og Veum forenklar litt og spør seg «kva for nokre ord og omgrep blir brukt for å beskriva ulike fenomen, personar og hendingar?» (2014). Analysen min av Søviknes-saka frå 2001 er nettopp ein analyse av verkelegheitsbileta som blir danna om henne i tekstar.

2.4 Pressetekstar

Alle tekstane i materialet som ligg til grunn for analysen, deriblant utvalet av tekstar vi skal sjå på, er pressetekstar. Alle tekstane i utvalet fell innanfor dei sjangrane som vi til dagleg og i skulen kallar for *nyheitssaker*, *kommentarar* og *portrett-* eller «*dybdeintervju*». Desse kan igjen seiast å vera undersjangrar av pressetekstsjangeren. Det er likevel viktig å ha i mente at denne oppgåva ikkje tek mål av seg å undersøka tekstene først og fremst som pressetekstar, men som tekstar som tematiserer Søviknes-saka og korleis desse dreg på og etablerer diskursar, og også korleis det endrar seg over tid og med #metoo. Desto viktigare er det kanskje at vi veit noko om pressetekstar som sjanger, slik at vi kan forstå kva det er utanfor teksten, i kulturkonteksten, som påverkar innhaldet i pressetekstar spesifikt. Vi kjem dimed tilbake til nyheitskriterium i både materiale- og analysekapittelet.

Når det gjeld kva som kjenneteiknar presseteksten, trekker Hågvar fram at hovudbodskapen i teksten normalt ikkje er skjult. Det er eit ideal for journalistiske tekstar å både vera opne og eksplisitte, og å stilla seg kritisk til skjult argumentasjon. (2007:15). Dimed, skriv Hågvar, er meininga som ligg mellom linjene i pressetekstane som oftast sidetydingar som forfattaren sjølv ikkje skreiv inn med intensjon, som «sladrer om hvordan journalisten og redaksjonen har tenkt og prioritert.» (2007:15). Altså er det normene, både dei sjangerbestemte og andre kulturelt

bestemte normer, ein ønsker å grava opp gjennom diskursanalyse. Slik kan ein forstå korleis redaksjonen har tenkt og prioritert, og dette igjen kan seia noko om korleis samfunnet forstår fenomen eller personar som blir omtala. Frå eit diskursanalytisk utgangspunkt, meiner Hågvar, er analyse av pressetekstar spesifikt interessant fordi det vektlegg sjangerfunksjon, kontekst og forholdet mellom språk og verkelegheit (2007:15). Metoden i oppgåva er inspirert av og overlappar mykje med det Hågvar trekker fram.

2.4.1 Sjanger

Carolyn Miller (1984) argumenterer for at sjanger ikkje er noko som er statisk eller skrive i stein. Kva som utgjer ein sjanger er, på same måte som kva som utgjer ein tekst, kulturbestemt (Miller 2001). Det er altså dei stabile tekstnormene i ein kultur som utgjer sjangrane (Asdal m.fl. 2008: 44). Ein type tekstar kan dimed oppnå status som sjanger, men kva for nokre tekstar som tilhøyrer sjangeren er i endring og ein type tekst kan også mista sjangerstatusen. Miller er mest oppteken av det ho kallar dei funksjonelle sjangrane, dei som blir namngjevne og brukt av faktiske språkbrukarar. Denne forståinga er nyttig for dette prosjektet. Tekstane som blir undersøkte høyrer til kvardagssjangrar som nyhetsartikkel, reportasje og intervju. Sjangrar medlemmar av vår kultur kjenner til og kjenner att (Miller 2001). Fairclough sin definisjon av sjanger er «use of language associated with a particular social activity» (Ledin & Berge 2001: 13). Begge desse syna er nyttige her. Sjangrar blir her altså oppfatta både som funksjonelle og som språkbruk knytt til særskilde sosiale aktivitetar. Vi skal sjå nærmare på kva ein veit om kva som kjenneteiknar pressetekstane som sjanger.

2.4.2 Nyheitskriterium

Galtung og Ruges sitt essay *The Structure of Foreign News. The Presentation of the Congo, Cuba and Cyprus Crises in Four Norwegian Newspapers* frå 1965 er stadig eit viktig teoretisk utgangspunkt for diskusjonar om kva som er *nyheitskriteria* media opererer med. Seinare har fleire kriterium blitt lagt til. I 2017 publiserte Harcup og O'Neill ei oppdatert liste med kriterium som blant anna tek høgde for det relativt nye fenomenet sosiale medium. Dei listar opp følgjande kriterium:

- 1) *Eksklusivitet*, det er fint vera først ute
- 2) *Dårleg nytt*, til dømes om nokon har mista jobben
- 3) *Konflikt*, kan blant anna vera kontrovers, krangling eller krig
- 4) *Overrasking*, til dømes ein kontrast eller noko uvanleg
- 5) *Audio-visualitet*, saker med fengslande bilete eller som eksempelvis kan illustrerast med infografikk
- 6) *Delbarheit* handlar om det er sannsynleg at saka blir delt i sosiale medium
- 7) *Underhalding*, til dømes saker om søte dyr eller som ein kan nyta vittige overskrifter i
- 8) *Drama* – til dømes ein pågåande flukt
- 9) *Oppfølging*, saker som følger opp saker som allereie er i mediebiletet
- 10) *Makteliten*, kan handla om maktige individ, organisasjonar, institusjonar eller liknande
- 11) *Relevans*, saker om grupper/nasjonar som ein trur er kjende for eller har innverknad på publikum
- 12) *Stort omfang*, altså hendingar der det er mange involverte eller til dømes moglegvis store konsekvensar
- 13) *Gode nyhende* – om gjennombrot eller kanskje ein siger.
- 14) *Kjendisar*, saker om nokon som allereie er kjende Til sist har vi det Harcup og O'Neill kallar for
- 15) *Nyheitsredaksjonen sin agenda* – anten ideologisk, kommersielt eller som ein del av ein pågåande kampanje. (Harcup og O'Neill 2017: 1482).

Hågvar (2007: 49), som opererer med kriteria konflikt, «vesentlighet», identifikasjon, sensasjon og aktualitet (2007:49), påpeiker at det ikkje alltid er slik at pressetekstar lever opp til eitt eller fleire av desse kriteria. Han meiner at eit problem med denne typen modeller er at dei ser etter eigenskapar som sjølve hendinga som saka handlar om. Han skriv at om ein spør seg om hendinga er konfliktfylt og så vidare, vil svaret ofte vera at ho ikkje er det. Når ho likevel blir

trykt i avisa, blir pressetekstane ofte forma på ein måte som får det til å sjå ut som om dei oppfyller kriteria (Hågvar 2007: 49). Dimed må ein forstå nyheitskriteria ikkje berre som saksbaserte, men også prestasjonsbaserte. Hågvar understrekar også at det er eit operativt aspekt som må takast omsyn til – nemleg at journalistane har det travelt og treng å oppretthalde produksjonen av nyheiter. Det gjev reint praktisk mening å laga saker som ikkje kostar mykje tid og krefter (Hågvar 2007: 50). I og med at det er pressetekstar vi undersøker, er diskursanalysar av medietekstar og teori og metode knytt til dette relevant her.

2.4.3 Funksjonell sakprosa

Pressetekstar er på eit overordna nivå sakprosatekstar. Tønnesson definerer sakprosa som «tekster som adressaten har grunn til å oppfatte som direkte ytringer om virkeligheten.» (2008: 34). Det er altså tekstar som lovar den som les, adressaten, å vera sanne. Vidare kommuniserer sakprosateksten hovudsakleg gjennom verbalspråk, sjølv om det ofte skjer i samspel med andre modalitetar. Pressetekstane er den typen sakprosatekstar som Tønnesson kallar for *funksjonell sakprosa*. I den funksjonelle sakprosaen er forfattaren forstått som kollektiv, tekstane er offentleg tilgjengelege og skrivne av institusjonar eller privatpersonar. Forfattaren vender seg som skribent til allmennheita eller andre institusjonar. Tekstane blir medierte gjennom blant anna aviser. (Tønnesson 2008:34). Pressetekstane som blir undersøkte i analysen er funksjonelle sakprosatekstar. Vi må altså ha i mente at forfattaren, sjølv om journalistane stort sett er namngjevne, anten er institusjonen VG eller institusjonen BT. I analysen behandlar vi forfattaren som den institusjonen vedkomande representerer på redaksjonell plass i ei avis som VG eller BT. Tønnesson skriv i tillegg at «denne sakprosaens sjangerkrav er intimt forbundet med deres tiltenkte funksjon.» (2008:34). Vi skal no sjå på kva vi her legg til grunn når vi nyttar ordet sjanger, før vi tek for oss sjangertrekka vi finn i pressetekstar.

2.4.4 Fleirstemtheita i pressetekstar

At forfattaren i pressetekstar blir forstått som kollektiv og representerer avisredaksjonen som heile, tyder ikkje at forfattaren er den einaste stemma som kjem til orde i teksten. Eit sjangertrekk i dei fleste typar pressetekstar er at ulike deltakarar kjem til orde gjennom teksten, altså at forfattaren søker å få fram ulike perspektiv. Desse empiriske deltakarane blir kalla for *stemmer-i-teksten*, og kjem til uttrykk gjennom direkte eller indirekte framstilling, eller gjennom forteljarstemma. (Raddum og Veum 2006). I tillegg til desse stummene-i-teksten, empiriske deltakarar, finst det eit perspektiv som har *tekstuelle stemmer* i seg. Denne tilnærminga stammar frå den russiske filosofen og litteraturvitaren Michail Bakhtin, og tek kort

sagt høgd for at det finst mange ikkje-empiriske spor av stemmer som kan knytast til andre tekstar som handlar om det same temaet. (Raddum og Veum 2006).

I ein stemmeanalyse ville den bakhtinske forståinga ha vore sentral, men denne oppgåva inneheld ikkje ein stemmeanalyse. Dei empiriske deltakarane, stemmene-i-teksten, er derimot heilt sentrale i analysen. Difor er det nyttig å vera klar over dette skiljet, då omgrepet kjem opp i analysen. Med mindre noko anna er sagt, kan det altså forståast som *stemmer-i-teksten*.

2.5 Eit utvida tekstomgrep

Dei færreste ville vel protestert på at den meiningskapringa som skjer gjennom skriftspråket i dei nyheitsartiklane vi tek for oss i analysen, er *tekst* slik vi forstår omgrepet i daglegtala. Likevel er det naudsynt å definera kva for ei tekstforståing som ligg til grunn for denne oppgåva, både fordi ho skil seg frå den daglegdagse forståinga og fordi tekstane ikkje berre er skriftspråklege eller *verbalspråklege*. Berge definerer tekst som «(...) ytringer som deltakerne i en viss kultur gir en spesielt avgrenset status eller verdi, der det i kulturen er utviklet tekstnormer som avgjør hvilke ytringer som gis tekstverdi, og hvordan slike tekster ordnes» (Berge 2002: 236). I tillegg er kva som kvalifiserer til å vera ein tekst normativt bestemt. Det er normer i kulturen vår som både etablerer og utviklar skjønn for kva som kan reknast som ein tekst. Meir presist sagt finst det *tekstnormer* som fungerer som «(...) kriterier for å bedømme tekstverdien til en ytring.» (Asdal m.fl. 2008: 44).

2.5.1 Multimodalitet

Språksynet i sosialsemiotikken opnar for eit utvida tekstomgrep, sjølv om dette femner breiare enn Halliday sin måte å sjå tekst som (...) forekomster av de hverdagsspråklige meningssystemene (...).» (Berge 1998: 25). Korleis ein tekst kjem til uttrykk eller manifesterer seg kan altså variere stort frå kva vi knyter til ordet tekst i daglegtalen:

«(...) tekster kan utføres med en hvilken som helst meningsskapende ressurs (bilder, tegnspråk, hverdagsspråk – tale og skrift, gester og mimikk). Samtidig kan tekster settes sammen ved hjelp av mange slike semiotiske ressurser samtidig, slik for eksempel avistekster eller mange lærebøker gjerne kombinerer både skrift, ulike typer grafikk og bilde. Alle tekster er det vi kaller multimodale.» (Asdal, m.fl. 2008: 45).

Tekst er altså meir enn berre den verbalspråklege modaliteten vi har for vane å tenkja på det som. Tekstar er multimodale. Til dømes har ein nyheitsartikkel i tillegg til verbalspråkleg tekst, også bilete og overskrifter i annan storleik enn brødtekstane. Skovholt og Veum definerer

modalitet som grupper av semiotiske ressursar «som skaper mening i ein gitt situasjon.» (2014:30).

Kva for ei meaning ein viss modalitet skapar, til dømes eit bilet eller ein guitarsolo, er ulikt og kontekstavhengig. «Det er fordi ulike semiotiske modalitetar har ulike moglegheiter og avgrensingar for å uttrykkje meaning. Desse mogleheitene og avgrensingane blir i sosialsemiotikken kalla modal affordans» (Skovholt og Veum, 2014: 30). Konsekvensen blir at når ein skal analysera tekstar, må ein også ta høgd for andre visuelle modalitetar som typografi og biletbruk.

Sjølv om det er altså er ei brei forståing av omgrepet tekst, bør og kan ein likevel sortera tekstane inn i mindre grupper. Vi skal no sjå på kva det vil seia at tekstane vi skal undersøka høyrer til dei tekstane vi kallar for *funksjonell sakprosa*, korleis vi forstår omgrepet *sjanger* og kva for nokre krav og trekk som ligg til grunn for produksjonen av ein pressetekst.

2.6 Den skriftlege verbalspråklege modaliteten

Ein omrent sjølvsagd overordna analysekategori når vi undersøker pressetekstar, er den verbalspråklege modaliteten, i dette tilfellet i skriftleg form. Det finst ikkje nokon endeleg fasit på kva for nokre verktøy ein nyttar når ein skal undersøka korleis verkelegheitsbilete blir skapte gjennom verbalspråket, men det finst mange forslag. Vi skal sjå nærmere på særleg tema – fordi vi er interesserte i kva tekstane handlar om og dimed kommuniserer om Søviknes-saka. Vi skal også sjå på kva for nokre ord som blir brukte for å skildra saka og dei to mest sentrale aktørane i ho, Søviknes og ho vi kallar for jenta. Dette kjem vi tilbake til i analysen.

2.6.1 Tema

Kva handlar teksten om? Det er det ein spør om når ein leitar etter temaet i teksten. Kva er det framstillinga av verkelegheita tek for seg? Ein kan undersøka både det gjennomgåande temaet i heile teksten og kva som er temaet på ein bestemt stad i teksten (Hellspong og Ledin 1997: 117). Om ein undersøker temaet på det lågaste nivået over ordnivå, snakkar ein ofte om å undersøka *minimale ytringar* gjennom å sjå på *tema-rema-struktur*. Ei minimal ytring kan vera ei setning, men det kan også vera ein heilskapleg frase som gjev meaning sjølv om ho til dømes manglar eit finitt verb (Asdal m.fl. 2008: 89).

Det ein leitar etter i minimale ytringar er tema – kva som blir presentert som kjent informasjon, og rema – kva som blir presentert som ny informasjon i den gjevne samanhengen. Tema-rema blir ofte signalisert gjennom ordstilling. Det kjente kjem først, og så det ukjente.

Ein kan nytta spørsmål om tema til å sjå på den tekstuelle metafunksjonen, på strukturen i teksten. Ein kan også leita etter tema i ein analyse, som vår, med vekt på den ideasjonelle metafunksjonen. I ein analyse som tek for seg kva for nokre verkelegheitsbilete som blir danna, er det som Hellspong og Ledin skriv, naturleg å konsentrera seg om temaet sitt innehald og særleg «textens övergripande ämnen» (1997:118). Dei nyttar omgrepa *makrotema* og *mikrotema*, altså tema på overordna og underordna nivå, for å skilje mellom nettopp det overordna og dei meir underordna temaa i ein tekst. Desse omgrepa er dei vi nyttar mest i analysen. Som Hellspong og Ledin skriv, er det mogleg å trekka fram nesten kvart einaste substantiv i ein tekst som eit eige tema, men dette kan «drukna analysen i detaljar.» Dessutan er det ein fare for at det ikkje speglar måten vi faktisk tek inn til dømes ein pressetekst. (1997:119).

2.6.2 Kategorisering

Eit viktig fokuspunkt i analysen er å sjå på korleis dei tre aspekta Søviknes, jenta og saka blir referert til. Å sjå på korleis fenomen blir referert til, er eit vanleg verktøy i den sosialsemiotiske analysekassa. I litteraturen dukkar det i hovudsak opp i samanheng med det som blir kalla for *referansekjeder*. Referansekjedene blir danna når eit fenomen, ein person eller ei handling blir referert til meir enn éin gong i ein tekst. Det er ord som, i samanhengen, referer til det same. (Asdal m.fl 2008, 91). Den omgrepene *referansekjede* i undersøkinga av den tekstuelle metafunksjonen ofte blir brukt for å sjå på korleis tekstbindinga fungerer, er vi her meir interesserte i innhaldet. Vi skal kalla denne undersøkinga av referansane til fenomenet Søviknes-saka og aktørane Søviknes og jenta, for kategorisering. Det er jo nettopp ei undersøking av korleis desse tre aspekta: saka, Søviknes og jenta blir kategoriserte, og kva for eit verkelegheitsbilete det er med på å danna. For å finna desse kategoriseringane, skal eg sjå på ordval og agens.

Ordval

Når vi snakkar, skriv eller uttrykker mening gjennom andre språklege ressursar, er det aldri berre informativt eller heilt nøytralt. Vi syner fram verdiane eller haldningane våre gjennom blant anna kva for nokre ord vi vel å nytta. Verb, substantiv, adjektiv og adverb kan vera positivt eller negativt ladde (Skovholt og Veum 2014: 55). Til dømes skal vi sjå i analysen at Søviknes-saka, som eg har teke eit val om å kalla det for i denne oppgåva (det kjem vi tilbake til i analysen), blir omtala på mange ulike måtar – blant anna som «sexskandalen i Frp» og «den fatale natten». Dette kan seia noko om avsendaren sine haldningar eller verdiar, og kontrastere

dei mot andre sine haldningar og verdiar. Gjeve at vi har eit sett felles forståingsrammer, at vi på sett og vis er del av same kulturkontekst.

Agens

I avsnittet over om kategorisering, blir omgrepene aktør nytta om Søviknes og jenta. Dei blir begge i omtala vi skal sjå på i analysen, framstilt som handlande og kan dimed kallast aktørar i det verkelegheitsbiletet som dannar seg av Søviknes-saka. Det er likevel skiftande kven av dei, om nokon, som blir framstilt som den handlande – både på og over setningsnivå. For å undersøka dette, kven som blir framstilt med *agens*, er det naudsynt å klarlegga kva vi meiner med agens.

Når vi ser etter det ein kan kalla eit tematisk agens, altså kva for ein aktør i ein tekst som i heilskap eller i delar av ein tekst blir framstilt som handlande, blir det brått meir komplisert. Semantisk agens hjelper oss på veg i analysen. Ofte er subjektet i setninga ein god indikator, men det er vel så viktig å bruka den kjennskapen ein har til konteksten rundt. Antropologen Nick Enfield definerer agens som «flexibility and accountability taken together». Av redsle for å mista noko av meinингa i omsetting til norsk, la oss først gje att definisjonen i sin heilskap:

«I use the term agency to mean flexibility and accountability taken together. Flexibility is the degree to which one can freely determine the elements of a course of behavior and its results, in multiple senses: the physical carrying out of the behavior, the planning and design of the behavior, the placing of the behavior in an appropriate context, the anticipation of likely effects of the behavior. Accountability is the extent to which one can expect or demand that other people will react to certain behavior in certain ways, e.g., by responding, asking for reasons, sanctioning, praising, blaming.» (Enfield 2013: 104).

Ifølge Enfield er altså agens *fleksibilitet* og *ansvarskjensle* knytt saman. *Fleksibilitet* handlar om i kva grad ein fritt kan fastslå elementa som er del av utviklinga av ein oppførsel og resultata. Det handlar om den fysiske gjennomføringa, planlegginga, designet og plasseringa i riktig kontekst, og i tillegg om ein kan forventa, anta og sannsynlege effektar av oppførselen. *Ansvarskjensle* inneber i kva grad ein kan forventa eller krevja at andre menneske reagerer på ein viss oppførsel på ein viss måte – til dømes gjennom å svara, gjennom å stilla spørsmål om kvifor, med sanksjonar, skryt eller skulding.

Kort sagt handlar det om fleksibilitet – i kva grad ein har kontroll over eigne handlingar, og ansvarskjensle – i kva grad ein kjenner ansvar for sine eigne handlingar.

2.7 Visuelle modalitetar

Ein viktig del av grunnlaget for analysen som skal presenterast her er altså at den ideasjonelle metafunksjonen, presentasjonar av verkelegheita, er ibuande i alle tekstar. Når vi dessutan har definert tekstar som multimodale, som i praksis tyder at vi her må sjå på korleis andre semiotiske ressursar enn berre den verbalspråklege verkar inn på meiningsskapinga i tekstene vi undersøker. Eg skal no difor presentere dei semiotiske ressursane som er sentrale i nyheitstekstane som finst i det utvalde materialet, og ikkje minst teorien og metoden som blir nytta for å undersøka desse i analysen.

Kress og van Leeuwen sin *Reading Images* (1996) er eit viktig bidrag når det gjeld lesing av visuelle modalitetar. Med utgangspunkt i Halliday sine metafunksjonar, teiknar dei opp ein visuell grammatikk og argumenterer for at biletet kan lesast på same måte som verbalspråk (1996).² Med andre ord meiner dei at det også ligg ein klar grammatikk til grunn for visuelle semiotiske ressursar, og at ein kan analysera biletet ut frå den. Kress og van Leeuwen si tilnærming til analyse av biletet har blitt kritisert. David Machin meiner at der vi treng grunnleggjande grammatikk for å skapa samanheng og dimed meinings i verbalspråket, er biletet derimot meir umiddelbare (2007). Han meiner den visuelle grammatikken til Kress og van Leeuwen er eit godt verktøy når ein skal skildra biletet og andre visuelle modalitetar, men at den grammatiske forståinga vår av biletet er sekundær til forståinga vår som er knytt til kjennskapen vi har til verda (Machin 2007:176). Med andre ord er det viktig at vi først og fremst les biletet og dei andre visuelle modalitetane til kontekst.

2.7.1 Denotasjon og konnotasjon

Ei nyttig skillelinje i analysen av visuelle modalitetar går mellom det denotative og det konnotative nivået. Omgrepene blei introduserte av Roland Barthes, som ønska å tydeleggjera skiljet mellom det nivået av analysen der ein ser på kva biletet faktisk syner, og nivået der ein undersøker kva som blir kommunisert i biletet utan å vera direkte avbildad (Barthes 1977: 17).

På det *denotative* nivået handlar biletanalyse om å skildra det og dei ein ser i biletet. Som Ledin og Machin skriv, handlar det på det denotative nivået ikkje om tolka biletet, men om å identifisera «the form of expression used, the meaning potentials chosen, for this particular instance of communication.» (2018 :48).

² I forordet til andreutgåva av *Reading Images* (1996, *2005, andre utgåve) gjev Kress og van Leeuwen uttrykk for at dette er ei feillesing av teorien deira.

Når ein har kartlagt (delar av) meiningspotensialet i den denotative eller skildrande delen av analysen, kan desse vidare nyttast til å seia noko om kva dei tyder. Dette er det *konnotative* nivået. Ein leiter då etter ideane, verdiane og diskursane som blir kommuniserte gjennom biletet. Det kan gjelda både det som blir kommunisert gjennom ein enkelt semiotisk ressurs i biletet, eller dei samla semiotiske ressursane biletet er sett saman av.

2.7.2 Biletbuk – pressefoto

I boka *Doing Visual Analysis – from theory to practice* framheld Ledin og Machin at sjølv om biletene ofte er ikon, er samtidig ‘actions’ eller handlingar i fotografi ofte framstilte gjennom indeksar (2018). Dei viser til Susan Sontag, som er oppteken av at fotografi fangar augeblikk og difor ikkje kan gje meir enn eit inntrykk eller ei kjensle av kva som skjer (1977), og til Barthes (1977), som meiner at fotografiet lurer oss med si tilsynelatande umiddelbarheit. Ledin og Machin meiner at tradisjonane og historia til fotojournalistikk gjer at vi ser på biletene i avisene som sanningsvitne. Bileta blir sette på som dokument på, eller gjengjeving av, verkelegheita. Rolla til bileta er å vera sanningsvitne (2018:41).

Når det gjeld analyse av fotojournalistikk, skriv Ledin og Machin at forskaren si rolle er å forstå kva for nokre semiotiske val som ligg bak det som tilsynelatande er eit ekte augeblikk fanga med kamera, og korleis dei formar og fargar korleis vi forstår hendingane som bileta presenterer: «The history and traditions of photojournalism have built up a sense here of the role of the photograph as bearing witness, and being a reliable document, or recording, of reality» (2018:42).

Verktøy for biletanalyse

Ledin og Machin (2018) har teke utgangspunkt i blant anna teori frå Barthes og Kress og van Leeuwen til å laga ei verktøykasse, ei samling nyttige omgrep og definisjonar av desse, som kan nyttast i biletanalyse. Dei trekker fram *objekt, fargar, setting/situasjon, deltakrarar, handlingar, indeksikalske koplingar* og *lesaren* (den som ser) sin posisjon som nyttige kategoriar (2018:49-61). Desse vil bli trekte inn og nyttta i analysen når dei er relevante.

2.7.3 Typografi

Ein annan visuell modalitet som er særskilt viktig når vi skal undersøka pressetekstar, er typografi. Det ligg mykje meiningskapring i å framheva visse avsnitt med større skriftstorleik eller å trykka ei overskrift over heile førstesida av ei avis, eller å la ei sak ta all plass øvst på sida til ei nettavis. Som Skovholt og Veum skriv, har «(...) typografien i dag blitt ein viktig meiningskapande ressurs som har eit sterkt meiningspotensial. I moderne avisar, og då særleg

i lauksalsavisene, fungerer store avisoverskrifter som uttrykk for at noko er viktig eller sensasjonelt, medan typografien på starten av 1900-talet ikkje hadde dette meiningspotensialet (Skovholt og Veum 2014: 31). Eit overordna spørsmål vil vera så enkelt som *kva tek stor plass med hjelp av typografi?*

2.8 Multimodal kritisk diskursanalyse

I det føregåande har vi sett på i kva for ei teoretisk ramme eg skal undersøka tekstane for å synleggjera verkelegheitsbileta som blir danna i dei. Dette vil bli konkretisert i større grad i starten av analysekapittelet. Før vi går dit, skal vi minna oss på kvifor vi skal leita etter verkelegheitsbilete i det heile tatt. Som nemnt før, er det for å kunna nytta funna til å kunna seia noko om kva for nokre diskursar omtalen av Søviknes-saka kan seiast å målbera, og i kva grad og korleis kva diskursar som er gjeldande, endrar seg med #metoo.

På eit overordna nivå er analysen altså ein diskursanalyse. Som definert i starten av kapittelet er *diskurs* i denne samanhengen forstått som ein tenke-, tale, handlings- og veremåte som er forankra både historisk og institusjonelt, og som fungerer som representasjonar av ulike syn og dimed ulike versjonar av verkelegheita. Ein diskursanalyse er følgeleg ei undersøking av kva for nokre historisk og institusjonelt forankra tenke-, tale-, handlings- og veremåtar som ligg til grunn for, i dette tilfellet, det som blir uttrykt i ein tekst.

2.8.1 Kulturkontekst

Den kulturelle konteksten eller «kulturen generelt med alle samhandlingsformer, institusjoner for samhandling, aktører, kunnskaper og ferdigheter som inngår i den» (Berge 1998: 25) er sjølv sagt for brei til å greia ut om i sin heilskap her. Ein må difor spørja seg kva for nokre aspekt ved det kulturelle og politiske Noreg anno 2001 som er relevant for å forstå vala avisene har teke i omtalen av Søviknes-saka. Eg har difor valt ut enkelte kategoriar som kastar lys over desse tekstane og korleis Søviknes-saka blir framstilt i dei. Desse kategoriene er media, politikk, synet på liknande saker og seksuell trakassering.

2.8.2 Kvifor?

I dette kapittelet har eg teke for meg språksynet som ligg til grunn for, og nokre av verktøy som ein kan bruka i, ei slik undersøking. I analysekapitla skal desse verktøyta nyttigjera. Før eg går dit, er det naturleg å spørja seg *kvifor* ein gjer diskursanalyse, og det skal eg ta for meg i det følgande. Eit biletet eg ofte har teke meg i å bruka for å forklara kva diskursanalyse skal vera godt for, er at det kan hjelpa oss å forstå kva vi har med oss i bagasjen når vi kommuniserer og

kva føringar som ligg der. Vi må lesa tekst i kontekst og, som Duranti og Goodwin understrekar, også hugsa på at teksten igjen verkar inn på konteksten:

«Instead of viewing context as a set of variables that statically surround trips of talk, context and talk are now argued to stand in a mutually reflexive relationship to each other, with talk, and the interpretive work it generates, shaping context as much as context shapes talk.» (1992:31) .

Det er altså ikkje slik at teksten berre lever i konteksten, han er også med på å forma han. Denne lesinga av *tekst i kontekst* er igjen knytt til overordna diskursar. Dimed kan det å analysera tekstu i kontekst vera ein god måte å finna desse overordna diskursane på.

Tekstanalyse er eit ufråvikeleg element i diskursanalyse, men ifølge Fairclough er det ikkje berre ein lingvistisk analyse av tekst. Etter hans syn er det å svinga mellom eit fokus på spesifikke tekstar og eit fokus på diskursorden. Diskursorden definerer Fairclough som «the relatively durable social structuring of language which is itself one element of relatively durable social structuring and networking.» (Fairclough 2003: 3). Difor må ein spørja seg kva for nokre sosiale strukturar er det denne teksten er ein del av eller spelar på, i ein kritisk diskursanalyse. Fairclough er oppteken av at sjølv om ein kan gjera diskursanalyse utan, er eit viktig element for han at det er *kritisk* diskursanalyse (CDA) som kan brukast til å undersøka og avsløra korleis problematiske samfunnsforhold eller -strukturar er dekte til gjennom språk og tekstar. Målet er å synleggjera korleis samfunn fungerer på måtar som både er fordelaktige og øydeleggande (2003: 203).

Denne oppgåva er ikkje ei forlenging eller ein direkte avleggar av Fairclough, som har vore oppteken av å kritisera nykapitalisme, men ein kritisk diskursanalyse likeså. I arbeidet med å lesa tekst med auge for diskursane som ligg til grunn for dei, ligg det ei anerkjening av at språkbruk er maktbruk. Gjennom kritisk diskursanalyse kan ein blant anna synleggjera kva som er samfunnet sitt *doxa* (Hågvar 2007: 52), altså kva som er underforstått og som samfunnet tek for gitt som sanning. Det handlar om å «synleggjere makta i teksten.» (Skovholt og Veum 2014: 36).

I dette kapittelet har eg til no greidd ut om teorien som utgjer grunnlaget for metoden eg har brukt for å gjennomføra analysen. Oppgåva og analysen av kva for nokre diskursar som eksisterer i Søviknes-saka i tre ulike tidsperiodar, er altså funderte i eit sosialsemiotisk språksyn, og vi leita dei ut av tekstane gjennom å sjå på verbalspråkelege modalitetar – korleis verkelegheita blir framstilt gjennom tema, kategorisering gjennom ord og agens, og visuelle modalitetar – korleis ho blir framstilt gjennom pressefoto og typografi. I det følgande skal eg bruka denne teorien til å presentera det metodiske grunnlaget og materialet som ligg til grunn for tekstanalysen.

2.9 Materiale og metode

I dette kapittelet presenterer eg materialet som ligg til grunn for korleis eg valde ut dei tekstane eller analyseobjekta som blir undersøkte i analysen. Eg tek for meg og drøftar kvifor eg har valt nettopp dei nyhetskjeldene, tidsperiodane og ikkje minst utvalet av enkelttekstar til analysen. Eg presenterer også metoden som ligg til grunn for analysen, basert på teorien som eg presenterte i førre kapittel.

Materialet i denne oppgåva er henta frå offentleg tilgjengelege aviser. Når eg nemner personar med namn, er det personar som har oppsøkt offentleg merksemd eller eventuelt akseptert posisjonar som fører med seg offentleg merksemd. Det sagt er denne saka på mange måtar likevel eit sensitivt forskingsobjekt som det er viktig å omtala på ein mest mogleg nøytral og redeleig måte. (De nasjonale forskningsetiske komiteene 2019).

Denne delen om materialet er dels ei utgreiing av kva som ligg i bakgrunnen for analysen, men også til dels ein del av analysen. Det blir presentert nokre tal som synleggjer kor stor merksemd saka fekk i media og kva for ein rytme denne merksemda hadde. Difor blir det også ei slags kvantitativ ramme for ein elles kvalitativ analyse.

2.9.1 Val av aviser: Bergens Tidende og Verdens gang

Materialet som ligg til grunn omfattar alle avistekstar som omhandlar Terje Søviknes i tre avgrensa tidsrom, frå den største riksavisa VG og den største regionsavisa i Bergensregionen, BT. Grunngjevinga mi for å velja desse to nyhetskjeldene er todelt. For det første var det naudsynt å snevra inn omfanget av materialet for å kunne gjera eit godt arbeid innanfor oppgåva sine rammer – tid og maksgrensa for teikn. Som ei følge av denne naudsynte avgrensinga, fall valet på å ta fatt på dei største avisene i høvesvis landet og regionen der saka fekk mest merksemd.

Å måla kva for ei avis som er størst, er vanskeleg. Det er eit spørsmål om kva ein måler og korleis ein gjer det. VG sine tal for digitale abonnentar er til dømes ikkje offentleggjorde («VG» i Store norske leksikon 2017). I det følgande presenterer eg lesartala for VG og BT i 2001 og i 2017. Dette er både for å belegga påstanden om at dei er størst i høvesvis landet og regionen, og ikkje minst for å syna utviklinga for korleis folk les aviser og kor mykje det har endra seg sidan 2001. Dette er relevant også for kulturkonteksten dei utvalde pressetekstane er ein del av.

Papiravis

I 2001 har nettavisene enno ikkje meir eller mindre teke over for papiravisa, så la oss byrja med å sjå på tala for opplag der. Opplagstala kjem frå Mediebedriftenes landsforening, og er henta frå Medienorge si nettside (Medienorge 2019-1). I 2001 er VG den største papiravisa i Noreg med eit opplag på i underkant av 400 000. BT er ikkje berre største papiravis i Bergensregionen, men den største regionsavisa i landet med eit opplag på over 90 000. I 2017 ser opplagstala heilt annleis ut. For det første har alle avisene eit mindre opplag: VG har eit opplag på i underkant av 80 000, BT eit på om lag 45 000. For det andre er ikkje VG lenger største papiravis, dei er no forbigått av Aftenposten. BT er framleis størst i Bergensregionen, men den Trondheimsbaserte Adresseavisa er den største regionsavisa (Medienorge 2019-1).

Nettavis

Når det gjeld nettutgåva av avisene, er endringa diametralt annleis. I 2001 er VG den største nettavisa med over 380 000 leserar, skal ein tru Kantar TNS si lesarundersøking Forbruker og Media. BT er ifølge same kjelda størst på nett i Bergensregionen med 32 000 leserar, og det skal nemnast at konkurrenten BA er nesten like store med 31 000 leserar (Medienorge 2019-2). Den same lesarundersøkinga syner at VG 16 år seinare har tett opp mot to millionar leserar. Det er altså ein oppgang på over halvannan million leserar på nett frå 2001 til 2017. BT har også vakse mykje. Dei har i 2017 over 170 000 leserar på nett. Kor mange leserar konkurrenten BA har på nett på dette tidspunktet, veit eg ikkje, men dei er i alle fall ikkje store nok til å kome med på topp ti-lista. Den tiande største nettavisa i 2017 har 117 000 leserar. (Medienorge 2019-2).

Laussals- og abonnementsaviser

Om ein legg tal på leserar til grunn, er altså VG og BT størst i si klasse på papir i 2001 og på nett i 2017. I 2001 er papiravisene framleis størst, i 2017 har nettavisene overteke ein stor del av lesartala. Eit anna moment som gjer det interessant å ha med desse to avisene, er at VG tradisjonelt sett er ei laussalsavis og BT derimot ei abonnentsavis. Der VG då papiravisa var viktigast måtte selja ho kvar dag til forbipasserande, vil det ha hatt stor innverknad på kva dei valde å trykka på forsida. BT sine leserar var i alle fall i stor grad abonnentar som hadde gjort eit langsiktig val om å få avisar levert heim på døra, og salstala endra seg dimed ikkje over natta om ikkje forsida var like fengande kvar dag (Hågvar 2007: 47).

Dimed meiner eg at å nytta desse to avisene tek vare på eit visst mangfald, sjølv om materialet er snevra inn til to nyheteskjelder: den eine nasjonal, den andre regional. Den eine er i

utgangspunktet laga for laussal, den andre for abonnement. Begge er store, sjølv om VG per 2017 har eit mindre samanlagt opplag enn Aftenposten (Store norske leksikon 2017). Aftenposten er i likskap med BT tradisjonelt ei abonnementsavis, og å velja ho over VG ville difor kanskje gitt eit smalare innblikk i mangfaldet i omtalen av Søviknes-saka i særleg 2001. Alle dei tre avisene er eigde av mediekonsernet Schibsted, men i tillegg har Aftenposten og BT sidan 2015 hatt eit tett kommersielt samarbeid (Slettholm i Aftenposten 2015).

Dei har også tidvis noko redaksjonelt samarbeid, til dømes publiserte dei eit av analyseobjekta vi skal sjå på frå 2018, intervjuet *Å være den jenten* (Røren i BT 2018:10) same dag. Dimed enda eg altså opp med å undersøka omtala i BT, «Vestlandets viktigste dagsavis, og den største avisen utenfor Oslo.» ifølge Store norske leksikon (Pettersen 2019), og omtala i VG, som fram til 2010 var den største avisa i landet og no framleis den største nettavisa («VG» i Store norske leksikon 2017).

2.9.2 Innhenting av materiale

Eg fann materialet gjennom å gjera søk i Retriever sin database Atekst Mediarkiv, som er Noregs mest omfattande mediarkiv (Retriever, ukjent år). Eg brukte søkeordet «Søviknes» og avgrensa til tre tidsperiodar. Eg nytta kjeldene BT og VG på papir og nett. I tillegg gjorde eg dei same avgrensa søka på «alle nyhetsskjelder» som finst i Atekst – inkludert BT og VG. Dette blei gjort både for å sjå kor omfattande omtala i media var i sin heilskap, men også for å undersøka at ikkje rytmen i dei to utvalde avisene var særslig annleis enn i resten av media.

2.9.3 Val av tidsperiodar

Dei tre periodane eg har valt er året 2001 og Terje Søviknes sin første ministerperiode i 2016-17. Denne ministerperioden har eg igjen delt i to, i før og etter #metoo blei eit omgrep i norske nyheitsmedium i november 2017. Eg skal no skildra desse tre periodane og kvifor eg valde dei.

Oktober 2000 til desember 2001: Når saka blir kjend og etterspelet

Den første tidsperioden eg har henta inn materiale frå, strekker seg frå oktober i 2000 til desember i 2001. I denne tabellen kan ein sjå det totale talet på oppslag som hadde eigenamnet «Søviknes» i seg i alle nyheteskjelder inkludert BT og VG, men også i BT og VG isolert.

	Totalt	Papir	Nett
Alle nyheteskjelder	2350	1313	1037
BT	553	425	128
VG	172	132	40

Tabell 1. Totalt oppslag 1.10.2000-31.12.2001. Kjelde: atekst, retriever. Søk: «Søviknes» i kjelder: Alle nyheteskjelder, BT og VG på nett og papir.

Som ein kan lese meir om i bakgrunnskapittelet, blei ikkje Søviknes-saka eit tema i media før i januar 2001. Når eg har valt å ta med dekning av Søviknes heilt tilbake til oktober, er det av to grunnar. For det første var det nyttig for ei betre forståing av kultur- og situasjonskonteksten saka blei ei mediesak i. For det andre seier det noko om kor stort fokus det var på denne saka, og kor fort det gjekk over. Som ein kan sjå i tabellen er det i oktober 2000 i norske aviser og andre skriftlege nyheteskjelder 73 oppslag som inneheld eigenamnet «Søviknes», i februar 2001 er det over 1200 og i april 2001 79. Denne bølga er tilsvarende i BT og VG.

	Alle nyheteskjelder	BT	VG
Oktober 2000	73	30	6
November 2000	114	46	8
Desember 2000	49	16	5
Januar 2001	243	74	16
Februar 2001	1 248	195	90
Mars 2001	224	38	27
April 2001	79	29	2
Mai 2001	28	12	1
Juni 2001	22	14	4
Juli 2001	26	13	2
August 2001	18	10	2
September 2001	39	10	2
Oktober 2001	59	18	0
November 2001	78	27	5
Desember 2001	51	21	2

Tabell 2: Oppslag totalt, og i BT og VG særskilt, fordelt på månader. Kjelde: atekst, retriever. Søk: «Søviknes» i BT og VG på nett og papir.

18.12.2016 til 30.9.2017 Minister før #metoo

Den andre tidsperioden er frå 18. desember 2016 til 30. september 2018, og er perioden frå Terje Søviknes blir utnemnd som olje- og energiminister for første gong og til rett før #metoo blir eit omgrep og eit tema.

	Totalt	Papir	Nett
Alle norske nyhetstjelder	5239	1879	3360
BT	196	104	92
VG	84	44	40

Tabell 3: Totalt oppslag 18.12.2016-30.9.2017. Kjelde: atekst, retriever. Søk: «Søviknes» i kjelder: Alle nyhetstjelder/ BT og VG (minus VG Nyhetsdøgnet) på nett og papir.

Til saman er det 294 treff i dei to avisene, 196 i BT og 84 i VG. På denne tida er nettavisene blitt så store at det var eit stort overlapp på nett og papir. Eg har ikkje teke med ein tabell over tal på saker per månad her, det held å nemna at dei er jamt fordelt. Elles er det mange av oppslaga i denne perioden som ikkje omhandlar Søviknes-saka, men Søviknes som minister. Til dømes er det mange saker i starten av ministerperioden som tek for seg eit vedtak Arbeiderpartiet har gjort om å konsekvensutgreia eit område i Lofoten for oljeboring. Mange av desse og andre saker omtaler ikkje Søviknes i stor grad og berre eit fåtal av heilskapen nemner Søviknes-saka. Eg har likevel vald å ikkje utelukka treff på Søviknes og Lofoten eller andre nyheitssaker som tek stor plass. Grunnen til det er både for å ikkje gå glipp av noko, og fordi det også kastar lys over korleis saka blir sett 15 år seinare – dette kjem vi tilbake til i analysekapittelet.

1.10.2017 til 31.12.2018 Minister og #metoo

Den siste tidsperioden er frå 1. oktober 2017 til 31. desember 2018, og kjem direkte i forlenginga av den andre tidsperioden. Eg valde å dela opp i to periodar fordi #metoo blir eit omgrep i norsk media omtrent på denne tida. Som ein kan sjå av tabellen, er det ikkje fleire oppslag som inneheld «Søviknes» i denne tidsperioden, men forskjellen er at fleire av dei no handlar om Søviknes-saka. Mange er til dømes saker om andre hendingar som er knytte til #metoo, og så blir Søviknes-saka referert til.

	Totalt	Papir	Nett
Alle norske nyhetstjelder (minus TV/radio)	6432	2231	4201
BT	181	99	82
VG	127	50	77

Tabell 4: Totalt oppslag 1.10.2017 til 31.12.2018 Kjelde: atekst, retriever. Søk: «Søviknes» i kjelder: Alle nyhetstjelder/ BT og VG (minus VG Nyhetsdøgnet) på nett og papir.

Det er også verdt å ta ein kikk på korleis oppslaga fordeler seg per månad i denne perioden. Som tabellen under syner, er det i norske nyhetstjelde samla flest oppslag i mars 2018, i samband med at jenta for første gong sidan 2001 gir eit intervju. I tillegg er det ganske mange oppslag i august 2018. Det kan knytast til at Søviknes då går av som minister.

	Alle nyhetstjelde
Oktober 2017	489
November 2017	659
Desember 2017	609
Januar 2018	784
Februar 2018	418
Mars 2018	807
April 2018	573
Mai 2018	464
Juni 2018	528
Juli 2018	154
August 2018	763
September 2018	265

Tabell 5: Oppslag totalt fordelt på månader. Kjelde: atekst, retriever. Søk: «Søviknes» i alle norske kjelder.

2.9.4 Val av analyseobjekt

Etter å ha lese alle tekstane innhenta som materiale, sorterte eg først ut dei heilt irrelevante. Til dømes var det nokre dødsannonser for folk som tilfeldigvis hadde eigenamnet Søviknes. Etter å ha gjort det, noterte eg meg kva for eit makrotema eg oppfatta at kvar enkelt tekst som omhandla Søviknes-saka på eitt eller anna vis hadde. Denne innsikta nytta eg til å snevra inn ytterlegare – for å kvalifisera til analyseobjekt måtte teksten tematisera Søviknes-saka på ein måte som også var å finna i andre tekstar. (Sjå vedlegg 1 for eit eksempel). I tillegg bestemte eg at berre det ein kan kalla for redaksjonelle tekstar kom med, altså tekstar som er forfatta av ein eller fleire journalistar som jobbar i avis sin redaksjon. Slik blei til dømes lesarinnlegg utelukka. Dette gjorde eg litt for å snevra ytterlegare inn, men også for å kunna møta problemstillinga. Dei til saman 19 tekstane som fungerer som analyseobjekt i analysen er alle henta frå dette utvalet.

2.10 Metode

I analysen skal problemstillinga *endrar #metoo kva for diskursar som er gjeldande i dekninga av Søviknes-saka?* undersøkast. Dette er eit stort spørsmål, og som det allereie har blitt greia ut om i kapittelet om materiale, er problemstillinga snevra inn gjennom at vi tek for oss dekninga i to aviser – gjennom nærlesing av eit utval representative tekstar, VG og BT, i tre periodar. I det følgande vil først analysen av materialet frå 2001 bli presentert, så analysen av materialet frå Søviknes sin periode som olje- og energiminister høvesvis før og etter #metoo. Eg har brote ned problemstillinga i tre delar, ein for kvart kapittel.

Kva diskursar er gjeldande i omtalen av Søviknes-saka i BT og VG i ...

- 1) ... år 2001?
- 2) ... frå Søviknes blir minister i desember 2016, til #metoo oppstår i oktober 2017?
- 3) ... Søviknes sin første ministerperiode etter #metoo?

Eg har leita meg fram til desse diskursane gjennom å undersøka kva for nokre verkelegheitsbilete som går att i materialet. I tabellen under har eg laga ei oppsummering av framgangsmåten denne undersøkinga er basert på. Ho vil bli nytta i alle dei tre delkapitla:

	Oppbygging av analysen i delar	Relevante spørsmål
1.	Kontekst	Kva må vi vite om omstenda for å forstå teksten?
1.1	Kulturkontekst	Kva for nokre sosiokulturelle omstende er det?
1.2	Situasjonskontekst	Kva for ein situasjon blei teksten til i?
2.	Den verbalspråklege modalitetten	
2.1	Tema	Korleis blir saka tematisert? Eventuelt kva blir tematisert i same tekst som saka? Kva er makrotema i teksten? Kva er mikrotema i teksten?
2.2.	Kategorisering	Korleis blir jenta, Søviknes og saka skildra? Kva ord blir brukt og kven blir framstilt som handlande?
2.2.1	Ordval	Kva ord blir brukt når det blir referert til Søviknes, jenta, saka? Korleis blir desse aspekta skildra gjennom ordval?
2.2.2	Agens	Kven blir framstilt som handlande? Fleksibilitet: Kven blir framstilt som å ha kontroll over eigne handlingar?

		Ansvarskjensle: Kven blir framstilt som om dei har ansvarskjensle for eigne handlingar?
3.	Visuelle modalitetar	
3.1.	Bilete - pressefoto	Kva er og korleis blir biletet påverka av kva som er - objektet? – fargebruken? – situasjonen? – deltagarar i biletet? – handlingar i biletet? - indeksikalske koplingar? - lesaren sin posisjon?
3.2	Typografi	Kva blir framheva og kva blir tona ned med hjelp av typografi?
4.& 5.	Verkelegheitsbilete & diskurs	Kva for eit verkelegheitsbilete dannar funna gjort basert på punkt 1 til 3? Kva for nokre diskursar kan ein spore i tekstan basert på punkt 4?

Tabell 6: Framstilling av metode

Eg skal altså undersøka dei enkelte periodane med tilhøyrande spørsmål gjennom å sjå på den kulturelle, situasjonelle og tekstuell konteksten analysematerialet inngår i. Etter den kontekstuelle delen, går analysen nærmare inn i tekstan. Ordvala dei to avisene har gjort i dekninga av saka vil bli presentert, med vekt på korleis jenta, Søviknes og saka blir kategorisert, om orda som blir brukte er positivt eller negativt ladde og kven som blir framstilt som handlande. I tillegg skal vi sjå på kva for nokre visuelle val BT og VG har gjort når dei dekte saka – kva for nokre typografiske val har dei gjort og kva for nokre val har dei gjort rundt biletbruken i desse sakene. Dette også for å sjå på korleis jenta, Søviknes og saka blir kategorisert.

3 Omtalen av Søviknes-saka i 2001

I denne delen av analysen skal eg presentera funna frå tidsperioden som strekk seg frå oktober 2000 og fram til slutten av 2001. Dette tidsrommet er valt ut for å sjå på korleis Søviknes-saka blir omtalt i samtid si. Eg vil først presentera konteksten, etterfulgt av dei vala dei to avisene har gjort gjennom verbalspråklege og visuelle semiotiske ressursar. Dette blir gjort for å undersøka kva for nokre verkelegheitsbilete om Søviknes-saka som blir anten skapt eller reproduserd gjennom omtala i dei to avisene VG og BT. Eg tek utgangspunkt i delproblemstillinga *kva for diskursar er gjeldande i omtalen av Søviknes-saka i BT og VG i 2001?*

Hovudfunnet er at det blir skapt verkelegheitsbilete om at kjernen i Søviknes-saka er utruskap og makkamp. I tillegg blir jenta framstilt som eit uverdig offer. Desse verkelegheitsbileta står i strid med eit anna, som teiknar opp ei sak som handlar om maktmisbruk. Gjennom desse funna av korleis verkelegheitsbileta blir konstruert og kva dei inneber, meiner eg å kunna peika på fire diskursar: Ein privatlivs- eller utruskapsdiskurs, ein politisk makkampdiskurs og ein juridisk uverdig offer-diskurs. Den fjerde og siste diskursen eg meiner å finna er maktmisbruksdiskursen.

Funna i dette kapittelet er basert på analyse av åtte tekstar, tre frå Bergens Tidende og fem frå VG. Som eg har greidd ut om i kapittelet om materialet, ligg det eit omfattande materiale og arbeid bak val av tekstar. Tekstane som vil bli presentert her, er valt ut fordi dei utifrå tema og vinkling fungerer som representantar for materialet som heilskap. Dei er også valde fordi dei er nyttige når vi skal svara på kva for nokre diskursar som eksisterer om Søviknes-saka i 2001. Alle dei åtte tekstane er sakprosatekstar, meir konkret funksjonelle pressetekstar der vi forstår forfattarfunksjonen som den kollektive avisredaksjonen og som adressaten kan forventa at har ei sannferdig omgang med verkelegheita.

I det følgjande skal eg presentera vegen fram mot funnet av desse fire diskursane og korleis dei står i forhold til kvarandre. Vi skal sjå på kva for nokre verkelegheitsbilete som blir danna i tekstane.

3.1 Kontekst

Tekstar oppstår ikkje i eit vakuum. Erkjenninga av at den sosiale praksisen vår verka inn på språket og på tekstane vi menneske produserer, tyder på at det er naudsynt å ha ein viss kjennskap til konteksten for å kunne forstå ein gitt tekst (Berge 1998: 25). Difor skal eg i det følgjande sjå nærare på den kulturelle og den situasjonsbestemte konteksten teksten inngår i.

3.1.1 Media

Når det gjeld media, avslører Hågvar (2007) ein del om korleis mediekulturen var i 2001. I følge han har pressetekstar høg kulturell status. Avisartiklar er blant dei tekstane som blir mest lesne, sjølv om nettavisa tek over fleire og fleire lesarar frå papiravisene. (Hågvar 2007: 30). Han skriv at vi må ha i mente at avisas, og særleg lokalavisa, står sterkt i Noreg. I 2001 er nok skildringa av avisas som eit sterkt medium som mange les, endå noko sannare enn i 2007. Dette er også reflektert i lesartala til VG og BT som eg har presentert i materiale- og metodekapittelet. Dette kan seiast å vera relevant her fordi det fortel oss at tekstane er skrivne for å bli lesne av mange menneske, og ein kan difor anta at avisas ønsker å presentera eit innhald i sine tekstar som famnar breitt og ikkje dyttar frå seg nokon. (Harcup & O'Neill 2017, Hågvar 2007).

Synet på liknande saker

Når det gjeld synet på liknande saker som kunne settast opp for fullstendig samanlikning, ville det vore naudsynt å ta ein grad i sosiologi eller å gjera eit mykje meir omfattande tekstanalysearbeid enn det denne oppgåva ramma. For å bøta på dette, har eg valt å ta utgangspunkt i Christie (1986) sin anerkjente teori om «det ideelle offeret». Med det ideelle offeret meiner han ein person eller ei gruppe av individ som, om dei blir råka av kriminalitet, med ein gong blir gjeve fullstendig og legitim status som eit offer (Christie 1986: 18). Han skriv vidare at for han er desse ideelle offera omrent som typar i eit eventyr å rekne: ein helt, ein svikar, eit offer. Han meiner at det norske, ideelle offeret er 1) svakt, 2) held på med noko respektafelt og 3) var ein stad *ho* ikkje kan klandrast for å ha vore, 4) møtte ein lovbrytar som var stor og skummel og 5) det er ingen relasjon mellom offeret og lovbrytaren frå før av. Han nyttar ei gammal dame som på veg heim frå å ha besøkt ein sjuk slekting som eksempel. Ho blir fråteke veska si av ein stor, framand mann. Han stel pengane hennar og kjøper seg alkohol eller narkotika. (Christie 1986: 18-19).

Definisjonen og kriteria blir ikkje framstilt som endelige eller statiske av Christie. Han skriv om korleis kvinne-blir-valdteken-av-mannen-ho-er-gift-med i lang tid blei definert som «husbråk», og så har fått status som ein alvorleg kriminell handling i fleire dommar. Offeret i desse sakane er framleis langt frå ideelt, skriv Christie, men er nærmare ideelt enn før. Utviklinga følger utviklinga i likestillinga mellom kvinner og menn, ikkje ei utvikling i menn sin moral. Christie legg dimed til eit siste kriterium: 6) Du må vera sterk nok til å fremma saka di og oppnå status som eit ideelt offer. Eventuelt må du ikkje stå imot så sterke motkrefter at du ikkje blir høyrd. (Christie 1986: 20-21).

Jenta i Søviknes-saka kan etter desse kriteria ikkje kallast for eit ideelt offer. Saka blir også lagt vekk som «intet straffbart forhold bevist», og dimed er ho heller ikkje eit offer i følge lova. (Elden 2017). Vi skal sjå nærmare på i kva grad og korleis ho blir framstilt som offer i dei enkelte tekstane etterkvart, men om vi no først held oss til det vi veit om *kulturkonteksten* isolert, finst det visse teikn på at saka ville blitt oppfatta annleis no enn då. Saka blir henlagt som ‘intet straffbart forhold’, noko som inneber at det ikkje var bevist sannsynleg bruk av vald og dessutan at jenta ikkje var så full at ho ikkje kunne setja seg i motverge. (Straffeloven 2005). I etterkant har det i Straffelova blitt tilført ein paragraf § 295. *Misbruk av overmaktsforhold og lignende*. I den heiter det at ein kan bli straffa med fengsel i inntil 6 år for å misbruка stilling eller tillitsforhold til å skaffa seg seksuell omgang, og/eller om ein utnyttar nokon under 18 i ein særleg sårbar livssituasjon med same formål. (Straffeloven 2005).

Om denne endringa i lovverket som trådde i kraft i 2009 ville ha endra utfallet av Søviknes-saka kan ein aldri vita. Det ein kan anta, er at lovverk også kan skapa normer. Med andre ord kan kva som er forbode og korleis lovverk er formulert påverka korleis vi tenkjer om ei handling, sjølv om det i mange tilfelle ville vore vanskeleg å bevisa eller straffa handlinga. Dimed kan ein tru at om lovverket hadde i seg paragrafen 295, ville det moglegvis ha gjort noko med korleis saka og jenta blei oppfatta.

Politikk

Rundt tusenårsskiftet er det fleire store endringar i norsk politikk. I 2000 går regjeringa, som Kristeleg folkeparti, Senterpartiet og Venstre danna i 1997, og statsminister Kjell Magne Bondevik av. Dei går etter å ha fått stortingsfleirtalet mot seg i ei sak om utbygging av gasskraftverk og forureiningslova blir svekka. Arbeiderpartiet dannar regjering, Jens Stoltenberg blir statsminister for fyrste gong. Men allereie i september 2001 er det nytt stortingsval. Kjell Magne Bondevik blir igjen statsminister, no i ei regjering som er sett saman

av Høgre, Kristeleg folkeparti og Venstre. Dei har ikkje fleirtal åleine, og i Stortinget søker dei støtte frå Framstegspartiet som er inne med 26 mandat.

Når Søviknes-saka blir offentleg kjent i februar i 2001, er oppkøyringa til dette stortingsvalet på hausten same år i full sving. I alle parti skal dei nominera sine kandidatar til fylkeslistene. I Hordaland fylke er eksempelvis Søviknes nominert på topp av Framstegspartiet si liste. Sånn valsystemet vårt var og er innretta, er det i partia eller andre grupper som stiller liste at kampane om kven som skal stå på liste og dimed ha moglegheit om å bli stortingsrepresentant, står. (Regjeringa 2017).

Framstegspartiet

Framstegspartiet (FrP) blir stifta i 1974 av Anders Lange og som Anders Langes parti til sterk nedsettelse av skatter, avgifter og offentlige inngrep (ALP). Partiet, Framstegspartiet frå 1977, hadde ustabil oppslutning dei første åra. Men med 10,4 prosent oppslutning i kommunevalet og 12,3 prosent oppslutning i fylkesvalet i 1987 fekk dei sitt gjennombrot. I 1978 blir Carl I. Hagen partileiar, ein posisjon han held i 28 år til og med 2006. I 1994 er det ein stor fløy liberale partimedlemer som melder seg ut av partiet, og Framstegspartiet tek ei høgropulistisk vending (Ravik Jupskås & Garvik 2020). I dag er FrP eit etablert parti som attpåtil nyleg satt i regjering i seks år. Når kalenderen syner 2001 er det ingen som ser ut til å tru at FrP skal i regjering med det første. I skildringa av FrP på 2000-talet skriv Ravik Jupskås & Garvik (2020) blant anna at partiet lenge sleit «med å bli akseptert som potensiell regjeringspartner av de andre partiene. Ingen partier har vært så uønsket i regjering som FrP blant velgerne – ikke bare på venstresiden, men også blant velgerne i Venstre og KrF.»

Det er også ein kjent sak at den norske journaliststanden i forsvinnande liten grad stemmer på FrP. I 2005, altså fire år etter dette, er det berre 3% av norske journalistar som svarer i Medieundersøkelsen at dei ville ha stemt på FrP. (Michalsen i Medier24 2018). Med andre ord er det rimeleg å anta at journalistane er farga av sine politiske standpunkt. Samtidig veit vi at pressetekstar tek mål av seg om å vera opne og eksplisitte. Skrivinga om Søviknes-saka, samt tilkopla og fråkopla konfliktar i partiet i 2001, kan sikkert vera styrt av nyheitskriteriet Harcup & O'Neill kallar for *nyheitsredaksjonen sin agenda*, som blant anna kan vera tufta på ideologiske synspunkt. Samtidig er det mange andre omsyn ein nyheitsredaksjon skal ta, og blant andre konflikt, maktelita, relevans og kjendisar er kriterium som ser ut til å vera i spel i dekninga av Søviknes-saka. (2017: 1482).

Terje Søviknes som offentleg person i 2001

Det er også viktig å vita at Terje Søviknes er ein profilert politikar og ein del av norsk offentlegheit og mediebilete før saka kjem opp i media. Han blir valt som nestleiar i tospann med Siv Jensen, i Carl I. Hagen sitt FrP i mai 1999. Han blir ordførar i Os kommune etter kommunevalet same hausten. Han er ein av dei første Frp-ordførarane nokosinne. Han er ambisiøs og har stor endringslyst. I media får han merksemd blant anna fordi han vil privatisera mange tenester i kommunen, og for ønske om å laga eit «innvandrarrekneskap». (Røiseland 2000.).

Han er også interessant for media i kraft av nestleiarvervet. På starten av 2000-talet er Framstegspartiet på ny prega av interne stridrar. Ravik Jupskås og Garvik kallar det «uforsonlige personkonflikter» (2020). Personkonfliktane er knytt til at partileiar Hagen ville få ut dei mest synlege populistane i partiet. Konflikten resulterer i at han som var nestleiar før Søviknes, Vidar Kleppe, og ein rekke andre tillitsvalde går ut av partiet. (Ravik Jupskås og Garvik 2020). Som nestleiar og mogleg stortingskandidat var Søviknes også involvert i desse stridighetene, og BT skriv mykje om dei interne stridane i Hordaland. Den er også dels overlappande med omtalen av Søviknes-saka, då det som i BT blir kalla blant anna «rykteflommen» mot Søviknes for at han skal sei frå seg topp-plasseringa på nominasjonslista til stortingsvalet inngår i konflikten (Sjå til dømes Røiseland i BT 2001:3).

Ovanfor presenterte eg den kulturelle konteksten som tekstane vi skal analysera, blei til i. presentert. Vi veit difor meir om dei sosiokulturelle omstenda som ligg til grunn for kva for nokre diskursar som kan eksistere. Kort sagt er det viktig å ha i mente at FrP på dette tidspunktet ikkje er eit like etablert parti som i dag. Papiravisene har enno ikkje opplevd store omveltingar med annonseinntektstap og omlegging til nett. Dei er vanlegare som medium for folk når dei les nyheiter enn nettavisene, som så vidt har sett dagens lys, og Facebook, som ikkje ein gong eksisterer.

3.1.2 Situasjonskontekst: Felt, relasjon og mediering

Eg skal no gå litt tettare på tekstane, og undersøka kva for nokre situasjonar dei oppstår i. Vi nyttar Halliday si oppdeling av situasjonskonteksten i *felt, relasjon og mediering*. (Berge 1998: 25-26). Når feltet blir undersøkt, er det den sosiale praksisen, nærmare bestemt sjangeren tekstane oppstår i, som er i fokus. *Relasjonen* mellom dei ulike aktørane – tekstsakpar og adressat - er også viktig for å forstå situasjonen. Den siste dimensjonen er *mediering*, som

handlar om kva for eit språk og formidlingskanal teksten blir mediert gjennom (Berge 1998: 25-26).

Når det gjeld *feltet*, kan alle tekstane vi skal sjå på, plasserast innanfor paraplysjangeren *pressetekster*. Dei har avisa eller ein journalist som høyrer til avisa, som avsendar. Kvar enkelt tekst kan også seiast å inngå i meir spesifikke undersjangrar, her finn vi intervju, nyheitsartikkel og reportasje. Desse sjangrane har eg identifisert gjennom å ta i bruk kjennskapen eg har til korleis slike tekstar vanlegvis er bygd opp. Med utgangspunkt i Fairclough sin definisjon av sjanger som ein type språkbruk som er assosiert med ein særskilt sosial aktivitet (Ledin & Berge 2001: 13), er det viktige i denne samanhengen er at tekstane når opp til dei forventningane eg som les har til kva ein nyheitsartikkel, intervju eller ein reportasje skal vera. Tekstskaparane her har klart å bruka det språket adressaten forventar å møta innanfor desse sjangrane. Det ligg ein viss makt i å meistra sjangerskriving. Når vi les sakprosatekstar har vi ei forventning om at desse skal vera direkte ytringar om verkelegheita (Tønnesson 2008: 34). Når vi les pressetekstar, kan vi i tillegg gå ut frå at tekstskaparen ikkje med overlegg prøver å skjula bodskapen sin, sidan det er eit ideal å vera eksplisitt og open (Hågvar 2007: 15). Om ein skal forstå kva som fargar avisa si framstilling av verkelegheita og kva diskursar som ligg bak, er det dimed naudsynt å lesa mellom linjene.

Sjangerforventningane seier også noko om *relasjonen* mellom tekstskapar og adressat. Tekstskaparen vil, særleg i pressetekstar som omhandlar rykte, personkonfliktar og «kven som har sagt kva til kven og korleis», sitte på meir informasjon om forholda enn adressaten. Dessutan er avisa i 2001 langt på veg ei einvegs kommunikasjonsåre. Det er ingen beinveges måte å svara på. Om ein skriv lesarinnlegg, ein av sjangrane som er utelukka her, tek det fleire dagar før det kjem på trykk. Det er *om* det kjem på trykk, noko avisredaksjonen avgjer. Både ulikheita i kor mykje informasjon tekstskapar og adressat har om forholda og mangelen på tovegskommunikasjon, gjer at forholdet mellom tekstskapar og adressat kan kallast asymmetrisk.

Korleis tekstane er *mediert* har vi vore innom både i skildringa av feltet og relasjonen. Alle tekstane her blei trykka i papirutgåva av avisa, nokre også på nett omtrent samtidig som dei blei publisert i avisa. Som vi veit av kapitelet om materiale, er BT og VG i 2001 dei største avisene i sin klasse. Det er difor ein moglegheit for at det er mange som les det som står skrive der. Ein annan konsekvens av at formidlingskanalen er aviser, er *at* saka blir skrive om, og korleis saka blir framstilt kan vera prega av nyheitskriterier (Harcup & O'Neill 2017: 1482). Som eg var

innom i analysen av kulturkontekst, er Søviknes-saka i aller minste fall eit tema som har i seg kriteria *konflikt* og *drama*. Dessutan omhandlar den personar som kan seiast å høyra til *makteliten*, som kan kallast *kjendisar* og som har *relevans* for adressatane. Søviknes og andre som er involverte i større eller mindre grad, kan seiast å oppfylla desse kriteria for å bli omtalt. Det gjeld ikkje alle som er omtalt i samband med saka. Jenta er ikkje kjendis, tilhøyrar ikkje ein maktelite eller er ei som før i denne samanhengen har vore kjent for den gjengse avislesar.

Frå situasjonskontekstanalysa tek eg dimed med meg vidare at fordi pressetekstar tek mål av seg om å vera opne og eksplisitte, må ein leita etter det ubevisste som ligg mellom linjene. I tillegg er relasjonen mellom tekstsakpar og adressat asymmetrisk, og det at Søviknes er ein person som gir avisene utslag på fleire av nyheitskriterieboksane sine spelar ei rolle.

3.2 Verbalspråklege modalitetar

I undersøkinga av dei verbalspråklege modalitetane har eg analysert tema og kategorisering, sistnemnde gjennom å sjå på korleis aspekta jenta, Søviknes og saka blir skildra og dimed kategorisert gjennom val av ord og agens.

3.2.1 Tema

Eg skal først ta for meg kva som blir tematisert i tekstane – på overordna og underordna nivå, eller mikro- og makronivå. Mikro- og makrotema er ganske enkelt eit skilje mellom det meir overordna og dei meir underordna tema i ein tekst (Hellspong & Ledin 1997: 118). Tema kan vera synleggjort anten heilt eksplisitt gjennom til dømes overskrifter, eller meir implisitt – ofte ved at det er underforstått i teksten. (Skovholt & Veum: 52). I desse tekstane er tema stort sett eksplisitt, men ikkje alltid.

Mikro- og makronivå er nyttige omgrep her for å skilja mellom dei tekstane som handlar om Søviknes-saka, og dei som berre tek den opp som eit sidespor og i samband med noko anna. Som eg har greia ut om i kapittelet om materiale og metode, brukte eg «Søviknes» som søkeord då eg henta ut materialet som desse tekstane igjen er henta frå. Difor er han nødvendigvis tematisert til ein viss grad i alle tekstane. Dette, at Søviknes til ein viss grad er tematisert i alle tekstane, er til forveksling likt hovudfunnet når det gjeld korleis saka blir tematisert i denne delen av saka: nemleg at *korleis* Søviknes *har det*, ofte er tematisert. Dette kan ein sjå i tabellen under, som er ei oversikt over dei tekstane som skal analyserast, og kva dei tematiserer på makronivå:

Nr.	Avis	Publ.dat	Tittel	Makrotema
1.	VG	13.2.2001	- Tok det tungt (Moen m.fl. i VG 2001: 6)	Korleis har ektefellen til Søviknes reagert
2.	VG	14.2.2001	Gikk i forbønn (Haugsbø m.fl. i VG 2001: 12)	Kva meiner folk på Os om Søviknes og saka
3.	BT	15.2.2001	Søviknes skulle blottstilles (Pedersen m.fl i BT 2001: 2)	Maktkamp i Frp/ ønske om å sverta Søviknes som årsak
4.	BT	16.2.2001	Festet videre etter sexmøtet (Røiseland i BT 2001:3)	Korleis oppførte jenta seg landsmøtehelga
Q	VG	16.2.2001	Innrømmer maktmisbruk (Lura m.fl. i VG 2001: 8-9)	Søviknes innrømmer maktmisbruk + korleis oppførte jenta seg
6.	VG	13.3.2001	- Jeg var driftings (Mikalsen m. fl. i VG 2001: 8)	Korleis oppførte jenta seg

7.	VG	12.7.2001	Lei seg over revyhumor (Vikøyr i VG 2001: 22)	Korleis har ektefellen til Søviknes og Søviknes det etter revy
8.	BT	28.12.2001	Ser lys etter annus horribilis (Røiseland i BT 2001: 3)	Korleis har Søviknes det no

Tabell 7 Tekstar 2001, med tema

Tekstane tematiserer altså Søviknes i stor grad. Samanlikna med i kor stor grad jenta blir omtalt som person og kor lite det handlar om korleis ho har det, er det skeivt fordelt. Dette kan ha enkle forklaringar – Søviknes var naturleg nok meir tilgjengeleg enn jenta, som var psykisk sjuk. Ho er heller ikkje i utgangspunktet ei som har søkt offentlegheitas lys, noko som gjer at redaksjonane ønsker å vera varsame i omtala si av henne, i samsvar med dei etiske normene for pressa vi finn i Ver varsam-plakaten (Pressens faglige utvalg 2015). Samtidig finst det måtar ein kunne ha gjeve ho plass på, gjennom å nytta tidlegare sitat eller kanskje gjennom andre kjelder. Ho tek absolutt plass i og blir tematisert i materialet, men i mykje mindre grad enn Søviknes. Utan unntak tematiserer dei tekstane vi ser på her, Søviknes på eit eller anna vis.

Ekteskapet til Søviknes er ein gjengangar som tema. Nyheitsartikkelen *Tok det tungt* (Moen m.fl. i VG 2001: 6) tematiserer på makronivå korleis Søviknes sin dåverande ektefelle har det dagen etter saka kom opp i media. Her kjem det ikkje eksplisitt fram gjennom overskrifta kven det er som har hatt det tungt, men om vi les underoverskrifta: «Søviknes om sin kone Janniches reaksjon.», blir det snart tydeleg kven sitatet i overskrifta er henta frå og kven det handlar om. Både nyheitsartikkelen *Lei seg over revyhumor* (Vikøyr i VG 2001: 22) og intervjuet *Ser lys etter annus horribilis* (Røiseland i BT 2001: 8) handlar også om Søviknes og ektefellen hans – men då med meir avstand. Dei er skrivne høvesvis tre og ni månader seinare.

I tekster som tek opp korleis Søviknes har det i lys av saka som makrotema, er ekteskapet også ofte ein viktig del av det. I *Lei seg over revyhumor* kjem det også fram gjennom underoverskrifta: «Søviknes-sketsjen for sterke for kona» (Moen m.fl. i VG 2001: 8), medan det i *Ser lys etter annus horribilis* er ingressen som avslører kor tyngda ligg, der Søviknes blir sitert på at «-Denne saken kommer alltid til å være en del av Janniche og mitt liv.» (Røiseland i BT 2001: 8).

Om vi ser overskrifta i samanheng med resten av teksten, er det likevel korleis Søviknes har det som er i makrotema i denne teksten, og korleis han har det i ekteskapet sitt er underordna det. Det gir eit interessant innblikk i korleis avisa framstiller Søviknes-saka: nemleg som ei sak som har råka ein gift mann og ekteskapet hans.

Kva andre meiner om Søviknes er også eit tema i omtalen. I reportasjen *Gikk i forbønn* (Haugsbø m.fl. i VG 2001: 12) er makrotema kva folk på heimplassen til Søviknes meiner om han og om saka, to dagar etter at ho kjem opp i media. Som eit mikrotema tek ho også opp korleis Søviknes sjølv og ektefellen har det. For å forstå at dette er tema for reportasjen, må ein lesa underoverskrifta: «Søviknes fikk støtte i hjembygda.» (Haugsbø m.fl. i VG 2001: 12), og for å forstå overskrifta må ein lesa ingressen også: «Mens Terje Søviknes tok et beveget farvel med sine undersåtter på rådhuset, gikk prestene i Os i forbønn for den permittere ordføreren og de andre som er involvert i saken.» (Haugsbø m.fl. i VG 2001: 12). Igjen blir dessutan ekteskapet tematisert når VG skriv: «Da VG ringte Søviknes for å få kommentarer til dagens gallupmåling, var det Janniche som svarte på mobiltelefonen hans. Hun virket klar, sterk og rolig.» (Haugsbø m.fl. i VG i 2001: 12.)

I nyheitsartikkelen *Søviknes skulle blottstilles* (Pedersen m.fl i BT 2001: 2), som er trykt 15. februar, er makrotema bakgrunnen for kvifor Søviknes-saka blei offentleggjort, og særleg maktkampen i Hordaland FrP. Kjernen i saka, den seksuelle kontakten mellom Søviknes og jenta, blir ikkje teke opp direkte som eit mikrotema.

I ingressen heiter det blant anna at «FrP-opprørerne var med på å formulerte (sic) brevet som Cathrin Rustoen leste opp lørdag. (...) – Jentene spilte en birolle. Det var Søviknes vi var ute etter å blottstille (...)» (Pedersen m.fl. i BT 2001: 2).

I intervjuet *Innrømmer maktmisbruk* (Lura m.fl. i VG 2001: 8-9) er makrotema at Søviknes i intervjuet innrømmer at saka er eit eksempel på maktmisbruk. Underoverskrifta lyder: «Søviknes om sex-kontakten med 16 åringen: Terje Søviknes innrømmer at det var maktmisbruk å ha sex med den 16 år gamle jenta.» (Lura m. fl. i VG 2001: 8-9). Dette temaet er ganske eksplisitt, men det eksisterer også minst eitt anna viktig tema i denne teksten – nemleg korleis jenta er som person. Her ligg det implisitt at jenta sin oppførsel påverkar graden av maktmisbruk. Det er belegg for å seia at dette temaet er viktig i teksten, rett og slett fordi det tek mykje plass.

Intervjuet med Søviknes handlar om maktmisbruk, ja, men mange av spørsmåla og svara omhandlar korleis Søviknes oppfatta jenta første gong han møtte ho på sommarleir i Grimstad eit halvår før landsmøtet. Blant anna spør VG:

«- Hvorfor la du spesielt merke til henne?» og Søviknes svarar «-Jeg så henne, og la merke til henne. Hun var en sprudlende jente, og vi snakket sammen. (...) Jeg hadde inntrykk av at det var andre grunner enn politikk som gjorde at hun var der, sier Søviknes.» (Lura m. fl. i VG 2001: 8-9).

Jenta sin person som tema er meir eksplisitt i BT sin nyheitsartikkel *Festet videre etter sexmøtet* (Røiseland i BT 2001:3) . Orda «festet videre» treng ikkje å vera negativt lada, men i denne konteksten er dei det. Om ein nettopp har blitt utsett for overgrep, verkar det smått utruleg at ein skal ha lyst til å festa videre etterpå. Difor blir jenta sitt truverd, gjennom denne overskrifta, svekka. Denne svekkinga av truverd er gjennomgåande i nyheitsartikkelen. Ein kan også sjå det i underoverskriftene, som har kvar sine relaterte mikrotema som handlar om jenta: «Var i godt humør», «Skavlet mye», «Falskt identitetskort» og «Bare de to som vet» (Røiseland i BT 2001:3). Dei tre første fortel alle om påstandar andre som var på landsmøtet gir om jenta, og den siste handlar om at avisar meiner vi ikkje kan vita sikkert kva som skjedde mellom Søviknes og jenta på rommet til førstnemnde.

Også i nyheitsartikkelen - *Jeg var dritings* (Mikalsen m. fl. i VG 2001: 8) er jenta i fokus. Her er det derimot hennar oppleveling og korleis ho har det som er tema. « - Han visste at jeg bare var 16 år, hevder jenta som hadde sex med Terje Søviknes. I kveld forteller hun sin versjon fra Langesund-møtet på TV – to uker etter at politiet henla saken mot Søviknes.» (Mikalsen m. fl. i VG 2001: 8), lyder ingressen. Dette blir eksplisitt tematisert også i nokre andre tekster i materialet, blant anna i Marie Simonsen sine kommentarar i VG kvar veke (sjå t.d. Simonsen i VG 2001:9) og i eit lesarinnlegg frå Inga Marte Torkildsen (SV) (Thorkildsen i VG 2001). Det er også andre nyheitsartikler som tek for seg dette undertema, men som vi skal sjå nærmare på i delen om stemmer i tekstane, er det aldri jenta direkte som snakkar i desse. I alle høve er dei underrepresentert i materiale. Andre tema og andre stemmer får meir plass.

Om ein samlar trådane blir det altså tydeleg at saka i stor grad blir tematisert som noko som angår Søviknes personleg, medan jenta i mindre grad tek plass, og at når ho blir tematisert som person, er det gjerne med eit negativt forteikn. Eg finn altså at særskilt gjennom tematiseringa, er det etterlatne inntrykket at saka handlar om Søviknes og kva hendinga har ført til for han som person.

Kartlegginga og analysen av korleis saka blir tematisert i pressetekster har ikkje minst vore nyttig for å identifisera kva for nokre diskursar som er dominerande. Det kjem eg tilbake til i slutten av kapittelet. Først skal vi sjå på funna av analysen av kva for nokre verkelegheisbilete som blir danna i tekstene gjennom bruken av andre modalitetar og språklege ressursar.

3.2.2 Kategorisering

Språkbruk er aldri nøytralt. Når vi skriv eller ytrar oss ved hjelp av andre ressursar, vil det alltid vera farga av vår kjennskap til og syn på verda. Vi veit at pressetekstar tek mål av seg om å vera rettframme og eksplisitte, og at ein difor må leita om ein skal finna dei skjulte og ikkje-intensionelle meiningsane som ligg i teksten (Hågvar 2007:15).

I denne delen av analysen skal eg sjå på korleis saka blir kategorisert som fenomen, gjennom å undersøka kva for nokre ord dei to avisene har brukt i hovudsak når dei skildrar aspekta Søviknes, jenta og saka. Inndelinga i tre aspekt har vore nyttig for å sortera i gjennomføringa av analysen, og har særleg synleggjort korleis omtalen av Søviknes og jenta er ulik. Det er likevel viktig å understreka at Søviknes, jenta og saka er tett samanvevd. Kva ord som blir brukt om saka, fargar korleis dei to er framstilt, og korleis dei er framstilt fargar saka. Difor har det ofte vore vanskeleg å skilje desse tre frå kvarandre.

I tillegg har det vore viktig å ha i mente at kva som er positive og negativt lada ord eller andre uttrykk, er særskilt kontekstavhengig. Til dømes vil det å omtala Søviknes som FrP-nestlearen ha positivt forteikn om han, før denne saka kom opp, hadde uttala seg om noko politisk. Då kunne vervet som nestleiar styrka hans truverdigheit og dermed gjeve tyngde til hans meininger om ein eller annan sak. I samband med Søviknes-saka kan nestlearen eller den tidlegare nestlearen ofte lesast med negativt forteikn. Om du har gjort noko upassande eller ulovleg, og i tillegg har eit viktig tillitsverv, kan det kanskje styrka ideen om at ein burde vita betre.

Ordval

Eg skal først ta for meg funna frå analysen av korleis dei tre aspekta Søviknes, jenta og saka blir kategorisert gjennom orda dei to avisene vel å bruka, og kva for eit inntrykk det etterlet. Hovudfunna er at Søviknes blir framstilt som ein ektemann som er godt likt, berre unntaksvis blir han framstilt som ein som har gjort noko galt utover det som høyrer til privatlivet si sfære. Han tek mykje plass i dekninga av Søviknes-saka. Jenta tek derimot liten plass i dekninga, og når ho tek plass, er det ofte med eit forteikn som stiller henne i eit dårlig lys – ho blir ståande som eit uverdig offer, eller som irrelevant. Måten kjernen i saka blir framstilt, når eg tek

utgangspunkt i materialet frå BT og VG i 2001, varierer. Hovudvekta ligg på framstillingar som fokuserer på at saka er utruskap, maktkamp eller ein sexskandale, eller alle desse på ein gong.

Søviknes: ektemann, godt likt og kanskje maktmisbrukar?

Når vi ser på korleis Søviknes blir kategorisert, er eit viktig funn at han ofte blir framstilt som ein ektemann og ein part i eit ekteskap. I nyheitsartikkelen *Tok det tungt* er han sitert på at han har «fryktelig dårlig» samvit, samtidig som ektefellen har vore «helt fantastisk». Dei har eit «godt og fortrolig forhold» (Haugsbø m. fl. i VG 2001:6). Å ha frykteleg dårlig samvit er negativt lada, slikt sett stiller sitatet Søviknes sjølv i eit dårlig lys. Samtidig kan det vera positivt lada, ein som angrar er lettare å lika enn ein som ikkje gjer det.

At Søviknes som ein part i eit ekteskap derimot blir stilt i eit godt lys, er det ingen tvil om. Ekteskapet og ektefellen blir gjennomgåande omtala med positivt lada ord. Dette kjem også fram gjennom skildringane avisa gjer av korleis paret ter seg.

Dei poserer «Arm i arm» og sit «tett sammen». «Hånd i hånd kom de gående» (Haugsbø m. fl. i VG 2001:6). Avisa har også tatt med ei skildring av staden dei bur på «(...) i et lite trehus ned mot vannet, med seilbåten liggende nedenfor og med utsikt mot Ole Bulls hus på Lysøen.» (Haugsbø m. fl. i VG 2001:6). Eksempla ovanfor byggjer opp eit bilet av eit idyllisk ekteskap og eit idyllisk liv, og det er dette Søviknes eller Søviknes-saka har råka ved gjennom «den seksuelle kontakten» med «den da 16 år gamle jenta» (Haugsbø m. fl. i VG 2001:6).

Søviknes sin alder blir det ikkje referert til i artikkelen. Heile 16 gongar blir det referert til Søviknes eller Terje Søviknes. Han blir også referert til, ein gong kvar, som «Os-ordføreren», «Frp-toppen» og «Frp-nestlederen» (Haugsbø m. fl. i VG 2001:6). Som nemnd kan desse substantivformene lesast som negative i denne konteksten. Dei minner oss på at han hadde ei høg stilling då han hadde sex med jenta.

I *Ser lys etter annus horribilis*, som blir publisert på tampen av året, blir delar av tidslinja i saka skildra slik: «Alt før Søviknes-saken eksploderte 10. februar hadde han erkjent å ha hatt et seksuell kontakt (sic) med den 16 år gamle jenten. Han hadde innrømmet sitt sidesprang både overfor enkelte journalister, sin partiledelse og ikke minst sin kone Janniche Askeland.» (Røiseland i BT 2001: 8). I eksempla ovanfor er koplinga av saka til utruskap meir implisitt, i dette siste eksempelet er det meir eksplisitt. Han hadde innrømt eit *sidesprang*. *Ikkje minst* hadde han innrømt det ovanfor ektefellen sin.

Eit anna funn er at Søviknes blir framstilt som ein som har støtte og oppslutning, både privat og i arbeidsamanheng. I *Gikk i forbønn* er den første underoverskrifta «Søviknes fikk støtte i hjembygda.» (Haugsbø m. fl. i VG 2001:12) Bruken av ordet «støtte» er interessant. Reportasjen inneheld ein påstand om at VG har snakka med innbyggjarane i Os og at desse støttar opp om Søviknes. I reportasjen er mange som blir siterte – prosten, ein tidlegare kommunekasserar i Os, ein førtidspensjonert sjømann, to kvinner i 20-åra som står i prat på gata, ein flyktning frå Somalia, kompisgjengen til Søviknes., ektefellen hans og Søviknes sjølv. Ingen av desse brukar sjølv ordet støtte, og det er heller ikkje å finna i spørsmåla avisar har valt å ta med i teksten. Dei fleste av dei som er sitert, kan likevel kategoriserast som støttande i det dei seier til VG.

Men den førtidspensjonerte sjømannen meiner derimot at det var riktig at Søviknes måtte gå, og er usikker på om det er rom for å tilgi. Han meiner Søviknes har svikta og vist manglande vurderingsevne. Bilete er altså litt meir nyansert enn ein skulle tru etter å ha lese underoverskrifta. Prosten som er sitert, skriv også eit innlegg i BT eit par dagar seinare og understrekar at han ikkje gir noko støtteerklæring til Søviknes, sjølv om framstillinga i «ei Osloavis» kan få det til å sjå slik ut. Han er i innlegget klar på at «jenta» er offeret i denne saka (Bakke i BT 2001:21).

VG skriv også at støtta var sterkt i kompisgjengen til Søviknes då dei tok ein øl på stampubben sin (Haugsbø m. fl. i VG 2001:6). Også kven desse stemmene-i-teksten er, blant andre unge kvinner og prester, kan seiast å bygga opp under eit inntrykk av sterkt støtte. Prester er jo helst moralske menneske, og unge kvinner må vel kunne best forstå om saka er alvorleg eller ikkje.

I eit fåtal av pressetekstane som inngår i materialet, og til dømes i *Innrømmer maktmisbruk*, er premisset at Søviknes har gjort seg skuldig i maktmisbruk (Lura m. fl. i VG 2001: 8-9). Som dei siterer Søviknes på: «- Jeg legger meg bare helt flat i forhold til at jeg var en person i et fremtredende tillitsverv, og at hun var en ung jente som jeg riktignok på det tidspunktet trodde var 18 år.» Den første halvdelen av intervjuet omhandler nettopp Søviknes sin innrømming av å ha utøvd maktmisbruk. Desse spørsmåla og desse sitata, som er eksempel på korleis saka og aktørane blir kategorisert i dette intervjuet, står i sterkt kontrast til inntrykket vi får av aktørane gjennom spørsmåla og svara i resten av intervjuet. Dette kjem vi tilbake til i underkapittelet om framstillinga av jenta.

I *Jeg var dritings* (Mikalsen & Lura i VG 2001: 8) blir Terje Søviknes blir referert til som Terje Søviknes gjennomgåande, ikkje «nestlearen» eller «FrP-prinsen» eller liknande som vi har sett

i dei andre tekstane når avisa nemner han. I sitata frå jenta blir han derimot omtala som «en stor maktperson» og ein av «de store gutta» (Mikalsen & Lura i VG 2001:8). Jenta si omtale av Søviknes i denne saka syner kanskje at ho, eller i alle fall framstillinga av ho via NRK og VG, kategoriserer opplevinga si som eit maktmisbruk og dimed Søviknes som ein som har misbrukt makta si. Dette ser vi til dømes også i sitatet «- Han spurte om jeg ville være med på nachspiel til de andre stortingsrepresentantene som var på landsmøtet. Jeg tenkte: Kult, jeg skal på nachspiel med de store gutta.» (Mikalsen & Lura i VG 2001:8). Ein kan lesa dette slik ein kan anta at det var meint (gjeve at den opphavelege avsendaren ønsker å sette seg sjølv i eit godt lys), som at ho såg invitasjonen som ein moglegheit til å bli kjent med personar ho såg opp til. Det er viktig å understreka at dette døme på at Søviknes blir kategorisert som ein som har gjort seg skuldig i maktmisbruk, verkeleg er eit av få unntak. Det er likevel særleg interessant å sjå at det også tilsynelatande gjer noko med orda som blir valt i omtalen

Jenta: lite relevant og eit uverdig offer

Det første funnet eg vil presentera frå analysen av korleis jenta blir kategorisert, er at ho omrent alltid blir omtala som ei 16 år gammal jente. Dette gjeld blant anna i nyhetsartikkelen *Tok det tungt* (Moen m.fl. i VG 2001:6), der jenta blir omtalt som ei 16 år gammal jente. 16 år kan her seiast å vera ei skildring av jenta som slår negativt ut for Søviknes. For mange, om kanskje ikkje alle, er det slik at ein på 32 år ikkje burde ha sex med ei som berre er 16 år. Samtidig var, og er, det slik at i Noreg er ein over seksuell lågalder når ein har fylt 16 år. Dette er allmennkunnskap. Ein kan med andre ord lesa denne stadige tilbakevendinga til alderen hennar som ei understrekning av at ho var ung, eller ein kan lesa det som ei understrekning av at Søviknes ikkje har gjort noko ulovleg.

Eit anna viktig funn som heng tett saman med dette funnet av at ho stort sett blir kategorisert som ei 16 år gammal jente, eller variantar over det same, er at ho for det meste ikkje tek mykje plass. I *Tok det tungt* (Moen m.fl. i VG 2001:6) er ho til dømes berre nemnt ein gong. I *Gikk i forbønn* (Haugsbø m. fl. i VG 2001:12) har VG valt å skriva om og sitera presten sin forbønn der han seier at han ber for Søviknes, jenta og dei andre involverte i saka i same slengen. Det same gjeld til dømes i *Ser lys etter annus horribilis* (Røiseland i BT 2001:8), intervjuet der Søviknes snakkar ut om korleis han har det eitt år etter. Dette faktumet, at jenta tek liten plass i omtala av saka, er viktig å ha i mente når vi no skal ta for oss korleis ho ofte blir skrive om når ho tek plass. Her skal eg ta for meg korleis ho blir kategorisert, det må ikkje skugga over det faktum at ho tek liten plass i dekninga av Søviknes-saka i 2001.

Når det gjeld korleis jenta blir omtalt når ho får plass i dekninga, finn eg at ho ofte blir framstilt som eit lite truverdig offer eller *eit uverdig offer*. Skildringane av henne omhandlar korleis ho oppførte seg den natta «sexmøtet», som BT kallar det i ein sak, fann stad. I *Festet videre etter sexmøtet* (Røiseland i BT 2001: 22) har det første avsnittet i brødteksten underoverskrifta «-Var i godt humør», landsmøtedeltakaren som blir sitert her, legg vekt på at jenta var i godt humør, fortalte at SØVIKNES hadde «prøvd seg» og at ho tilsynelatande ikkje ville snakka om det. I denne konteksten, at jenta seier at ho har blitt seksuelt trakassert, passar hennar gode humør ikkje inn, og fungerer som eit bevis på at ho ikkje har oppført seg på ein truverdig måte. Dette gjeld også bruken av ordet «festet» i overskrifta. Å festa etter ein har blitt misbrukt, verkar heller ikkje særleg sannsynleg (Røiseland i BT 2001:2). Det andre avsnittet i brødteksten liknar det første. Det opnar med underoverskrifta «-Skravlet mye» og ein annan landsmøtedeltakar fortel at jenta var i «kjempehumør» , «skravlet mye» og «var akkurat slik hun hadde vært kvelden før.» (Røiseland i BT 2001: 2). Å skravla og å vera i kjempehumør byggjer også opp under ein førestilling om at jenta ikkje har oppført seg som eit truverdig offer for seksuell trakassering. Deretter følgjer eit avsnitt med underoverskrifta «Falskt identitetskort». Avisa skriv at dei har? vore i kontakt med to kjelder som hadde fått sjå på jenta sitt falske identitetskort, som sa ho var 18 år, i baren der dei hang etter møteslutt laurdagen på landsmøte. Utan at det står eksplisitt, må vi her anta at avisas meiner det er relevant for vår forståing av saka at jenta hadde falskt identitetskort. Det er heilt klart ikkje tillitvekkande, heller beint fram ulovleg, å bruka falskt identitetskort. Dimed kan ein seia at dette også bygger opp under ideen om at ho ikkje er truverdig. Det svekker truverdet hennar, men styrker òg Søviknes si historie, og det er vel så viktig. (Røiseland i BT 2001: 2).

I nyheitsartikkelen *Søviknes skulle blottstilles* (Pedersen & Røiseland i BT 2001:2) er jenta ikkje mykje til stades, men ho blir omtalt ein del som ein del av «jentene», som dei såkalla opprørarane har brukt for å blottstilla Søviknes. Når «jentene», i denne framstillinga av verkelegheita, let seg bruka i eit maktspel på denne måten, kan det også lesast som eit argument for at dei ikkje er verdige offer. Det ein kan seia at kjenneteiknar mykje av nyheitsjournalistikken i materialet, er at informasjonen om korleis jenta er som person og kva ho har gjort og sagt tidlegare, er relevant informasjon i denne saka. Fokuset på kven jenta er og kva dette gjer med hennar status som offer, skal eg presentera nedanfor.

Som eg la fram i delen om korleis Søviknes blir kategorisert, ser vi i *Innrømmer maktmisbruk* at han blir stilt til veggs for å ha gjort seg skuldig i maktmisbruk, og ikkje minst at han innrømmer dette (Lura m.fl. i VG 2001:8-9). I andre halvdel av intervjuet er tema at Søviknes

for første gong fortel at han kjente jenta eit halvt år før årsmøtet i Langesund, dei møttest på sommarleir i Grimstad. Dette blir etterfølgt av ein sekvens der avisas spør om natta dei to hadde sex. Avisa spør om kvifor han la merke til jenta, om han trur ho var forelska i han på sommarleiren, og om ho verka tiltrekt av han på årsmøtet. Denne delen, der Søviknes først blir sitert på korleis jenta blei oppfatta på sommarleiren, er verdt å sitere i sin heilskap. Eg har satt inn VG og Søviknes, for å klargjere når det er Søviknes og når det er VG-stemma som har ordet i teksten:

« - Det er nok mange som var på den sommerleiren som har mye å si om henne.

Mange opplevde henne som svært voksen, og hun drev med utagerende festing allerede på det tidspunktet, sier Terje Søviknes nå til VG.»

Underoverskrift: «- Sprudlende»

VG: «- Hvorfor la du spesielt merke til henne?»

SØVIKNES: «- Jeg så henne, og la merke til henne. Hun var en sprudlende jente, og vi snakket sammen. Jeg snakket ikke spesielt mye mer med henne enn med de andre deltakerne på sommerleiren, men jeg snakket med henne om andre ting enn politikk. Jeg hadde inntrykk av at det var andre grunner enn politikk som gjorde at hun var der, sier Søviknes.»

«- Jeg tror nok det var der hun skaffet seg et bilde av meg, legger han til.»

VG: «- Mener du at hun forelset seg i deg, eller ble spesielt betatt av deg?»

SØVIKNES: «- Det kan nok godt hende.»

VG: «- Siden du ble kjent med henne på sommerleiren, betyr det at du faktisk visste at hun var 16 år?»

SØVIKNES: «- Jeg visste at hun var ung, men ikke at hun var 16.» (Lura m.fl. i VG 2001: 8-9).

Ei tolking av denne spørsmål og svar-sekvensen er at den bygger ned jenta sitt truverd som offer, og opp Søviknes sitt truverd.

I nyheitsartikkelen *Jeg var dritings* (Mikalsen & Lura i VG 2001:8) gir VG si oppsummering av Brennpunkt sin dokumentar om Søviknes-saka, der jenta for første gong direkte fortel om «(...) sin versjon fra Langesund-møtet (...)» (Mikalsen & Lura i VG 2001:8). I ingressen blir jenta referert til som «17-åringen fra Søviknes-saken» og «jenta Søviknes hadde sex med.» I resten av artikkelen er ho referert til som anten «jenta» eller «17-åringen». Temaa er som nemnt jenta si eigen forteljing og synspunkt. TV-programmet skal gå på NRK på kvelden same dag som denne saka blir trykt. Her har også VG gjort ordval som kan lesast som at jenta er eit uverdig offer, samtidig som dei òg kan tolkast som å seia at ho er eit meir verdig offer og utsett for maktmisbruk. Om vi ser til dømes på overskrifta «*Jeg var dritings*», kan den seiast å vera både lada i jenta sin favør og mot jenta sin favør. Nokon vil kanskje tenka «det er klart ein ikkje

skal utnytta fulle, unge jenter», medan andre vil kanskje vil tenka «unge jenter burde ikkje drikka så mykje, då skjer sånt som dette».

Gjengivinga av det jenta har sagt i TV-programmet er delt inn i ti sitat i artikkelen. Mange av dei er ramma inn av tekst som forklarar konteksten for sitatet. Eit eksempel: I teksten står det «I TV-intervjuet hevder 17-åringen også at Terje Søviknes at Terje Søviknes spanderte øl på henne på puben.» Dette blir etterfølgd av eit sitat: « – Vi danset, satt rundt samme bord, pratet og hadde det gøy. Men at Terje Søviknes sier at jeg var betatt og forelsket i ham, er helt på trynet. Det er ekkelt, sier hun.» (Mikalsen & Lura i VG 2001:8).

I teksten står det at jenta hevdar at Søviknes spanderte øl. Ordet *hevder* blir nytta to gonger til, i samband med sitatet «Han visste at jeg bare var 16 år» og eit anna sitat der jenta sa at det som skjedde på hotellrommet var eit overgrep. I dei andre sitata frå jenta er det ho seier, noko ho seier, ikkje noko ho *hevder*. At ordet hevdar blir brukt i samband med akkurat desse tre sitata er interessant, då det er i desse sitata jenta har ei forklaring som spriker frå Søviknes sine forklaringar (Mikalsen & Lura i VG 2001:8).

Oppsummert finn eg altså at jenta i det store og heile tek liten plass i dekninga av Søviknes-saka i VG og BT i 2001, særleg i dei tekstane som har avisredaksjonen som avsendar, som er dei eg har nærest. Når ho tek plass, finn eg at det ofte er fokus på korleis ho er som person og korleis ho har tedd seg, og at dette ikkje byggjer ho opp som eit truverdig offer. På bakgrunn av dette kan ein seia at jenta i dekninga i VG og BT blir kategorisert som lite relevant og som eit uverdig offer.

Saka: utruskap, maktkamp og sexskandale

Eg finn at ei utbreidd framstilling av Søviknes-saka i 2001-materialet er at ho handlar om utruskap. Eg startar med å ta for meg at ordvala VG har gjort i reportasjen *Tok det tungt* (Moen m. fl. i VG 2001:6), dannar eit bilet av at situasjonen er vanskeleg for ekteparet. Makrotemaet i teksten er som nemnt korleis det går med Søviknes og ektefellen hans. Dette ser vi gjennom spørsmåla, til dømes «- Hvordan tok Janniche det?» og «- Hvordan har dere jobbet dere gjennom dette?» (Moen m. fl. i VG 2001:6). Spørsmåla som i og for seg har ein ganske nøytral form, syner at avisa har ei haldning om at situasjonen nok er vanskeleg for ekteparet.

I *Gikk i forbønn* (Haugsbø m.fl. i VG 2001:12) bygger ordbruken opp om eit bilet av at dette er ein vanskeleg situasjon for Søviknes. Han tek eit *beveget* farvel, det blir gjengjeve at prosten meiner saka er lei, og at det er viktig med *menneskeleg* omtanke og å sjå *mennesket* Terje

Søviknes (Moen m. fl. i VG 2001:6). Søviknes sjølv har ifølge avisa «tårer i øynene» og får blomar på døra heime hos seg etter å ha vore med «gutta på puben». Ein somalisk flykning blir sitert på at «alle som bor her liker ham.» (Haugsbø m. fl. i VG 2001:6). Alt i alt dannar ordbruken eit bilete av at Søviknes står i ein pressa situasjon og treng støtte, noko han finn i heimbygda.

Saka blir i mange tilfelle også omtalt som ei politisk sak, nærmare bestemt som maktkamp. I nyheitsartikkelen *Søviknes skulle blottstilles* (Pedersen i BT 2001:2) reproduserer avisa ideen om at denne saka først og fremst handlar om ein maktkamp i partiet, ikkje til dømes maktmisbruk overfor ei ung jente. «Opprørerne» er eit samleomgrep avsida gjennomgåande tek i bruk når dei skal skildra dei som står mot partileiinga i dei interne maktkampane i Frp. I jussen er omgrepet opprør, ifølge Store norske leksikon, ein del av strafferetten: «Opprør, i vanlig tale enhver væpnet reisning mot forfatningen eller statlige myndigheter. Slike opprør omfattes av straffeloven §§ 113-114 med fengsel inntil 15 år, i grove tilfeller inntil 21 år.» (Store norske leksikon, 2015). Dette ordet har altså konnotasjoner til grupper som gjer væpna opprør mot makthavarane i ein stat. Staten må då vera FrP sentralt og våpenet er jentene som seier dei har vore utsette for seksuell trakassering eller valdtekta.

I materialet blir saka innimellan også omtalt som maktmisbruk, men det er ikkje så ofte, særleg ikkje i dei redaksjonelle pressetekstane. I unntaket *Innrømmer maktmisbruk* (Lura m. fl. i VG 2001: 8-9) vel VG å kategorisera saka som «misbruk». Dei brukar også samansetninga «maktmisbruk». Maktmisbruk er i bruk gjennomgåande. Søviknes blir sitert på at han er glad for at jenta no ikkje hevdar seg valdteken. Ho har på dette tidspunktet gjennom sin advokat bekrefta at ho ikkje meiner seg valdteken og aldri har sagt det, sjølv om saka blei framstilt sånn i media. VG spør «- Det kan vel like fullt være misbruk, og oppfatter du dette som maktmisbruk?» (Lura m. fl. i VG 2001: 8-9). Dette spørsmålet impliserer at avsida meiner dette er, eller i alle fall kan vera, misbruk og maktmisbruk. Det impliserer også at det er interessant å vita om Søviknes sjølv oppfattar det han har gjort som misbruk.

Det siste funnet eg skal presentera om korleis saka blir presentert, er at den ofte blir omtala som ei skandlesak, sexsak eller begge delar: ei sexskandale. I «*Jeg var dritings*» (Mikalsen & Lura i VG 2001:8) blir Søviknes-saka først kategorisert som nettopp «Søviknes-saken» i ingressen. VG skriv vidare at Brennpunkt-dokumentaren handlar om «sexskandalene i Fremskrittspartiet» (Mikalsen & Lura i VG 2001:8) Også her, når perspektivet ligg hovudsakleg hos jenta, er omgrepet «sexskandale» i bruk om det jenta sjølv seier ikkje var samtykkande sex. I *Tok det*

tungt blir Søviknes òg sitert på at: «Alle vet at det foregår ting i organisasjoner, særlig når man møtes i festlig lag.» (Moen m.fl. i VG 2001:6). Sitatet er veldig interessant, og denne påstanden om at sex og fyll er vanleg i festleg lag i organisasjonsliv og politikk går att i materialet, som vi skal sjå i analysen av materialet frå etter #metoo,

Eg finn altså at *saka* som fenomen og del av dekninga av Søviknes-saka i 2001 ofte blir kategorisert som ei utruskapshistorie frå privatlivet si sfære, som ein del av eit politisk spel og / eller som ei skandale – ofte sexskandale. Av Søviknes blir det teikna eit bilet av ein godt likt mann, ikkje minst ektemann. Innimellanom blir han kategorisert som ein maktmisbrukar, men stort sett er det etterlatne inntrykket at det som har skjedd, er noko som har råka ved han og hans liv. Jenta tek derimot liten plass, og kan dimed seiast å bli framstilt som lite relevant for saka. Når ho tek plass, blir ho ofte kategorisert som eit uverdig offer, og berre unntaksvise som ei som er utset for maktmisbruk eller overgrep.

Agens

Agens forstår vi som *fleksibilitet* – i kva grad ein aktør kan seiast å ha kontroll over eigne handlingar, og *ansvarskjensle* – i kva grad ein aktør kjenner ansvar for sine eigne handlingar (Enfield 2013:104). Vi har sett av kategoriseringsanalysen ovanfor at saka ofte blir framstilt som utruskap. Ein konsekvens av den framstillinga er at Søviknes blir den som står med ei høg grad av agens forstått som ansvarskjensle. Alle veit at det feil å vera utru, og Søviknes er klar på at han har därleg samvit og er lei seg. Avisene er òg opptekne av det. Når saka blir forstått som utruskap, er det rimeleg å anta? at det medfører at jenta også blir gjeve agens, av den grunn at når det er snakk om utruskap, er det rimeleg å anta at det er snakk om samtykkande og likeverdig sex. I den framstillinga er ikkje jenta offer for maktmisbruk eller overgrep, ho er ein likeverdig part og har difor ansvar for, og bør ha kontroll over, eigne handlingar.

Dette funnet av at jenta blir gjeve agens, gjeld i mange tilfelle. I eksempelteksten *Festet videre etter sexmøtet* (Røiseland i BT 2001:22) såg vi at BT kategoriserer jenta som eit uverdig offer, bevist gjennom korleis ho har tedd seg. Der blir det blant anna skrive om at jenta hadde eit falskt identiteteskort som viste at ho var atten år. I tillegg blir saka omtalt som jenta sitt «nattlige møte med Terje Søviknes.» Dette fokuset på blant anna at jenta har forfalska alderen sin, samt setningsstrukturen i det siste eksempelet som gjer møtet mellom dei to aktørane til jenta sitt møte, gjer at jenta ser ut som ein aktør som i høg grad har kontroll over eigne handlingar, og som dimed burde ha ei høg grad av ansvarskjensle.

I *Søviknes skulle blottstilles* (Pedersen i BT 2001:2), eit anna eksempel der saka blir framstilt som politisk, meiner eg å finna at Søviknes blir framstilt som ein aktør utan agens. Avisa fortel at ifølge opprørarane blei formuleringane til Rustøen «*bevisst valgt*» for å «*ramme*» Søviknes, og at dette blei bestemt av «*opprørarar*» (Pedersen i BT 2001:2). At noko er bevisst, tyder ofte at det ligg meir bak eit val enn ein kanskje skulle tru ved første augekast. Det er altså ikkje den bevisste handlinga til Rustøen, å fortelje kva ho har opplevd i partiet, men noko meir som ligg bak. Dette bevisste valet var altså å ramma Terje Søviknes. Valet av ordet «*ramme*» er også interessant. Avisa kunne ha skrive «*bevisst valgt* for å sørge for at Terje Søviknes ble stilt til ansvar.», men dei skriv heller «*ramme*» (Pedersen i BT 2001:2) Denne utelukkinga, av kva han har gjort, opnar for at meiningsa var å ramme han som person, ikkje nødvendigvis for maktmisbruket han har gjort seg skuldig i. At det ikkje er difor opprørarane ville ramma han, kjem også tydeleg fram i resten av ingressen: «*Det var Søviknes vi var ute etter å blottstille som uegnet til førsteplassen etter et udemokratisk spill.*» På same måte som jenta blir også Søviknes framstilt som ein aktør utan agens. Han treng ikkje ha ansvarskjensle for handlingane sine, då historia om dei berre fekk sjå dagslys av heilt andre grunnar enn sakas kjerne. Denne reproduksjonen av makkamp-diskursen er gjennomgåande. «*Jentene spilte en birolle*», siterer avis ein av opprørarane på. Ein annan blir sitert på at «- Det var ikke hensikten å misbruke jentene, men det er klart de spilte en birolle. Vi gjorde dette for å vise frem Søviknes sin moral.» (Pedersen i BT 2001:2). Jentene spelte ei birolle, og det er tilsynelatande ikkje noko å stilla vidare spørsmål ved.

Denne framstillinga går igjen, som i *Ser lys etter annus horribilis* der BT skriv «Ingen norsk politiker falt som ham i 2001.» (Røiseland i BT 2001:8). At Søviknes har falt eller har blitt ramma av noko utanfor sin kontroll, er noko som går att i materialet. Som vi ser av eksempla her, blir Søviknes fråteke agens. Jenta blir ikkje nødvendigvis *gjeve* agens. Samtidig er det slik at når Søviknes blir framstilt som ein utan agens i situasjonen, er det enkelt å tenka at det er andre partar som må stillast til ansvar for det som har skjedd. Der Søviknes blir gjeve agens, er det når saka blir framstilt som ei utruskapssak. Dimed er det utruskap han bør kjenna ansvarskjensle for, og ikkje noko anna – til dømes eit maktovergrep.

3.3 Visuelle modalitetar

Hovudfunnet frå analysen min av korleis pressetekstane som blir analysert i dette kapittelet blir framstilte visuelt, har vore at Søviknes også visuelt tek mykje plass. Elles samsvarar det med funna om at saka ofte blir framstilt som utruskap, sex-skandale eller makkamp. Eg skal no visa eit eksempel frå VG og eit eksempel frå BT frå analysen min av korleis dei visuelle modalitetane pressefoto og typografi i dekninga blir nytta for å styrka dei verkelegheitsbileta redaksjonane i BT og VG meir eller mindre ubevisst fremjar om Søviknes-saka i dekningane sine i 2001. VG har vore enklare å analysera enn BT på dette punktet. BT er i 2001 ein etablert abonnementsavis, som ikkje har det same omsynet å ta som laussalsavisa VG. For ho er det viktig at forsida sel avisa (Hågvar 2007: 47).

Eg skal her presentera eit par eksempel på korleis den visuelle modaliteten blir nytta. Eksempla er henta frå utvalet av tekstar som eg har undersøkt ovanfor. Det er *Tok det tungt* (Moen m.fl. i VG 2001:6) og *Ser lys etter annus horribilis* som vi skal sjå endå nærare på. Analysen eg har gjort av dei visuelle modalitetane i desse og dei andre tekstane eg har presentert i dette kapittelet, har omfatta visuell framstilling av saka på framsida (der det har vore tilfelle), samt inne i avisa.



Figur 1 Faksimile VG, 13.2.2001, side 6-7

Tok det tungt er presentert på framsida. Søviknes-saka tek opp omtrent fire femtedelar av forsida på VG denne dagen (Moen m.fl. i VG 2001: 6). Forsida er nesten heilt dekt av eit bilet av Søviknes og ektefellen. Dei går arm i arm og ser ut til å vera i bevegelse. Søviknes har på

seg slips, kvit skjorte og frakk. Han ser på ektefellen sin med eit langt blikk og eit lite smil rundt munnen. Han ser stolt ut. Ektefellen har også eit lite smil om munnen, og ser ned i bakken. Øvst i biletet er det lagt på kvit, feit skrift: «Søviknes etter sex-skandalen:», og lenger nede, under ansikta deira, med større skriftstorleik: «-Kona har tatt det fryktelig TUNGT». Nedst til venstre i biletet står det med liten, svart skrift på kvit bakgrunn: «ARM I ARM: Kona Janniche fulgte Frp-nestleder Terje Søviknes til Oslo i går, der han innrømmet å ha hatt sex med en 16-årig jente.» Under biletet, nedst på forsida, er det ei kolonne der det står med feit, kvit skrift «DE VISSTE ALT», ved sidan av to små biletet av dei alvorsprega ansikta til «Carl I. Hagen og Siv Jensen» – med tilvising til side 2, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 14 og 37 (Moen m.fl. i VG 2001:6). Ut frå det ein kan sjå på eit denotativt nivå, kan ein seie at det visuelle i *Tok det tungt* og tilhøyrande kotekest på eit konnotativt nivå bygger opp om saka som ei sex-skandale.

Når ein skal skildre deltakarar i eit biletet, kan det vera nyttig å spørja seg om dei blir framstilt som individ eller som ei gruppe. ‘Individualization’ eller ‘individualisering’ er realisert (Ledin & Machin 2018:54) om det berre er éin person på biletet eller om éin person på eit eller anna vis er framheva over dei andre på biletet. Effekten er at lesaren blir drege nærmere personen som er individualisert. Som vi veit, er det så absolutt to menneske på dette biletet, men like fullt vil eg påstå at mannen, som vi veit er Søviknes, er individualisert i biletet. Dei to ser ut til å representera ei eining i saka.

På eit konnotativt nivå, når vi kjenner til saka og veit at dei to på biletet er Søviknes og ektefellen hans, seier dette smilet «meir enn tusen ord». Han ser stolt eller kanskje forelska ut. Når vi veit at eit moment i Søviknes-saka er ei historie om utruskap, tenkjer vi at det er på sin plass. Ektefellen er med han når han innrømmer å ha hatt sex med jenta. Det er ikkje noko ein kan ta for gitt. Det er nærliggande å tenka at han er heldig. Samtidig reflekterer det kanskje tilbake på han også – han må vel vera ein bra person på mange måtar, når ektefellen held ut? Dei går arm i arm – noko som kan seiast å representera samhald. Å sjå nokon som vel å halda saman, bokstaveleg talt, til trass for harde tider, er sterkt (Moen m.fl. i VG 2001:6). Dei til dels same konnotasjonane kan lesast ut av det andre biletet som er knytt til saka, presentert i passfoto-storleik midt i brødteksten på side 7. Denotativt ser vi ein mann og ei kvinne frå sida i det kvinnen, som er lågare enn mannen, er på veg til å gje han ein klem. Kvinnen smiler med blikket vendt opp mot ansiktet til mannen, vi kan ikkje sjå mannen sitt ansikt. Utsnittet er nært, vi ser hovuda og delar av overkroppane deira (Moen m.fl. i VG 2001:6)

Vi kjenner dei to att frå det store biletene – det er Søviknes og ektefellen. Biletteksten fortel oss at dette er eit arkivfoto frå då Søviknes vann førsteplassen på stortingslista på nominasjonsmøtet i Hordaland nokre veker tidlegare. Her òg får vi inntrykk av eit ektepar som held saman og ein ektefelle som støttar opp om mannen sin (Moen m.fl. i VG 2001:6). Tolkinga mi av korleis desse to biletene kan lesast konnotativt er sjølvsagt ikkje nokor fasit, men eg meiner det er belegg for å seia at dei sementerer-inntrykket av at denne saka er ei privatsak. Det handlar om desse to menneska, det store biletet er så stort at vi kan sjå dei små smila deira og det minste biletet er så nært at det blir intimt. Når VG let saka bli privat på denne måten, underbyggjer det inntrykket av at kjernen i ho er utruskap.



Figur 2Faksimile Bergens Tidende, 28.12.2001, side 8

Intervjuet *Ser lys etter annus horribilis* er presentert på forsida av VG 28. desember 2001, i ei lita kolonne i høgremargen. Overskrifta er «Søviknes ønsker comeback» og to sitat frå Søviknes i saka er trykka: «-Vansklig å si hvor jeg er om ti år. Men enten er jeg igjen i rikspolitikken –

eller så jobber jeg i det private næringsliv, sier Terje Søviknes til BT.» og «– Det er en ting å oppleve at noen har vært utro, noe annet er det å få det offentliggjort i alle landets medier. Overraskende for mange, så har ekteskapet og forholdet til konen Janniche overlevd.», med tilvising til side 8. Intervjuet med Søviknes tek opp mesteparten av side 8, sett bort frå nokre notisar, ei lita nyheitssak og ein annonse frå Skandia-banken. Overskrifta er stor, elles er det ingen delar av teksten som er framheva utover at underoverskriftene har feit skrifttype. Det er eit bilet som høyrer til saka – det er Søviknes sitt portrett. Utsnittet er nært. Vi ser ansikt og litt av den slips-, skjorte- og dressjakkekledde overkroppen. Her kjem vi altså også tett på ein individualisert Søviknes. I hovudsak er desse eksempla på korleis Søviknes og Søviknes-saka blir framstilt visuelt med på å stryka verkelegheitsbilete som blir skapt av at Søviknes som enkeltperson og korleis han har det, er viktig i dekninga av saka, både rett etter den blir kjent, som i *Tok det tungt*, og nesten eit år seinare, som i *Ser lys etter annus horribilis*.

3.4 Verkelegheitsbilete og diskursar i 2001-dekninga

I dette kapittelet har eg tatt for meg kva for nokre verkelegheitsbilete om Søviknes-saka som blir skapte i dekninga av ho i avisene VG og BT i år 2001. Hovudfunna er at det er fire framtredande verkelegheitsbilete:

- 1) Kjernen i Søviknes-saka er maktkamp i Frp
- 2) Kjernen i Søviknes-saka er ei privatsak, det er snakk om utruskap.
- 3) Jenta er eit lite truverdig offer.

Desse verkelegheitsbileta står i strid med eit fjerde, som teiknar eit bilet av at

- 4) Kjernen i Søviknes-saka er maktmis bruk.

Gjennom desse funna av korleis verkelegheitsbileta blir konstruert og kva dei inneber, meiner eg å kunna peika på fire diskursar:

- 1) Ein privatlivs- eller utruskapsdiskurs
- 2) Ein politisk maktkampdiskurs
- 3) Ein juridisk uverdig offer-diskurs.
- 4) Den fjerde og siste diskursen eg meiner å finna er maktmisbruksdiskursen.

Denne maktmisbruksdiskursen, som eg meiner å finna der det blir teikna eit bilet av at Søviknes har råka jenta gjennom å misbruka makten sin, er særskilt interessant. Den eksisterer side om side med dei andre diskursane, men dei er gjensidig utelukkande. Dette kjem eg tilbake til i drøftinga, etter dei neste analysekapittela.

4 Minister før #metoo: Omtalen av Søviknes-saka 2016–2017

På ettermiddagen 18. desember 2016 slepp nyheita om at Terje Søviknes skal utnemnast som olje- og energiminister i den første Solberg-regjeringa. I den samanhengen kjem Søviknes-saka frå 2001 på nytt opp i media, inkludert i BT og VG.

I det følgande skal funna frå analysen av kva for nokre diskursar som er gjeldande i BT og VG sin omtale av Søviknes-saka i 2016/2017 presenterast. Tidsrommet strekk seg frå 16. desember 2016 og til og med september 2017. Tidsrommet er valt ut fordi det er interessant å sjå korleis saka blir omtalt når ho blir aktuell igjen fordi Søviknes blir minister, og at det kan vera fruktbart med tanke på analysen av omtalen saka får *etter #metoo* oppstår som fenomen.

Hovudfunna i analysen er at saka blir framstilt som noko alvorleg som skjedde for lenge sidan. Søviknes blir teikna som ein dyktig politikar. Jenta er nesten ikkje til stades i det heile. Eg argumenterer for at dette synleggjer at dekninga bygger ein slags tilgjevingsdiskurs gjennom å lene seg på ein juridisk diskurs, og på spor av nokre av diskursane vi såg i dekninga frå 2001: utruskapsdiskursen og den politiske maktkampdiskursen.

Funna i dette kapittelet er baserte på analysen av eit utval tekstar frå BT og VG si dekning som omhandlar og omtalar Søviknes-saka. Materialet som låg til grunn, var alle tekstar som nemner «Søviknes» i dei to avisene frå desember 2016 og til #metoo blussar opp i oktober 2017. Tekstane er, som med tekstane i førre kapittel, valde ut fordi dei fungerer som representantar for materialet som heilskap. Alle tekstane er pressetekstar som nærmare bestemt kan definerast som nyheitstekstar. Rettesnor og utgangspunkt for undersøkinga er delproblemstilling to:

Kva diskursar er gjeldande i omtalen av Søviknes-saka i BT og VG frå Søviknes blir minister i desember 2016, fram til #metoo oppstår i oktober 2017?

Også her skal vi leita oss fram til diskursane gjennom å sjå på kva for nokre verkelegheitsbilete, altså korleis verkelegheita blir konstruert i teksten (Maagerø 1998:38), avisene teiknar om Søviknes-saka frå 2001 i 2016–17. Dette vil bli gjort gjennom først å sjå på tema. Vidare vil korleis saka, Søviknes og jenta blir kategorisert i tekstane, bli lagt fram – gjennom å analysera kva for nokre val som er tekne i bruk av ord, biletet og andre modalitetar. Funna frå desse analysedelane dannar til slutt eit bilet av kva for nokre diskursar som ligg til grunn, og gjev dimed svar på forskingsspørsmål 2.

Eg vil begynna med å skildra konteksten, på kulturelt og situasjonelt nivå. Vidare skal eg sjå på korleis verkelegheitsbilete om Søviknes-saka blir skapt i tekstane, gjennom å undersøka kva

val avisene har gjort i teksten. For å synleggjera desse vala, undersøker eg verbalspråklege og visuelle modalitetar gjennom å analysera tema, kategorisering - med underkategoriene ordval og agens, og pressefoto og typografi.

4.1 Kontekst

Eg skal først ta for meg konteksten, altså den større samanhengen som kvar enkelt tekst inngår i. Tekstar er igjen med på å påverka og endra kontekst. Med andre ord står tekst og kontekst i eit gjensidig forhold og kan eigentleg ikkje skiljast frå kvarandre. For å kunna forstå ein tekst, må ein vita noko om konteksten han inngår i.

4.1.1 Kulturkontekst

Innanfor kulturkonteksten, dei kulturelle omstenda teksten inngår i (Berge 1998:25), skal eg presentera dei same temaa som i 2001-analysen: media, synet på liknande saker, politikk, Framstegspartiet og Søviknes som offentleg person. Påstanden min er at det har skjedd relevante endringar som opnar for andre diskursar, og andre vektforhold mellom diskursar, enn i 2001.

Media

Norsk mediebransje, inkludert avisene VG og BT, har sidan 2001 vore gjennom store endringar. Finanskrisa i 2008 råka avisbransjen hardt. I eit intervju med tidlegare sjefsredaktør i BT, Trine Eilertsen, blir situasjonen skildra slik:

«Dagen hun ble konstituert som sjefredaktør i Bergens Tidende (BT), 16. september 2008, kollapset den amerikanske banken Lehman Brothers, starten på det som skulle bli finanskrisen. Da hun fikk jobben permanent i desember, var det avisens hennes som var på vei mot kollaps. Annonseinntektene, avisens økonomiske grunnmur i 140 år, smuldret vakk. Den vinteren visste ikke avisens ferske sjef om de ville ha råd til å lønne folk til sommeren.» (Riseng 2020).

Situasjonen pregar heile bransjen. Schibsted, Noregs største mediekonsern og eigar av både BT og VG, kuttar heile 500 årsverk. 200 av desse er redaksjonelle (Medienorge 2010). I tillegg er det relevant her at overgangen frå ein bransje dominert av papirutgåver til ein bransje dominert av nettsider også hadde kome lenger i 2016 enn i 2001. Dette har blant anna ført til at annonsemarknaden er annleis, og det finst no annonseformidlarar som matchar annonse med ønskt målgruppe (Farbrot 2012). Avisene kan sjå kor mange som klikkar på kvar enkelt sak på nettsidene, og veit nok meir no om kva for nokre overskrifter, bilete og tema som trekker lesarar og dimed inntekter – gjennom annonsar og betalingsløysingar.

Sjangrar er funksjonelle og ikkje statiske (Miller 1984), desse endringane i bransjen påverkar også korleis tekstane blir sjåande ut. Nyheitskriteriet audio-visualitet handlar om at til dømes fengslande bilete er viktigare når det handlar om å få klick på kvar enkelt sak. Det same gjeld for nyheitskriteriet *delbarheit* – kor sannsynleg det er at noko vil bli delt i sosiale medium (Harcup og O'Neill 2017:1482). Elles har pressetekstane framleis høg status, ei undersøking frå 2019 syner at 8 av 10 i befolkninga har tillit til norske medium (Medietilsynet 2019).

Synet på liknande saker

I delen om kulturkontekst i 2001 brukte eg Christie sitt ideelle offer som i 1986 er 1) svakt, 2) held på med noko respektabelt og 3) var ein stad *ho* ikkje kan klandrast for å ha vore. 4) Lovbrytaren var stor og skummel, 5) og dei kjente ikkje kvarandre frå før. (Christie 1986:18–19). I førra kapittel argumenterte eg for at det no og i 2016 nok kan vera endra normer knytt til skeive maktforhold der sex spelar ei rolle. Eg nemner igjen straffelova sin paragraf § 295 *Misbruk av overmaktsforhold og lignende*. Av den kan ein bli straffa med fengsel i inntil 6 år for å misbruка stilling eller tillitsforhold til å skaffa seg seksuell omgang, og/eller om ein utnyttar nokon under 18 i ein sårbar livssituasjon, med same formål. (Straffeloven 2005).

Politikk og Framstegspartiet

Når Søviknes blir minister på tampen av året i 2016, er mindretalsregjeringa leidd av Erna Solberg, og beståande av Høgre og Framstegspartiet, inne i sitt tredje år. Det er kanskje sjølv sagt at Frp no er eit meir etablert parti, og det er dei altså.

Søviknes som offentleg person i 2016

Når Søviknes blir minister i 2016, har han vore ordførar i Os kommune i Hordaland sidan 1999. I perioden 1995 til 2003 var han også fylkestingspolitikar i Hordaland. Med andre ord har han vore til stades i det norske, og særleg det vestlandske, mediebiletet heile vegen sidan 2001. Søviknes-saka er også ei kjent sak, mange kjente til henne då han blei minister av den grunn også. (Garvik og Tvedt 2020).

4.1.2 Situasjonskontekst: felt, relasjon, mediering

Kva for ein situasjon har så tekstane oppstått i? Vi ser først på dimensjonen *feltet*, som inneber den sosiale praksisen, eller meir presist sjangeren, tekstane oppstår i. (Berge 1998: 25–26). Eventuelle endringar her heng tett saman med det eg skriv om media i delen om kulturkonteksten over. Kort sagt er det mogleg at jaget etter klikk, deling og inntekt, som nok er sterkare i 2016 enn i 2001, er førande for korleis tekstane – og då kanskje særleg dei delane som er typografisk prioritert, som overskrifter – og framstillinga av tekstane blir formulerte. Når det gjeld dimensjonen *relasjon*, dreier det seg altså om forholdet mellom tekstsakaren og adressat – eller nærmare bestemt avisa og lesaren. I samband med at nyheiter som vekker interesse blant folk, raskt blir tekne med over og delte og diskuterte på andre flater, som til dømes Facebook, kan denne relasjonen seiast å vera mindre skeiv i 2016 enn i 2001. Sosiale medium verkar også inn på korleis tekstane blir formidla eller medierte, som er den tredje dimensjonen.

4.2 Den verbalspråklege modaliteten

I det følgande presenterer eg analysen av den verbalspråklege eller skriftspråklege modaliteten i tekstane. Eg skal syna det eg har funne om korleis verkelegheitsbilete om Søviknes-saka i tekstane gjennom å sjå på tema og kategorisering. Sistnemnde gjennom å undersøka kva for ordval avisa har gjort, og agens.

4.2.1 Tema

Når ein analyserer tema, handlar det ganske enkelt om å identifisera kva teksten ein undersøker, handlar om. Ofte ligg det eit hint i overskrifta, ingress og mellomoverskrifter. Til dømes er tema for dette underkapittelet *tema*, som ein kan lesa av underoverskrifta. For å skilja mellom det som er tema på eit overordna nivå, og det som dukkar opp på meir underordna nivå i tekstane, har eg brukt omgrepene makro- og mikrotema. (Hellspong og Ledin 1997:118).

Eg vil minna først om at dei aller fleste tekstane som blir publiserte i VG og BT og inneheld eigennamnet Søviknes i perioden desember 2016 til oktober 2017, berre handlar om olje- og energipolitikk. Ein av tekstane som skal undersøkast her, portrettintervjuet *Å leve med sviket* (Storvand i VG 2017:44-50), blir publisert i slutten av januar 2017, og etter det er det ikkje mange nyheitssaker tek opp Søviknes-saka frå 2001 i det heile. Stort sett tematiserer dekninga av Søviknes i 2017 politiske saker, og Søviknes blir omtalt og sitert som minister. I og med at målet her å finna ut kva for nokre diskursar som ligg til grunn i omtalen av Søviknes-saka, går vi ikkje vidare inn på dette her.

Hovudfunna når det gjeld korleis Søviknes-saka blir tematisert i omtalen i avisene VG og BT desember 2016–oktober 2017, er at det – ikkje overraskande – dukkar opp i samband med temaet «Søviknes blir minister». Søviknes-saka blir tematisert som ein del av dette, både som fakta om Søviknes sin politiske karriere og som ein interessant del av hans personlege liv.

Som ein kan sjå av tabellen under, som presenterer tekstane til analyse og kva dei tematiserer, kjem Søviknes-saka opp i samband med dette. Eg skal i det følgande presentera korleis det skjer. I det førre kapittelet var blikket gjennom heile temaanalysen retta mot korleis saka blei tematisert. I denne omgangen handlar det også om korleis Søviknes sin nye rolle som minister blir tematisert på eit meir generelt nivå. Det er fordi det er interessant å sjå korleis dette blir gjort i tekstar der også Søviknes-saka blir tematisert eller er ein del av bakteppet.

Nr.	Avis	Publ.dato	Tittel	Tema
1. 2016 a	BT	19.12.2016	Søviknes blir ny oljeminister (Mæland i BT 2016:6)	Hordalending blir oljeminister, mange gratulerer, saka: «gløymt» på Vestlandet
2.	VG Nett	21.12.2016	Klima-uenig med Carl I. (Haugan i VG 2016:10)	Ny statsråd frå Frp, Søviknes, ueinig i med tidlegare partileiar
3.	BT	20.12.2016	Veien tilbake (Gudbrandsen i BT 2016:3)	Blir minister, Søviknes-saka
4.	VG	21.01.2017	Å leve med sviket (Storvand og Møller i VG 2017:44–50)	Oppvekst og erfaringar. Saka +++

Tabell 8: tekstar 2016-17, med tema

Eit viktig tema i Bergens Tidende er at ein hordalending har blitt minister, og dekninga i samband med at Søviknes blir minister er også meir omfattande i BT enn i VG. Nyheitsartikkelen *Søviknes blir ny oljeminister* (Mæland i BT 2016:6) blir publisert på nett 19. desember 2016, og blir i tillegg trykt i papiravisa dagen etter. Det underordna temaet for denne teksten kan seiast å vera at ein kjent lokalpolitikar skal inn i regjeringa. BT skriv at det mest oppsiktsvekkande for hordalendingane nok er «at Terje Søviknes, mangeårig ordfører i Os og Frps mest kjente politiker i vest, skal bli ny olje- og energiminister.» (Mæland i BT 2016:6). Eit viktig funn er at Søviknes-saka frå 2001 berre indirekte blir tematisert. Det står at Søviknes «Trakk seg i 2001» (Mæland i BT 2016:6), utan nærmare forklaring. Det kjem vi tilbake til når vi skal sjå på korleis saka er kategorisert i desse tekstane. Elles inneheld nyheitsartikkelen ei rekke små intervjuutvekslingar med ulike lokale politikarar som gratulerer Søviknes med den nye stillinga (Mæland i BT 2016:6).

I tillegg til nyheitsartikkelen har dei også ein kommentar i leiarseksjonen av avisa same dag, 20. desember 2016. Makrotema i kommentaren *Veien tilbake* (Gudbrandsen i BT 2016:3) kan seiast å vera korleis Søviknes er som lokalpolitikar, innleia med ingressen «*Hans politiske motstandere mener Terje Søviknes (Frp) forstår og respekterer dem. Han høres ut som en mann Erna Solberg kan trenge.*» (Gudbrandsen i BT 2016:3). Kommentaren er i stor grad ei utdjuping og grunngjeving av påstandane i ingressen, men tematiserer også Søviknes-saka frå 2001 i detalj. BT skriv at ein på Vestlandet veit kva for ein type politikar Søviknes er, medan ein i resten av landet berre kjenner til Søviknes-saka frå 2001:

«Siden den gang har han bygget seg opp til å bli en av Vestlandets aller mest respekterte lokalpolitikere. Men nettopp fordi han har vært borte fra rikspolitikken så lenge, er også skandalen i 2001 omrent det eneste folk i andre landsdeler vet om ham. Det var merkbart i sosiale medier da ryktene om at han tar over som statsråd begynte å svirre søndag. I Hordaland, derimot, forbindes han først og fremst med sitt pragmatiske politiske virke i alle årene etterpå.» (Gudbrandsen i BT 2016:3).

Kva er påstanden i sitatet over? Ei mogleg tolking er at «skandalen i 2001» ikkje er relevant om ein kjenner til Søviknes sin historikk som politikar på Vestlandet.

Saka VG har på trykk om Søviknes sin nye posisjon, morgonen etter at statsrådbytta blir offentleggjorde, tematiserer ei konfliktlinje mellom Søviknes og Carl I. Hagen, som altså var partileiar i Frp i 2001. I nyheitsartikkelen *Klima-uenig med Carl I.* (Haugan i VG 2016:10) får vi presentert at Søviknes meiner klimaendringane er verkelege, og at Hagen er ueinig. Konflikten er likevel kanskje noko konstruert av avisa: Hagen blir sitert på at han ikkje bryr seg om at Søviknes vil kutta utslepp, så lenge han går inn for full gass i oljenæringa – noko Søviknes støttar fullt ut (Haugan i VG 2016:10). Grunngjevinga VG gjev for å tematisera denne «konflikten» mellom Søviknes og Hagen, er interessant: «Søviknes var på slutten av 1990-tallet nevnt som en mulig arvtager etter partiledar Carl I. Hagen.» (Haugan i VG 2016:10). Det at Søviknes er tilbake, har altså nyheitsverdi ifølge VG. Konflikten med Hagen kan seiast å vera makrotema i artikkelen, som vi ser av blant anna overskrifta. Søviknes-saka kjem opp som eit mikrotema i samband med at Søviknes ein gong var ein mogleg framtidig leiar, eller arvtakar etter Hagen, i Frp, «*Så eksploderte det. Det ble kjent at han hadde hatt seksuell omgang med en 16 år gammel jente på en fest i Langesund etter et landsmøte i Frps ungdomsorganisasjon.*» (Haugan i VG 2016:10) Dette er altså ei tematisering av Søviknes sin nye statsrådpost som er fokusert rundt at han er komen tilbake. Tilbakekomsten skjer etter lang tid på grunn av

Søviknes-saka frå 2001. Saka blir med andre ord presentert som ei årsaksforklaring i samband med eit anna tema.

Ein månad etter Søviknes blir utpeikt som statsråd, publiserer VG det seks sider lange portrettintervjuet *Å leve med sviket* i magasinvedlegget *VG Helg* (Storvand og Møller i VG 2017:44–50). Intervjuet kan kanskje seiast å vera ein representant for avissjangeren sitt svar på romansjangeren danningsroman. I ein danningsroman følger ein hovudpersonen gjennom barne- og ungdomstid og får eit innblikk i kva for nokre krefter som har vore med å forma ein personlegdom (Skei 2018). I dette portrettintervjuet skriv VG om Søviknes sin barndom, ungdomstid og voksenliv fram til han blir minister, og ulike hendingar og faktorar i livet blir nytta til å danna eit bilet av korleis intervjouobjektet er som person. (Storvand og Møller i VG 2017:44–50). Tema kan dimed seiast å vera kven Søviknes er, og kva som har forma han som person. Intervjuet har mange mikro-tema. Blant anna skuletid og lesevanskar, oppvekst og familien, forelsking og giftemål, å få ungar, rettferdssans og politisk engasjement blir tematisert.

Søviknes-saka tek også mykje plass i intervjuet. Les ein berre tittelen *Å leve med sviket* og ingressen: «Den ferske statsrådens evige selvoppgjør er en ting. Mye tyngre er tanken på alle de andre som Terje Søviknes (47) har rammet: Jenta. Familiene. Og sine egne barn.» (Storvand og Møller i VG 2017: 44-50), kan ein få inntrykk av at intervjuet berre handlar om saka. Det gjer det ikkje, men saka ligg som ei slags ramme rundt mange av mikrotema. Til dømes er overgangen frå eit avsnitt om giftemål og forelsking ganske brå: «(...) og plutselig var de der: Kjærester. Bryllup. Mange år senere skal han fortelle henne at han har hatt sex med en 16-åring.» (4) (Storvand og Møller i VG 2017:44–50). Det er ikkje vanskeleg allereie her å sjå spor etter *utruskaps- og privatlivsdiskursen* som eg fann også i dekninga frå 2001. Søviknes-saka blir tematisert som ein del av Søviknes sitt private kjærleiksliv

4.2.2 Kategorisering

I dette delkapittelet skal vi sjå på korleis Søviknes-saka, jenta og Søviknes blir kategorisert. Dette skal gjerast gjennom å undersøka ordval og agens knytt til dei tre aspekta Søviknes, jenta og saka i dei utvalde sakene frå dekninga i 2016–2017. Ein av grunntankane i sosialesemiotikken er at alle ord konstruerer verkelegheita på ein viss måte. Når vi omtalar noko, seier orda vi vel å bruke, noko om haldninga vi har til det vi ytrar oss om. Til dømes kan nokon som skal drikka vin og treng noko å drikka det av, utbryta: «Hent krystallet!» eller kanskje «Hent vinglasa!».

Ein kan velja å omtala dei same glasa på veldig mange måtar, og orda ein vel seier noko om haldninga ein har til glasa.

I den skriftspråklege modaliteten kan haldningane våre bli synlege når vi nyttar ord, korleis blir høvesvis saka, Søviknes og jenta framstilt og kategorisert gjennom ord? Det skal undersøkast her, for å så kunna synleggjera kva for nokre verkelegheitsbilete som ligg til grunn i dekninga, og så igjen kunna finna fram til kva for nokre diskursar som er gjeldande. Hovudfunna er at saka blir kategorisert som noko alvorleg som skjedde for lenge sidan, medan Søviknes er ein veldig dyktig politikar som gjorde ein feil ein gong for lenge sidan. Jenta er nesten ikkje-eksisterande.

Saka: noko alvorleg som skjedde for lenge sidan

For ein leesar som kjenner til Søviknes-saka frå 2001, kan ein etter ein gjennomlesing av nyheitsartikkelen *Søviknes blir ny oljeminister* (Mæland i BT 2016:6) tenka at Søviknes-saka blir omtalt direkte og dimed kategorisert. Men etter eit par gjennomlesingar la eg merke til at ho eigentleg ikkje blir nemnd. Dette er viktig, avisa har meir eller mindre medvitent gjort eit val om å ikkje nemna innhaldet i saka eksplisitt. I sjølve teksten blir følgande antyda om saka:

- 1) Ingress: «15 år etter karrieren som rikspolitiker fikk en brå slutt, er Terje Søviknes tilbake i den store manesjen. (...).» (
- 2) Brødtekst: «Det betyr at Søviknes får sitt definitive comeback.»
- 3) Underoverskrift: «Trakk seg i 2001».
- 4) Avsnitt: «Søviknes trakk seg fra alle rikspolitiske verv i 2001, men har siden hatt en hatt en suksessfylt karriere som ordfører og fylkespolitiker.»
- 5) «– Jeg har alltid sett på ham som en rikspolitiker. Han har jo sittet i sentralstyret, og vært en viktig person for partiet også på landsnivå. Så det er en liten myte at dette er et comeback for ham.» (Mæland i BT 2016:6)

Søviknes-saka frå 2001 ikkje blir greidd ut om i sjølve teksten, utdraga over er eksempel på stader i teksten der ein kan tenka at det ville vera naturleg å presentera ei framstilling av kva som skjedde den gongen.

Til dømes ser vi i punkt nummer fire at konsekvensane av saka i 2001 blir omtalte, men ikkje kva som faktisk skjedde. Om ein allereie kjenner til saka, vil ein som leesar sjølvsagt kunna lesa noko mellom linjene her. Sånn sett kan ein seia at avisa ikkje legg føringar på korleis ein skal hugsa saka frå 2001. Derimot vil det for leasarar som til dømes er for unge til å hugsa saka, eller har blitt medlem av det norske samfunnet etter 2001, vera vanskeleg å forstå kva som skjedde. At ein karriere får ein «brå slutt», kan skje av mange andre grunnar enn ein slik sak. Det kan vera demokratisk tap av verv til betre kandidatar, sjukdom eller andre livshendingar. Gjennom

å utelata kvifor Søviknes trekte seg, kan ein også få inntrykk av at avisa ikkje meiner dette er særleg relevant informasjon i situasjonen.

Om ein las nyheitsartikkelen i papiravisa 19. desember 2016, ville ein likevel fått med seg meir om saka. I faktaboksen, som i avisa er presentert i samanheng med nyheitsartikkelen, heiter det at Søviknes «Trakk seg fra alle rikspolitiske verv i 2001 etter at det ble kjent at han hadde hatt seksuell omgang med 16-årig jente etter et landsmøte i Fremskrittspartiets Ungdom.» Denne faktaboksen er utelukka i nettutgåva av saka som blei publisert på kvelden 18. desember (Mæland i BT 2016 b). På bakgrunn av dette er det mogleg å påstå at kjernen i saka i alle fall ikkje frå første stund blei rekna som viktig og relevant i omtalen av statsrådbyttet.

Saka blir i den oppdaterte, trykte utgåva direkte omtalt berre ein gong, i faktaboksen, då som «seksuell omgang». Som ein kan sjå i det andre utdraget over, blir ministerposten også omtala som «Søviknes sitt ultimate comeback.» (Mæland i BT 2016:6). Comeback er eit låneord frå engelsk som for lengst er innarbeidd i norsk språk, og som blir nytta når ein kjendis, til dømes ein idrettsutøvar eller ein politikar, kjem tilbake etter å ha hatt ein pause (Store norske leksikon 2018) . Dette comebacket må også reknast som ei kategorisering av Søviknes-saka. Om ein kjem tilbake, må ein ha vore ein stad. Søviknes-saka, også når ho ikkje blir direkte nemnd, blir skriven om som årsak til og forklaring på kvifor Søviknes ikkje tidlegare har blitt minister. Slik sett blir saka i denne teksten kategorisert som noko som er over og ferdig. Det er rimeleg å anta at bruken av comeback er positivt lada her, eg les han som ei skildring av ein siger.

Søviknes-saka frå 2001 og kva ho handla om, får meir plass i nyheitsartikkelen *Klima-uenig med Carl I.* (Haugan i VG 2016:10) Som nemnt tidlegare tek artikkelen utgangspunkt i ein konflikt mellom Søviknes og han som i 2001 var leiar i Frp, Carl I. Hagen. I delen av teksten som handlar om Søviknes-saka, listar VG først opp posisjonane Søviknes hadde i 2001, før dei skriv at «Så eksploderte det. Det ble kjent at han hadde hatt seksuell omgang med en 16 år gammel jente på en fest i Langesund etter et landsmøte i Frps ungdomsorganisasjon.» (Haugan i VG 2016:10). Her også blir altså Søviknes-saka kategorisert som seksuell omgang mellom Søviknes og ei jente på 16 år. Det er også verdt å merka seg at den seksuelle omgangen i denne framstillinga av verkelegheita fann stad på fest etter eit landsmøte – ikkje til dømes på nachspiel i samband med eit pågåande landsmøte. Det er i tillegg slik at når VG tek utgangspunkt i kva tid saka blei kjend i offentlegheita, så kan det tenkast at dette gjer noko med korleis saka blir oppfatta. Det eksploderte når det blei kjent, det var altså ein mediesensasjon.

I tillegg til at VG si stemme skildrar Søviknes-saka, blir også både Søviknes og statsminister Solberg siterte i *Klima-uenig med Carl I.* under underoverskrifta «Full av anger» (Haugan i VG 2016:10). La oss først sjå på sitatet frå Søviknes: «Det som skjedde i 2000 og 2001 skulle aldri ha skjedd. Det var mitt ansvar og jeg har angret på det alle dager etterpå» (Haugan i VG 2016:10). Gjennom sitatet tek Søviknes skulda for «det som skjedde», og fortel at han angrar, utan å sjølv definera kva det var som skjedde. Dimed blir VG si skildring av «seksuell omgang» med «en 16 år gammel jente på en fest (...) etter et landsmøte (...) ikkje utfordra. (Haugan i VG 2016:10) Slik blir det etterlatne inntrykket at Søviknes tek ansvar for noko han har gjort, utan at vi blir minte på kva det var han var involvert i.

Statsminister Solberg blir sitert på at «saken med Søviknes resulterte i at politiet henla saken. Det er en klar og tydelig frikjenning. Da må vi spørre oss selv hvor lang tid det skal gå etter en sak, før folk kan bidra fullt ut.» (Haugan i VG 2016:10). I likskap med i sitatet frå Søviknes kjem ikkje Solberg med ein eigen definisjon av kjernen av det som skjedde i 2001. Sitatet legg likevel noko til VG si skildring. Gjennom å ta saka inn i eit juridisk univers, med bruken av frasar som «politiet henla saken» og «en klar og tydelig frikjenning» (Haugan i VG 2016:10), blir ein mint på eller klar over at saka også blei vurdert som ei mogleg kriminalsak.

Samtidig er det slik innanfor den juridiske diskursordenen at ein er uskuldig til det motsette er bevist, og følgeleg også om ein er mistenkt i ein sak som så blir lagt bort. Når dette er etablert, gir også resten av sitatet meinинг «(...) da må man spørre seg hvor lang tid det skal gå etter en sak, før folk kan bidra fullt ut.» (Haugan i VG 2016:10)

I kommentaren *Veien tilbake* skriv BT innleiingsvis at «Det er gått 15 år siden Terje Søviknes snublet ned fra tronen som kronprins i Frp.» (Gudbrandsen i BT 2016:3). I avsnitta som tek for seg Søviknes-saka meir inngåande, blir ho først omtalt som «skandalen i 2001», ein skandale som er det einaste «folk i andre landsdeler» (Gudbrandsen i BT 2016:3) kjenner til Søviknes for. I Hordaland, skriv avis, kjenner folk han derimot som ein pragmatisk politikar (Gudbrandsen i BT 2016:3). Overført kan dette lesast som at avisas meiner at saka vil opplevast som mindre relevant og viktig for dei som kjenner til Søviknes sitt lokalpolitiske virke i åra etter.

Men Søviknes-saka blir ikkje berre skiven om som «skandalen i 2001» i kommentaren, det står vidare at:

«Saken den gangen var likevel alvorlig. Søviknes var nestleder i partiet, og hadde seksuell kontakt med en full, 16 år gammel jente. Anklagene om voldtekt ble henlagt som «intet straffbart forhold», men som daværende partileder Carl I. Hagen sa det selv: Politiets avgjørelse «berører ikke det moralske aspektet. Det var en alvorlig feilvurdering og feil-bedømmelse.» (Gudbrandsen i BT 2016:3).

Utdraget som er sitert over er interessant fordi det skildrar og framstiller eit bilet av kjernen i saka. I korte trekk kan ein oppsummera, om denne skildringa er den einaste kjelda ein har, at Søviknes-saka handlar om ein nestleiar i eit politisk parti hadde seksuell kontakt med ei berusa jente på 16 år – det som skjedde var ikkje straffbart, men ei feilvurdering.

I portrettintervjuet *Å leve med sviket* er Søviknes-saka som nemnt eit gjennomgåande og stadig tilbakevendande tema. Om vi ser på korleis saka blir omtalt og kategorisert, liknar det mykje på det vi såg i nokre av eksempeltekstane frå 2001-dekninga. Søviknes si personlege oppleving og korleis saka råka hans privatliv, står i fokus:

«Drittsekken som var utro mot kona med en beruset 16-åring på landsmøtet i Fremskrittspartiets ungdomsorganisasjon. Løgnhalsen som etterpå bedyret at han «ikke hadde gjort noe galt». Omrent sånn tror han mange ser på ham. Skulle bare mangle. Han hadde tenkt det samme selv, om det var en annen det var snakk om. Det vil si: Den erfarte utgaven av Søviknes ville ikke tenkt det. Men 90-tallsversjonen.» (Storvand og Møller i VG 2016:44–50).

Dette avsnittet er det første etter ingressen, og er plassert under underoverskrifta «Angeren». Det er altså det første ein les om ein kjem forbi dei første inntrykka – overskrifta, ingressen og bileta, og det er frå Søviknes sitt perspektiv vi får presentert det heile. Drittsekk, utru ektemann, løgnhals – slik trur han at folk ser han. Vidare står det i same avsnitt: «Før alt raknet. Før den fatale natten i 2000. Før kronprinsen måtte gå av som 2. nestformann i Frp.» (Storvand og Møller i VG 2016:44–50).

Her er det plutseleg VG si stemme som er gjeldande, og Søviknes er skildra som kronprinsen som måtte gå av då alt rakna etter ei fatal natt. Neste gong saka kjem opp att, etter fleire avsnitt om oppvekst, lesevanskar og det nye tilværet som olje- og energiminister, er det i ei brå vending frå korleis han møtte eks-ektefellen:

«Mange år senere skal han fortelle henne at han har hatt sex med en 16-åring.- Hvordan forteller man noe slikt? – Det blir veldig personlig i forhold til meg og Jannicke, så jeg har egentlig ikke så veldig lyst til å gå i detalj på hvordan det skjedde oss imellom den gangen. – Men, for å si det på denne måten: Du går jo og kjenner på hvordan skal jeg fortelle dette, og så har du usikkerheten på hvordan reaksjonen vil bli. Jeg tenkte jo alle mulige utfall. Og så blir det som regel sånn at den det blir fortalt til, har både en form for sinne-reaksjon, en sorgreaksjon, og så blander dette seg, svarer han. – Jannicke var helt fantastisk den gangen. Hun bestemte seg for å stå ved min side. Det var stort av henne. Veldig stort. Én ting er utroskap, en annen ting er når du i tillegg står i den stormen der.» (Storvand og Møller i VG 2016:44–50).

Gjennom desse avsnitta blir Søviknes-saka manifestert som innanfor ein utruskapsdiskurs, slik vi også fann i dekninga frå 2001. Fokuset i spørsmåla på korleis saka verka inn på ekteskapet, korleis ektefellen reagerte og dei nøytrale orda «sex med en 16-åring» som indikerer eit samtykkande og likeverdig forhold.

Søviknes: ein veldig flink politikar

I *Søviknes blir ny oljeminister* (Mæland i BT 2016:6) blir Søviknes gjennomgåande kategorisert gjennom nøytralt eller positivt lada ordval. Han blir skiven om som «Søviknes» eller «Terje Søviknes» 12 gongar, og gjennom sitat frå kollegaar som gratulerer «Terje» to gongar. Avisa omtaler han som «mangeårig ordførar i Os», «Frps mest kjente politiker her vest», «suksessfylt ordfører og fylkespolitiker», «sentralstyremedlem i Frp». (Mæland i BT 2016:6)

Gjennom det som kan kallast dei gratulerande politikarstemmene – fylkesordførar (Arbeiderpartiet) og fylkesvaraordførar (Kristeleg folkeparti) i Hordaland, fylkesleiar i Frp Hordaland og ein stortingsrepresentant for Hordaland Frp (Mæland i BT 2016:6) – blir også Søviknes kategorisert på ein positiv måte. Lykkønskingar og oppmuntringar på tvers av parti og i fleng vitnar gjev eit bilet av ein godt likt person. I desse sitatdelane av teksten blir Søviknes mellom anna omtala som handlekraftig og ein av dei dyktigaste folka i Frp. I ein faktaboks om Søviknes, som typografisk er trykt tett opp mot sjølve saka i avisas, får vi blant anna presentert utdanning, arbeidserfaring og politiske verv han har hatt. Dette må også kunna kallast kategorisering som styrker Søviknes sin etos, eller truverd, som politikar og særleg som ny minister.

I *Klimauenig med Carl I.* blir Søviknes sitert på at «Det er det verste jeg har opplevd og jeg håper det er mulig å gå videre.» (Haugan i VG 2016:10). Gjennom å kategorisera saka som det verste Søviknes har opplevd, blir også han kategorisert. Han er ein som har opplevd noko forferdeleg, som han no må hugsa på og snakka om offentleg igjen.

Aviskommentaren *Veien tilbake* blir trykt i BT 20. desember 2016, to dagar etter at nyheita om at Søviknes blir oljeminister i Solberg-regjeringa, kjem. Ingressen lyder «Hans politiske motstandere mener Terje Søviknes (Frp) forstår og respekterer dem. Han høres ut som en mann Erna Solberg kan trenge.» (Gudbrandsen i BT 2016:3). Dette er stort sett måten Søviknes blir omtalt i denne kommentaren. Han er blant anna skildra som «en av Vestlandets aller mest respekterte lokalpolitikere», og det blir veklagt at dei som har samarbeidd med han, likar han godt (Gudbrandsen i BT 2016:3). Ifølge kommentaren snakkar andre politikarar «forbløffende varmt» om han, nyttar «rosende ord» og skildrar han som «ryddig», «etterrettelig», «til å stole på» og ein som «aldri bryter en avtale» (Gudbrandsen i BT 2016:3). Påstanden om at dette er eigenskapar Solberg kan vera interessert i, blir også gjenteken. Søviknes blir også kategorisert som ein veldig pragmatisk politikar. Det er alt i alt som politikar Søviknes først og fremst blir kategorisert og presentert i denne kommentaren.

Portrettintervjuet *Å leve med sviket* (Storvand og Møller 2017:44–50) strekker seg over heile seks sider i VG Helg 21. januar 2017, og er, som greidd ut om i tema-delen, ei slags danningsreise om kven Søviknes er, og kva som har forma han. Det er mange livsfasar og vendingar. Å ta for seg alle dei måtane han blir kategorisert gjennom ordvala som har blitt gjort i teksten, ville teke for mykje plass og vore til dels irrelevant for denne analysen.

Difor skal vi no kort oppsummera korleis Søviknes blir framstilt som person, og kva dette kan seiast å gjera med oppfatninga av saka, før vi går nærmare inn på dei delane av intervjuet som tek for seg saka særskilt og ser på korleis han blir framstilt i den samanhengen. Så, først kort om korleis han blir framstilt på eit overordna nivå: ein som er open og raus i møte med andre.

Dette biletet dannar seg blant anna gjennom å skildra omgjevnadene til Søviknes og hans nære på ein inngåande og detaljrik måte, og med ei forteljarstemme som er inne i hovudet på subjektet Søviknes. Til dømes i dette avsnittet, som skildrar noko frå ungdomstida til Søviknes:

«En kompis slet med samme utfordring [dysleksi, min anm.]. Og i motsetning til Terje ble han mobbet for det. Kompisen hadde mange tøffe dager, og Terje forsøkte å forsvare ham. Gå imellom. For det skjer noe med Søviknes når han oppfatter noe som urettferdig. Han kjenner det så sterkt: Sinne, frustrasjon. Det er stille sinne, synes ikke særlig godt på utsiden. – Jeg tror alle har en rettferdighetssans i seg, mer eller mindre. Hos meg er det mer.»
(Storvand og Møller i VG 2016)

Det eg meiner det er verdt å merka seg her, er at det er ein ganske glidande overgang mellom Søviknes si stemme og avisas si stemme her. Først er vi inne i hovudet til «Terje», som VG kallar han her, i ein del av teksten som nok må vera ei omskriving av direkte sitat. I det neste augeblikket er det plutselig avisas si stemme som skriv om Søviknes, og til slutt eit direkte sitat frå same kjelde. Denne forma, saman med detaljrikdomen og innsikta ein får inntrykk av å få i Søviknes sitt indre liv i intervjuet, kan nok vera med på å skapa ei nærliekskjensle mellom den som les, og den som er portrettert.

Når det gjeld korleis Søviknes blir namngjeven og kategorisert i dei delane som omhandlar Søviknes-saka direkte, heng det tett saman med funna i delkapittelet over om korleis saka blir kategorisert.

Denne framstillinga av Søviknes er gjennomgåande i intervjuet, han er ein angrande syndar. Når VG skildrar saka i meir detalj i brødteksten, står det blant anna at «Han sier som så mange ganger før: Det var hans ansvar det som skjedde den gangen. Det var et enormt feilgrep fra hans side. Det skulle aldri ha skjedd.» (Storvand og Møller i VG 2016).

Som vi ser gjennom desse eksempla på korleis både skriftspråk og andre modalitetar blir brukt for å forma framstillinga av Søviknes som person, er det etterlatne inntrykket av ein angrande syndar med eit reflektert forhold til ein feil han har gjort. Dimed kan ein absolutt seia at Søviknes i intervjuet blir framstilt som handlande, ein med agens, i samband med Søviknes-saka.

Han har altså gjort noko gale, men ikkje noko juridisk gale. Dette blir framheva blant anna i dette sitatet frå Søviknes: «– Det gikk så mange rykter den gang, mye var linket til at det skulle være snakk om straffbare handlinger. Jeg brukte begrepet 'har ikke gjort noe galt', men skulle vært mye mer nøye med ordvalget. Jeg skulle sagt at jeg ikke hadde gjort noe straffbart»

(Storvand og Møller i VG 2017:44–50). Og VG si eiga formulering: «Statsadvokaten henla saken som intet straffbart forhold.» (Storvand og Møller i VG 2017:44-50). I og med at vi straffar kriminelle, og det som er kriminelt, er det vi som samfunn meiner er dei verste tinga ein kan gjera mot andre, kan dimed ikkje Søviknes sitt feilsteg vera så grovt. Det minner meg også om ordspråket «alle kan gjera ein feil». I dette ligg det implisitt at det ikkje er så farleg. Alt i alt sit ein att med eit inntrykk av ein mann som er open og reflektert, som har gjort ein feil og er lei seg for det.

Jenta: Ei ansiktslaus jente

I faktaboksen i *Søviknes blir oljeminister* finn vi også den einaste omtalen av jenta i samband med denne nyheitsartikkelen: «(...) omgang med 16-årig jente» (Mæland i BT 2016:6). Eit interessant funn ligg i grammatikken, substantivet «ei jente» er her omtalt i ubunden form. Ho er ikkje, som vi såg ofte i dekninga i 2001, jenta/jenten. Ho er ei jente. Ho er heller ikkje 16-åringen, men 16-åring. Bestemt form av substantiv (jenta) peiker på nettopp eit bestemt eksemplar av kva substantivet tyder, i dette tilfellet på eit konkret individ. Ubestemt form peiker ikkje på eit konkret eksemplar eller individ, men peiker uspesifisert på den felleskategorien individet tilhørar. Det er nøytraliserande i den forstand at det slører til det individet det faktisk er snakk om, fordi det ikkje peiker direkte på det.

Oppsummert kan ein etter å ha lese denne artikkelen moglegvis sitta att med eit inntrykk av at kva saka i 2001 handla om, ikkje er så relevant for ministerutnemninga i 2016. Eventuelt sit kanskje nokon att med berre eit vagt inntrykk av at noko som helst i det heile hende i 2001. Jenta er mest ikkje omtalt, og når ho er nemnd i den tilhøyrande faktaboksen, er ho eit substantiv i ubunden form. Dette grammatiske valet kan gjera det vanskeleg å identifisera seg med eller å sympatisera med ho. Ho er nesten usynleg i denne nyheitsartikkelen.

Jenta blir som nemnd berre direkte kategorisert ein gong som «en 16 år gammel jente» (Haugan i VG 2016:10). Elles er ho tilsynelatande til stades ein gong til i løpet av dei fire avsnitta som omhandlar Søviknes-saka frå 2001. VG skriv at «Søviknes vil ikke si noe mer om saken fra den gangen og om han har bedt henne om unnskyldning. – Av respekt for alle involverte har jeg ikke tenkt å gå inn på detaljer (...).» (Haugan i VG 2016:10). Dette utdraget, som dels er forteljarstemma til VG og dels eit sitat frå Søviknes, er litt vanskeleg å forstå, det kjem etter eit avsnitt om kva statsminister Solberg meiner om saka. Likevel tolkar eg det slik at det er *jenta* VG lurer på om Søviknes har bedt om unnskyldning. I svaret blir jenta kategorisert som ein del av ei større gruppe menneske – nemleg «alle involverte» i saka – inkludert Søviknes! Når dei

to blir sidestilte på denne måten, kan ho ikkje vera eit offer i større eller mindre grad enn han. Slik blir ho også her usynleg, og plassert i same båt som «alle andre».

Også i innleiinga til portrettintervjuet *Å leve med sviket* blir jenta kollektivisert, det står at «Mye tyngre er tanken på alle de andre som Terje Søviknes (47) har rammet: Jenta. Familiene. Og sine egne barn.» (Storvand og Møller i VG 2017:44–50). I intervjuet er det også eit sitat frå Søviknes der det står «Men alle andre rundt – jenta, hennes familie, min familie, mine barn – har jo levd med dette hele veien.» (Storvand og Møller i VG 2017:44–50). Her blir jenta, i motsetning til i nyheitsartikkelen *Klima-uenig med Carl I.* (Haugan i VG 2016:10), ikkje sidestilt med Søviknes. Men ho blir sidestilt med «familiene» og Søviknes sine barn. Dimed er ho heller ikkje her eit tydeleg individ eller offer. Dei tre andre gongane jenta blir nemnd i intervjuet, er det som «16-åringen»: irekna «en beruset 16-åring» som Søviknes var utro med, og «en 16-åring» som Søviknes må fortelja til kona at han har hatt sex med. Kategoriseringa av jenta her bygger, i likskap med ein del av dekninga vi såg på frå 2001, opp om at jenta var ein likeverdig og sidestilt partner med Søviknes, og dimed er ho ikkje eit offer.

Også i *Veien tilbake* blir jenta omtalt som ein del av ei større gruppe menneske, men her er det snakk om at «Blandingen fyll og politikk har rammet unge kvinner i de fleste partier (...).» (Gudbrandsen i BT 2016:3). Her er ho på sett og vis gjort usynleg som individ, men gruppa ho blir plassert i, er heilt annleis enn gruppa «alle involverte» i Søviknes-saka som vi fann i nyheitsartikkelen *Klima-uenig med Carl I.* (Haugan i VG 2016:10). I kommentaren *Veien tilbake* blir jenta av-individualisert gjennom å bli ein del av gruppa «unge kvinner i dei fleste partier som har blitt ramma av blandinga av fyll og politikk». (Gudbrandsen i BT 2016:3)

Gjennom å sjå på modalitetene skriftspråk i dei fire eksempeltekstane ser vi altså at ser vi altså at jenta tek betydeleg mindre plass enn Søviknes i det som blir skrive i VG og BT i samband med at Søviknes blir peika ut som ny olje- og energiminister i desember 2016. Det same gjeld i dei visuelle modalitetane, jenta blir ikkje vist til i overskrifter, underoverskrifter og utdrag frå brødteksten som er blåst opp og framheva.

4.2.3 Agens

På mange måtar syner analysen av skildringar og ordval ovanfor at Søviknes blir gjeve agens, her forstått som grad av fleksibilitet – i kva grad ein aktør kan seiast å ha *kontroll over* eigne handlingar, og ansvarskjensle – i kva grad ein aktør *kjenner ansvar* for eigne handlingar (Enfield 2013). At han har gjort noko gale eller feil, blir eksplisitt framstilt både av avisene sine stemmer og gjennom sitat frå både statsministeren og Søviknes sjølv. Han har gjort feil, ja, men

ikkje i ein juridisk forstand, og for lenge sidan. Dette er ikkje eintydig, ein finn også eksempel som dette:

«Blandingen av fyll og politikk har rammet unge kvinner i de fleste partier. Det mest unike med Søviknes saken var trolig at den ble offentlig kjent, uten at det på noen måte gjør den mindre alvorlig. Om noe positivt kan sies om saken, må det være at den kanskje var begynnelsen på arbeidet med å bli kvitt ukulturen.» (Gudbrandsen 2016:3).

Påstanden som ligg i dette utsnittet er interessant. Det er blandinga av fyll og politikk som har ramma unge kvinner i dei fleste parti, ikkje til dømes «menn i dei fleste parti.». Agens blir på ein måte overført frå Søviknes til ein gruppe eller ein «ukultur». Det er ikkje berre han som har gjort feil, er ein påstand som ligg i denne påstanden.


Utsnittet minner om eit av funna frå analysen av dekninga i 2001, der Søviknes i ei av tekstane blir sitert på at «Alle vet at det foregår ting i organisasjoner, særlig når man møtes i festlig lag.» (Moen m.fl. i VG 2001:6). Det er likevel ein forskjell, i kommentaren frå 2016 blir det eksplisitt snakka om ein ukultur ein har og bør jobba for å bli kvitt. Det blir eit etterlate inntrykk av at denne typen saker er noko som moglegvis høyrer fortida til, eller i alle fall har blitt mindre vanleg. Det er i alle fall snakk om ein strukturell kultur som ikkje er ønskeleg. Det er altså 16-åringen som er ramma av saka, dei unge kvinnene som blir ramma av denne typen saker, og det understrekar kategoriseringa av Søviknes-saka som ei sak der Søviknes var den handlande og hadde agens. Samtidig blir viktigheita til saka nedvurdert som vanleg og del av ein større ukultur. Vi ser her at saka er tydeleg datert – det var ei alvorleg sak den gongen, ho er ikkje alvorleg i dag.

4.3 Visuelle modalitetar

Søviknes-saka tek lite visuell plass i dekninga i 2016–17-materialet. Søviknes tek, som i 2001, stor plass visuelt. Denne gongen kvalifiserer ikkje dette til eit funn om korleis saka blir presentert generelt, all den tid dekninga i 2016–17 er dominert av nyheita av at Søviknes blir minister, og vanleg nyheitsjournalistikk knytt til olje- og energifeltet. Hovudfunnet er likevel at Søviknes tek mykje plass, også når det er Søviknes-saka som er i fokus. Jenta er ikkje til stades eller representert i den visuelle framstillinga av saka, så vidt eg har klart å finna.

Å få eit overblikk over dei visuelle modalitetane i 2016–17-dekninga har vore vanskelegare enn for 2001-dekninga. Eg har ikkje hatt tilgang til korleis dei ulike tekstane blei presenterte visuelt med hjelp av typografiske verkemiddel den dagen dei blei publiserte på nett. Ei heller kva for nokre andre oppslag som var presenterte på nettsidene til avisene samtidig.

I det følgande presenterer eg eit eksempel på korleis Søviknes-saka blir framstilt visuelt i den aktuelle tidsperioden. Det er det store intervjuet med Søviknes som VG publiserer i helgemagasinet sitt VG Helg i samband med at han har blitt minister, vi skal sjå nærare på dei visuelle elementa i (Storvand og Møller i VG 2017:44–50). Vi kjem innom både fotografibruk og typografi undervegs.



Figur 3 Faksimile VG Helg 21. januar 2017, forside og side 44-45.

La først sjå nøyde på forsida til VG Helg laurdag 21. januar 2016. Ho er dekt av eit stort, mørkt biletet, midt på ser vi Søviknes i profil, han har på seg kvit skjorte og slips. Vi skimtar ei dressbukse der han sit med beina oppunder seg på ein barkrakk. Olbogane hans kviler på knea, ansiktet er lent mot fingertuppane på handflatene som står flatt mot kvarandre. Ansiktet har ei

alvorleg mine og blikket hans er vendt framover. Dette er det vi ser på eit denotativt nivå. På eit konnotativt nivå, altså gjeld det kva for nokre assosiasjonar biletet gir, minner kroppsposituren og uttrykket vakt om August Rodin sin verdskjente statue *Tenkeren* (*Le Penseur*). Søviknes ser i alle fall ut som han tenker grundig gjennom noko.

Overskrifta *Å leve med sviket* og underoverskrifta *Terje Søviknes' lange vei tilbake* er plassert midt i biletet. Her verkar den skriftspråklege og den fotografiske modaliteten saman. Om ein tek det for gjeve at den som les, kjenner til Søviknes-saka, kan vegen til å tenka at Søviknes sit og reflekterer over nettopp den saka, vera kort. Dette biletet, denne forsida, er eit blikkfang. Den einsame, tenksame mannen mot ein svart bakgrunn. Attpåtil er det på forsida, og difor det første inntrykket ein får av intervjuet med Søviknes. Personen på biletet ser alvorleg og tenksam ut, kanskje klok? Kanskje reflektert?

Neste gong vi møter Søviknes i denne utgåva av VG Helg, er på side 44 og 45. Her opnar intervjuet *Å leve med sviket*. På side 44 ser vi igjen Søviknes i profil, men denne gongen berre ansiktet hans. Han har blikket vendt oppover. Bakgrunnen er mørk. På side 45, som heng saman med side 44, er det berre mørk bakgrunn og påført med store, kvite bokstavar overskrifta *Angeren*, saman med ingressen. Her blir Søviknes omtala som ein fersk statsråd med det «evige selvoppgjøret» og tyngande tankar om dei andre han har ramma. Det handlar, om ein kjenner til det, heilt klart om Søviknes-saka. I samband med saka er han altså angrande og tyngd av tanken på det han har gjort.

Elles er det mange, små bilete i intervjuteksten. Av Søviknes som barn, ungdom, voksen, som politikar, fiskar, aleine og saman med andre. Også dei bileta som blir nytta for å framstilla eit bilet av verkelegheita i Søviknes-saka, er fokuserte på Søviknes. Jenta tek ingen plass.

4.4 Verkelegheitsbilete og diskursar i omtalen av Søviknes-saka i 2016–17

I det føregåande har vi sett at det i dekninga av Søviknes-saka i samband med at Søviknes blir minister, blir teikna eit verkelegheitsbilete av at saka er noko alvorleg som skjedde for lenge sidan. Søviknes blir teikna som ein dyktig politikar. Jenta er nesten ikkje til stades i det heile.

Eg argumenterer for at dette synleggjer at dekninga bygger ein slags tilgjevingsdiskurs gjennom å lena seg på ein juridisk diskurs, og på spor av nokre av diskursane vi såg i dekninga frå 2001: utruskapsdiskursen og maktmisbruksdiskursen:

- 1) *Tilgjevingsdiskursen* kjem til uttrykk gjennom eit fokus på at Søviknes-saka er noko som skjedde for lenge sidan, og at ein burde «gi folk ein ny sjanse». Ibuande i denne diskursen er også det faktum at Søviknes er så flink.
- 2) *Uskuldsdiskursen* heng ofte saman med tilgjevingsdiskursen, og hevdar at denne saka er irrelevant gjennom å peika på at i domstolen blei saka bevist som «intet straffbart forhold».
- 3) *Utruskaps- eller privatlivsdiskurs.*
- 4) *Spor etter maktmisbruksdiskurs.*

Maktmisbruk tek altså ikkje nokon stor plass i dekninga. Dette på trass av at konteksten har endra seg sidan 2001, og lovverket no omtalar maktmisbruk for å oppnå seksuell kontakt som eit lovbrot.

5 Minister og #metoo

I dette kapittelet skal eg presentera funna frå den tredje og siste tidsperioden, den strekker seg frå starten av oktober 2017 til desember 2018. Grunnen til at dette tidsrommet er valt ut, er for å fanga opp korleis omtalen av Søviknes-saka endrar seg med #metoo. Som i dei andre delane av analysen skal eg først presentera konteksten, kort sagt dei sosiokulturelle, situasjonsbestemte og tekstuelle omstenda tekstane eksisterer i. Etter det skal dei vala har avisa har gjort verbalspråkleg og visuelt, presenterast, og fokus er her som i dei andre kapitla å sjå på kva for nokre verkelegheitsbilete om Søviknes-saka som blir skapte eller reproduksjonar gjennom omtalen i avisene VG og BT, denne gongen frå #metoo blir eit fenomen og fram til Søviknes går av som minister.

Hovudfunnet er at det er eit sterkare fokus på offer, og at VG og BT har funne nye måtar å omtala offeret på. Det er likevel kort veg tilbake til ein omtale som liknar meir på den frå 2016–17 og når året er omme, er det ikkje mykje i omtalen av akkurat dette saka som tyder på at #metoo har hatt særleg effekt. Likevel, denne saka er av eldre årgang. Denne dekninga frå 2017–18 er allereie også rokke å bli godt over to år gammal.

5.1 Kulturkontekst

Å kartlegga og analysera kulturkonteksten rundt desse tekstane, som omtalar Søviknes-saka i lys av #metoo, har vore både enklare og vanskelegare enn for dei to andre kapitla. På den eine sida er det vanskeleg, fordi historia og forskingsfeltet framleis er i emning og på ingen måte er utskrive eller avslutta. Det er ikkje sett eit einaste punktum. Det er difor ein stor fare for at ein ikkje ser skogen for berre tre. På den andre sida er det enklare fordi historia nesten er samtidig og dimed enklare å gripa an og forstå. Noko av kulturkonteksten er særslig overlappande med slik vi skildra det i førra kapittel om omtalen før #metoo, men eg streifar likevel kjapt innom media, politikk, Framstegspartiet og Søviknes som offentleg person. Det mest sentrale er kva fenomenet #metoo er for noko, og korleis det kan ha prega tekstane.

5.1.1 #metoo

Som eg allereie har skrive litt om i innleiinga av denne oppgåva, blir #metoo revitalisert som ein emneknagg av skodespelar Alyssa Milano på sosiale medium-plattforma Twitter (Milano 2017) i etterkant av at skuldingar om overgrep og seksuell trakassering frå filmmogulen Harvey Weinstein blir publisert i avisa New York Times i oktober 2017. (Kantor og Twohey i NYT 2017).

#metoo blir eit fenomen også i Noreg. Gjennom undersøkinga av korleis media vinklar og skriv dei første seks månadene, finn Orgeret at det er to fasar i dekninga. Den første varer frå midten av oktober til midten av desember og blir kalla «kulturfasen», avisene er prega av yrkes- og profesjonsmiljø som går ut med #metoo-opprop mot seksuell trakassering (Orgeret 2019:5). Dette løfta kampanjen frå personlege historier til å handla om arbeidsgjevar sitt ansvar og at det er naudsynt med ei normendring i samfunnet (Orgeret 2019:5). Den neste fasen er ein politisk fase som startar med ei sak om avsløringar om Trond Giske i avisas *Dagens Næringsliv*. Orgeret skriv at i den første fasen er det over femti prosent kvinnelege journalistar som skriv om #metoo, og at dei brukar kvinnelege kjelder. Når den politiske fasen startar, kjem dei mannlige journalistane og kjeldene tilbake på banen. I nyhetsredaksjonane er politikkdekninga dominert av menn (Orgeret 2019:5).

5.1.2 Media

For aviser som VG og BT tok #metoo med seg mange utfordringar og moglegheiter til å tenka nytt om korleis ein jobbar med og skriv om saker som Søviknes-saka: «Metoo kom til Norge i oktober 2017, og det ble raskt tydelig at både fenomenet og mediedekningen av det innebar potensial for endring og journalistiske utfordringer.» (Orgeret 2019:1). Kristin Skare Orgeret undersøkte i 2019 gjennom innhaltsanalyse av mediedekninga av #metoo dei første seks månadene og kvalitative intervju med journalistar og redaktørar, blant anna frå VG og BT, kva for nokre profesjonsdilemma som oppstod i den norske #metoo-dekninga. Hovudfunna er at det oppstod utfordringar i samband med kjeldekritiske vurderingar, anonymitet og namngjeving av kjelder. I tillegg til spørsmål om korleis media dekker seg sjølv. Ho peikar og på at gjennom å synleggjera seksuell trakassering som eit strukturelt problem, er media med på å skapa normendringar (Orgeret 2019:1).

Med andre ord er det innanfor å seia at store mediehus som VG og BT av naudsyn på rask tid endra seg i korleis dei jobba fram saker som omhandla seksuell trakassering og/eller kunne plasserast innanfor #metoo-paraplyen. Artikkelen til Orgeret heiter «Profesjonsdilemmaer i den norske #metoo-dekningen» og handlar også om det. For mi problemstilling «*endrar #metoo kva for nokre diskursar som er gjeldande i dekninga av Søviknes-saka?*» og delproblemstillinga om kva diskursar ein finn i dekninga etter #metoo, er det mest interessante korleis språkbruken endrar seg, med fokus på dei tre aspekta Søviknes, jenta og saka.

Orgeret er innom dette i sin artikkel. Materialet hennar syner at seksuell trakassering blir skrive om som noko menn driv med og kvinner blir utsette for. Ho fann at ingen av redaksjonane ho

var i kontakt med, hadde «diskutert faren for å begå stereotype kjønnskategoriseringer i særlig grad.», dette kan tyda på at også andre problemstillingar som til sjuande og sist handlar om språkbruk, ikkje fekk plass i ei hektisk tid med naturleg fokus på kildevern. Desse funna seier noko om den store effekten #metoo hadde på korleis media omtalar seksuell trakassering, og korleis det endrar verkelegheitsbilete som blir skapt rundt sakar som har fellestrekks med Søviknes-saka.

5.1.3 Søviknes sin politiske karriere

Søviknes har vore minister i under eitt år når «den samfunnsomfattende #metoo-kampanjen» (Sletteland og Skare Orgeret 2020: baksida) blir ein del av det norske bevisstheita. Når #metoo kjem til Noreg i midten av oktober, er det berre ein månad sidan regjeringa han sit i, har fått fornya tillit etter eit stortingsval. Søviknes held fram i posisjonen som olje- og energiminister. I mars 2018, altså fleire månader etter at #metoo veks fram, kjem det ei rekke saker i norsk presse om Søviknes-saka frå 2001. Advokat Jannicke Keller-Fløystad søker på vegne av jenta om at saka blir gjenoppteken, og om valdsoffererstatning frå staten. Jenta lèt seg intervjuet for første gong sidan 2001. (Røren i BT³ 2018: 10).

I august 2018 går Søviknes av som minister med grunngjeving om at han ønsker meir tid med familien, same månad blir gjenopptaking og valdsoffererstatning avvist i rettsvesenet.

5.1.4 Situasjonskontekst

Situasjonen har endra seg mykje på kort tid, men når det gjeld situasjonskonteksten og dei dimensjonane som inngår i den, er det ikkje mykje som er endra sidan før #metoo. Eg viser dimed til skildringa av situasjonskontekst i førre kapittel.

³ Det høyrer med at journalisten bak intervjuet høyrer til Aftenposten sin redaksjon, ikkje BT sin. I og med at intervjuet blir publisert i begge aviser / på begge nettsider same dag, reknar eg det som ein del av omtalen i BT likevel.

5.2 Verbalspråklege modalitetar

5.2.1 Tema

Vi skal først sjå på kva tekstane tematiserer på overordna og underordna nivå – mikro- og makronivå. I tabellen under er sakene som inngår i denne analysedelen, lista opp, med tilhøyrande stikkord om kva dei tematiserer. Som vi ser, er det ei overvekt av pressetekstane som tematiserer jenta si versjon av saka:

	Avis	Dato	Tittel	Tema
1.	VG	16.11.2017	Ber kolleger fortelle om trakkassering: – Naivt å anta at det ikke skjer i politikken (Røset og Hansen i VG 2017)	#metoo i politikken
2.	BT	03.03.2018	I 18 år har hun levd med å være jenten fra Søviknes-saken. Nå forteller kvinnen om livet etter FpU-landsmøtet. (Røren i BT 2018:10)	Jenta si historie
3.	BT	03.03.2018	Søviknes: – Forstår at hun har behov for å fortelle sin historie i kjølvannet av #metoo (Ruud og Storefjell i BT 2018:12)	Søviknes sin reaksjon på jenta si historie
4.	BT	03.03.2018	Å være den jenten (Eikefjord i BT 2018:2)	Partia må læra av jenta si historie, #metoo i politikken
5.	BT	06.03.2018	Forsvarer valget av Søviknes (Fonden i BT 2018:11)	Statsminister: saka er gammal
7.	VG Nett	31.08.2018	Søviknes åpen om lykken – og den tunge saken (Haugan i VG 2018)	Søviknes går av, intervju

Tabell 9: tekstar 2017-18, med tema

Tekstane som tematiserer jenta si historie på makronivå, er publiserte mars 2018 og i samband med sak nummer to i tabellen. Sak nummer to er eit stort intervju med jenta som blei publisert i *BT* og *Aftenposten*. Eit viktig funn i materialet frå denne tidsperioden og i tekstane som representerer materialet her, er nettopp at jenta si historie tek meir plass enn både i 2001 og i den nære fortida før #metoo oppstod som fenomen.

Funnet er likevel ikkje eintydig. Når Søviknes blir intervjuet i samband med at han går av som minister, blir Søviknes-saka tematisert på mikronivå og til dels som ei byrde på Søviknes sine skuldrar. Dette kjem vi tilbake til seinare i analysen. Det er likevel utan tvil slik at jenta tek meir plass i den samla omtalen av saka enn ho gjorde både i samtida i 2001 og i tida mellom Søviknes blei minister i 2016 og fram mot #metoo. I det følgande skal vi sjå kva det er som er endra, både i korleis aspekta jenta, Søviknes og saka blir kategoriserte gjennom ordval, kven som blir framstilte med agens og ikkje, gjennom å sjå på kven som får plass og korleis, gjennom dei visuelle modalitetane pressefoto og typografi.

Som den årvakne leser vil oppdaga, er det dekninga av saka i BT i mars 2018 som dominerer utvalet av tekstane i dette analysekapitelet. Dette er eit val som er gjortmedvite. Det er i mars at denne saka får mest merksemd i #metoo-tidsperioden. Dekninga i VG i mars 2018 liknar og er basert på BT si dekning, og er difor ikkje tatt med i utvalet. Før det er saka som nemnt mest berre referert til som eit døme frå fortida. Etter mars blir merksemda rundt saka mindre, før ho igjen får litt oppslag i samband med Pride og så når Søviknes går av som minister i august 2018.

5.2.2 Kategorisering av Søviknes, jenta og saken

Som nemnt før har eg delt inn undersøkinga av ordval i omtalen av Søviknes-saka i tre aspekt: Eg ser særskilt på korleis jenta, Søviknes og sjølve saka blir omtalt. Desse tre aspekta heng tett saman, men i det følgande presenterer eg dei kvar for seg, då dette gir ei viss oversikt og synleggjer funna. Hovudfunnet er at Søviknes blir kategorisert som ein som har gjort seg skuldig i seksuell trakassering, han blir forstått som ein del av eit strukturelt problem. Jenta derimot, blir individualisert. Saka blir løfta opp som eit eksempel på korleis ein ikkje skal handtera maktmisbruk og seksuell trakassering.

Søviknes

Vi startar med Søviknes. Når det gjeld framstillinga av Søviknes i nyheitsartikkelen *Ber kolleger fortelle om trakassering* (Røset og Hansen i VG 2017), vil eg argumentera for at han kategorisert som ein som utan tvil har gjort seg skuldig i seksuell trakassering. Saka tematiserer, som nemnt i tabellen over, at ein burde varsle om seksuell trakassering i politisk samanheng. Tina Bru (Høgre) og Anniken Huitfeldt (AP) går saman ut og, som det står i ingressen, «oppfordrer kvinner i politikken til å si ifra om de har opplevd seksuell trakassering.». Søviknes-saka kjem inn gjennom eit sitat frå Huitfeldt: «– ‘Dette kunne også skjedd i Arbeiderpartiet’, sa jeg da Søviknes-saken sprakk mens jeg var ung AUF-jente.» (Røset og Hansen i VG 2017). Når dette sitatet får plass utan noko motstemme, og er ein del av ein tekst

som har overskrifta «Ber kolleger fortelle om trakassering (...)» og #metoo som tema, er det etterlatne inntrykket at Søviknes er skuldig i seksuell trakassering.

I det store portrettintervjuet med jenta som BT publiserer i mars, er det mest interessante at Søviknes fleire gongar blir kategorisert som ein del av ei større gruppe. Av BT-stemma blir han omtala som ein del av gruppa «maktpersoner» og som «... en mann med makt som stadig dukker opp i mediene», av advokaten til jenta som «en av to voksne politikere» som jenta meiner seg krenkt av, og av jenta som ein av «mennene» som ansvaret no rettmessig blir lagt på (Røren i BT 2018:10). BT-stemma fortel også at jenta skildrar han som ein som hadde enorm makt over ho, fordi han var kjendis. Denne kollektiviseringa av Søviknes kan seiast å stilla han som person i skuggen. Elles er tolkinga av dei andre måtane Søviknes blir namngjeven på, kontekstavhengig – jenta nemner at han var nestleiar og ordførar i sitata sine, BT refererer til han som blant anna «daværende nestleder i FRP» (Røren i BT 2018:10). Med den nye #metoo-bevisstheita rundt seksuell trakassering som ein del av konteksten, verkar namngjeving som «daværende nestleder» å vera negativt lada.

I ei av oppfølgingssakene som blir publisert i BT same dag som intervjuet med jenta med tittelen *Søviknes: – Forstår at hun har behov for å fortelle sin historie i kjølvannet av #metoo* (Ruud og Storefjell i BT 2018:12), blir Søviknes intervjuet om sin reaksjon på det jenta har fortalt til avis. Det kanskje mest interessante er korleis spørsmåla er stilt. Dei er meir lukka enn ein såg i til dømes intervjuet *Tok det tungt*, som eg analyserte i 2001-kapittelet. No spør blant anna avis «– Bortsett fra hendelsen den natten, som du har beklaget – er det andre ting du burde har (sic) gjort annerledes i saken. Er det noe annet du angrer på?». Denne formuleringa og framvisinga av han i teksten verkar å vera medviten. Det opnar ikkje opp for eit mangfold av svar. Det same gjeld i eit oppfølgingsspørsmål «– Sier du at dere mistet innholdet litt av synet fordi makkampen utgjorde rammen rundt?» (Ruud og Storefjell i BT 2018: 12). I motsetning til meir opne spørsmål som til dømes «angrar du?», er det her ikkje opning for å svara «ja, fordi (...)».

I kommentaren *Å være den jenten* (Eikefjord i BT 2018:2), som også blir trykt i BT same dag som dei to intervjuia, er tema, som nemnt i tabellen #metoo i politikken, nærmare bestemt kva partia kan læra av Søviknes-saka. Hovudfunnet i denne kommentaren når det gjeld korleis Søviknes blir framstilt, er at han også her i mindre grad blir omtalt som eit individ: «Uansett: Søviknes-saken handler ikke bare om en ordførers spektakulære fall og veien tilbake. Den handler om et parti som løy og bagatelliserte, og en jente (...).» (Eikefjord i BT 2018: 2).

Søviknes er her og fleire stader i kommentaren kategorisert som ein del av Frp. Avisa rettar merksemda vekk frå individet, det handlar ikkje *berre* om han i alle fall, og Søviknes blir ein del av partiorganisasjonen som må ta ansvar. Dette funnet av at Søviknes blir forstått som eit eksempel på og ein del av ei gruppe som har gjort seg skuldig i seksuell trakassering, samsvarer med Sletteland sitt funn av at den første dekninga av #metoo i Noreg, overlappande med fasen Orgeret kallar «kulturfasen» (2019), er prega av ei strukturell forståing av seksuell trakassering (Sletteland 2018). Denne strukturelle forståinga kjem også til syne i desse tekstane frå mars 2018.

I nyheitssaka *Forsvarer valget av Søviknes* (Fondenes i BT 2018:11), som kjem på trykk eit par dagar etter sakene over, blir statsminister Erna Solberg sin reaksjon på jenta si historie tematisert. Ho startar med å skildre saka som eit strukturelt problem: «Solberg forteller at hun har stor sympati med kvinnen. – Det er til ettertanke for oss alle at sårbare unge mennesker skal tas vare på i våre politiske organisasjoner, og ikke oppleve å bli utnyttet eller utsatt for ting de ikke selv ønsker.» (Fondenes i BT 2018:11). Dette er igjen i samsvar med Sletteland, som finn at forståinga av seksuell trakassering i tillegg til å vera strukturell, er knytt til arbeidslivet og andre «stader» der folk jobbar saman, til dømes i eit politisk parti (Sletteland 2018).

Likevel er Søviknes meir individualisert i denne nyheitssaka enn i dei føregåande tekstane, sitatet frå Solberg held fram slik:

«– Så mener jeg samtidig at dette ikke forandrer på saken som er at Terje Søviknes gikk av som nestleder, ikke fikk komme på Stortinget og ikke fikk ha en nasjonal politisk karriere på 17 år. Nå har han kunnet komme tilbake, fordi det må være sånn i vårt samfunn at vi gir folk nye sjanser, sier hun videre.»

Når VG intervjuar Søviknes i august, i samband med at han går av som minister, er det strukturelle synet på seksuell trakassering tilsynelatande ikkje lenger til stades. I intervjuet *Søviknes åpen om lykken – og den tunge saken* kategoriserer VG Søviknes først og fremst som familiefar, til dømes i ingressen: «Terje Søviknes (49) fridde til kjæresten, Anne Fenstad (46), for to år siden, men har ikke fått roet seg til å gifte seg. Han gråt med sin datter torsdag, da hun fikk vite at han kommer hjem. Av glede.» (Haugan i VG 2018). Som ein kan lesa av overskrifta, er Søviknes-saka også eit tema. Til forveksling likt dekninga i 2001, spør avis til dømes «– Det må være frustrerende at den saken kaster skygger, 18 år etter?». Søviknes svarer: «– Ja, det er frustrerende, ikke minst fordi en så gammel sak stadig er noe jeg må prate med barna om. De ønsker å få vite hva som skjer». Fokus ligg her på at Søviknes er *familiefar*, medan han i mykje

av dekninga i 2001 var *ektemannen*. Desse rollene er personlege, og Søviknes som eit aspekt i saka er igjen skildra og skapt som eit individ. Desse så å seia lokale diskursane, utruskapsdiskursen frå 2001 og denne – skal vi kalla det «familiefardiskursen» – frå 2018, kan kanskje seiast å høyra til same diskursorden: ein sosial praksis der vi snakkar om seksuell trakassering og eksempel på dette som individuelle hendingar som rammar alle involverte når dei blir kjente og diskuterte.

Jenta

Jenta blir også, dei gongane Søviknes-saka dukkar opp som eit referansepunkt tidleg i dekninga av #metoo i Noreg, kollektivisert. I *Ber kolleger fortelle om seksuell trakassering* blir saka nytta som eit eksempel i samband med at «kvinner i politikken» blir oppfordra til å «si ifra om de har opplevd seksuell trakassering» (Røset og Hansen i VG 2017). Det er likevel ein annan type kollektivisering: der ho før ofte blei ein av fleire offer i Søviknes-saka, er ho her eit eksempel på ein type offer.

I mars 2018 er det som om ho har motsett utvikling enn Søviknes som aspekt i Søviknes-saka. I intervjuet med ho skriv BT: «I 18 år har hun levd med å være jenten fra Søviknes-saken. Nå forteller kvinnen om livet etter FpU-landsmøtet.». I resten av saka er ho kvinne i no-tid og jenta i fortid, men mest heile tida er ho «Thea» (Røren i BT 2018:10). Ho blir referert til som «17 år gamle ‘Thea’». Avisa gir ho namnet Thea. Sjølv om jenta framleis er anonym, gjer bruken av eigennamn at ho kjem litt nærare på oss. Om ein kjenner nokon ved og kan referera til nokon med eigennamn, verkar det meir intimt og nært enn til dømes bruken av «jenta» eller liknande. Jenta blir også referert til på mange ulike vis, som vi og såg i dekninga i 2001 og 2016–17 før #metoo, til dømes som «en 16 år gammel FpU-delegat» når avisas attgjev det Hagen sa på pressekonferanse i 2001, «kvinnen», «Thea», og ho som for alltid vil vera «Søviknes-jenten». (Røren i BT 2018:10).

Jenta blir altså tydelegare som individ, men samtidig blir ho framstilt som ein representant for ei gruppe, til dømes her: «– Jeg ønsker å være en stemme for alle som blir utsatt for overgrep fra maktpersoner.» I kommentaren *Å være den jenten* har aspektet jenta same funksjon, som til dømes i ingressen: «Søviknes-saken handler om to personer. Den ene sitter i regjering. Den andre gikk nesten til grunne. Alle politiske partier kan lære av hennes historie.» (Eikefjord i BT 2018:2). Ho, og Søviknes, er først kategorisert som personar, før jenta si historie blir kollektivisert som eit døme på kva ein som parti ikkje skal gjera i møte med det strukturelle problemet seksuell trakassering. I intervjuet med Erna Solberg er jenta igjen framstilt med

mindre nærleik. Ho er ikkje «Thea» eller noko slikt, ho er «kvinnen» (Fondenes i BT 2018). Avisa innleier eit av sitata frå Solberg med å skriva at statsministeren «(...) forteller at hun har stor sympati med kvinnen.». Men sitatet frå Solberg handlar eigentleg ikkje om «kvinnen»: «— Det er til ettertanke for oss alle at sårbare unge mennesker skal tas vare på i våre politiske organisasjoner, og ikke oppleve å bli utnyttet eller utsatt for ting de ikke selv ønsker, (...).» (Fondenes i BT 2018). Det etterlatne inntrykket blir at Solberg meiner at seksuell trakassering er eit strukturelt problem, om ho ikkje brukar akkurat dei orda. Formuleringa har og med seg at fokuset blir flytta vekk frå jenta.

I intervjuet med Søviknes i samband med avgangen hans i august 2018 er jenta nesten fråverande. I overskrifta og innleiingsvis blir saka nemnd «som den tunge saken» (Haugan i VG 2018), utan at jenta blir referert til direkte eller indirekte. I nummer fem av sju avsnitt kjem Søviknes-saka frå 2001 opp som eit mikrotema i teksten, og makrotema i det avsnittet. Overskrifta er «En stor belastning» og avsnittet held fram med at «Kvinnen ønsker saken gjenopptatt.» (Haugan i VG 2018). Ho blir ikkje referert til igjen, sjølv om saka tek opp to avsnitt. Stemma hennar er fråverande, og referansen til ho som eit aspekt i saka er også vekke.

Saka: eit eksempel på maktmisbruk, men fort gløymd

Som de som les, kanskje allereie har sett av avsnittet over, der eg skriv om korleis jenta blir mindre synleg att, som både individ og i det heile: Aspektet «saka» har også ei slik utvikling i korleis ho blir kategorisert. I saka vi brukar som eksempel frå rett etter #metoo blir eit fenomen i norsk offentlegheit, ser vi at saka blir brukt som eit døme på seksuell trakassering: «Både hun [Tina Bru (H) mrk.] og Huitfeldt understreker at det har vært saker om både overgrep og trakassering i både Høyre og Arbeiderpartiet. – «Dette kunne skjedd i Arbeiderpartiet», sa jeg da Søviknes-saken sprakk mens jeg var ung AUF-jente.» I sakene som kjem ut i mars 2018 og som omhandlar jenta sitt første og einaste intervju sidan 2001, er saka tydeleg definert som eit eksempel på seksuell trakassering, og seksuell trakassering er forstått som eit strukturelt problem. I intervjuet med jenta blir ho sitert på at ho vil vera ei stemme for dei «(...) som blir utsatt for overgrep fra maktpersoner» (Røren i BT 2018:10). Jenta får definera saka på sine premissar, utan at hennar versjon blir ståande uimotsagd. Men hennar versjon, og kategoriseringa av saka som eit overgrep, blir ikkje motsagd eller trekt i tvil i same setning.

Saka si kjerne blir dimed konstruert som overgrep frå maktpersonar, altså maktmisbruk. Dette ser vi også i oppfølgingsintervjuet med Søviknes same dag, avisas spør: «— Forstår du at kvinnen har behov for å fortelle sin historie, siden hun ikke har sagt noe offentlig siden 2001?» og

Søviknes blir sitert på svaret: «–Ja, jeg kan forstå det, ikke minst i kjølvannet av #metoo». Dette svaret må kunne tolkast som at han kan forstå det i og med at det den siste tida har vore fokus på maktmisbruk og seksuell trakassering.

I intervjuet med Søviknes frå august 2018 blir saka skildra på denne måten:

«Fredag ble han igjen spurta om katastrofen som rammet en ung jente – og ham selv – i 2000. Søviknes medga at han hadde seksuell omgang, men avviste kategorisk at det dreide seg om noe annet enn sex med samtykke fra begge parter. Saken ble henlagt som intet straffbart forhold, men den saken har i mange år stått i veien for hans rikspolitiske karriere og det tok nesten 17 år før han kunne vende tilbake; det skjedde da han ble olje- og energiminister 16. desember 2016.»
(Haugan i VG 2018)

Dette utdraget er interessant, fordi det syner at ein større vilje til å gå inn og legga fram kva som skjedde med ganske nøytrale og ikkje lada ord. Ved første augekast ser det ut til å vera i tråd med eit verkelegheitsbilete der saka dreier seg om maktmisbruk. Ser ein ein gong til, derimot, ser ein at siste setninga også bygger opp eit bilete av at dette er ei sak som har råka Søviknes som privatperson og politikar. Saka har stått i vegen for hans politiske karriere. Spørsmåla om saka reflekterer det same: «– Det må være frustrerende at den saken igjen kaster skygger, 18 år etter?», og når Søviknes fortel at Søviknes-saka og den nye merksemda rundt den ikkje er årsaka til at han gir seg: «– Men det at den aldri helt slipper taket, er det en del av bakteppet (...) som gjør at du gir deg relativt kort tid etter du ble statsråd?». Med desse spørsmåla tek VG eit aktivt val om å bruka ord om saka som får ho til å handla om Søviknes, og dimed ikkje om maktmisbruk.

Alt i alt dannar kva for nokre ordelag som blir brukt om Søviknes, jenta og saka når #metoo kjem til Noreg i oktober og til og med runda i mars 2018, og korleis desse tre aspekta ved Søviknes-saka blir kategoriserte, eit verkelegheitsbilete der saka er eit eksempel på eit tilfelle av seksuell trakassering, forstått som eit strukturelt problem. Søviknes er dimed eit eksempel på ein person i ein maktposisjon som har misbrukt denne. Jenta blir individualisert og blir dimed truleg enklare å sympatisera med, medan Søviknes mister sympati når hans person ikkje lenger er fokuspunkt. Når jenta blir skriven inn i ei gruppe eller kollektivisert, er det som eit eksempel på nokon som har blitt råka av seksuell trakassering eller maktmisbruk i vidare forstand. Saka blir på den måten ei sak som handlar om maktmisbruk.

Nokre månader seinare, i august, er ikkje denne definisjonen av saka som maktmisbruk like tydeleg. Fokuset ligg igjen på Søviknes og korleis han har det, og det blir danna eit bilete av

ein familiefar som er råka av saka (Haugan i VG 2018). Jenta er på ny jenta i fortida, og vanskeleg å sympatisera med. Dette tyder ikkje at det forsterka og tydelegare maktmisbruksperspektivet er vekke, men det er ikkje like til stades og sjølvsagt å ha med kvar gong saka blir omtalt.

5.2.3 Agens


Å sjå på agens, forstått som fleksibilitet – i kva grad ein har *kontroll over* handlingane sine og som ansvarskjensle – i kva grad ein *kjenner ansvar* for handlingane sine, gir også interessante funn. Av funna frå undersøkinga av ordval og kategorisering ovanfor har vi sett at det dannar seg eit bilet av saka som eit tilfelle av seksuell trakassering og maktmisbruk. Ein konsekvens av dette er at agens både som fleksibilitet og som ansvarskjensle blir lagt på Søviknes sine skuldrar. Jenta, som når ho blir skildra som person i 2001 i mange tilfelle blir gjeven større grad av agens, blir derimot ståande igjen utan agens, som ho sjølv blir sitert på: «Nå føler jeg det er en sjanse til å bli hørt, at ansvaret plasseres der det hører hjemme – hos mennene. Jeg har følt meg så skamfull, jeg har båret det som om det var min feil, sier hun.» (Røren i BT 2018:10).

Samtidig blir jenta også gjeven agens, men ikkje som ein part i saka. Ho blir gjeven agens til å fortelja om det ho har opplevd på andre premissar enn før. Ho tek kontroll over handlingane sine, fleksibilitet, BT er gjennomgåande opptekne av å understreka at ho sjølv vel å fortelja: «En viktig grunn til at Thea vil fortelle sin historie nå, er #metoo.» (Røren i BT 2018:10). I tillegg syner ho også ansvarskjensle for handlingane sine: «– Jeg ønsker å være en stemme for dem som blir utsatt for overgrep (...).».

5.3 Visuelle modalitetar

Som i dei føregåande analysekapitela skal eg her visa nokre eksempel på korleis Søviknes-saka blir framstilt visuelt, og undersøka kva for nokre verkelegheitsbilete som blir danna i dei. I held fram der vi slapp, med ein skjermdump av deler av nettutgåva av intervjuet jenta gjev i mars 2018. (Røren i BT 2018: 10).

I 18 år har hun levd med å være «den jenten». Nå forteller kvinnen fra Søviknes-saken om livet etter FpU-landsmøtet.



– Jeg ønsker å være en stemme for alle som blir utsatt for overgrep fra maktpersoner. De bør ikke vente så lenge som jeg har gjort med å snakke.

Figur 4 Skjermdump frå bt.no, saksa 7. mai 2020. (Røren i BT 2018).

På det denotative eller deskriptive nivået ser vi eit fotografi av nokon med mørkt hår og vinterbleik hud. Hen held seg over ansiktet med det som ser ut til å vera høgre handa. På eit konnotativt nivå fortel biletet oss noko om kjensler. Eg vil be deg som les om å legga ansiktet i handa på same måte som jenta gjer det i biletet, kva for nokre kjensler gir det deg assosiasjonar til? Sjølv tenker eg på å ville gøyme seg fordi ein er så sliten, fortvila eller på anna vis nedbroten. Overskrifta og sitatet som er framheva fortel oss 1. Kva som blir tematisert i intervjuet og 2. Kvifor intervjuobjektet vil bli intervjuet. Bilete legg til eit kjenslemessig nivå på både tema og grunngjeving, det er rimeleg å tru at mottakar forstår at teksten tek for seg noko som er vanskeleg for personen på biletet. I og med at det berre er ein person på biletet, denne er i fokus og utsnittet er nært, kan ein seia at individualisering er realisert (Ledin & Machin 2018: 54). I samspel med den visuelt framheva skriftlege verbalspråklege modalitetten, her i overskrift og sitat, blir jenta på tross av at ho er anonymisert, synleg for oss. Dette er gjennomgåande i biletbruken også i resten av intervjuet. (Røren i BT 2018).

Det neste eksempelet eg skal ta for meg er også ein skjermdump frå ei nettside, denne gongen VG Nett og portrettintervjuet *Søviknes åpen om lykken – og den tunge saken* frå august 2018. Her ser vi på det denotative nivået eit halv nært utsnitt av ein mann og ei kvinne som står tett saman, han har armen rundt henne. Han har på seg skjorte og dress, ho bluse og tynn boblejakke. Begge smiler til kamera. Begge har eit raudt band rundt halsen, av typen ein brukar til å festa kort eller nøklar i, og bak dei er det ei stor folkemengd framfor ei scene. Av biletteksten veit vi at dei er på festival, og at dei to på biletet er Søviknes og ho han er trulova med. På same måte som med biletbruken i saka *Tok det tungt* frå 2001-dekninga vil eg påstå at Søviknes, til trass for at han er avbilda i lag med ei anna, er individualisert.



Søviknes åpen om lykken – og den tunge saken

Terje Søviknes (49) fridde til kjæresten, Anne Fenstad (46), for to år siden, men de har ikke fått rotet seg til å gifte seg. Han gråt med sin datter torsdag, da hun fikk vite at han kommer hjem. Av glede.

Figur 5 Skjermdump fra vg.no, saksa 7. mai 2020. (Haugan i VG 2018).
<https://www.vg.no/nyheter/innenriks/i/JIAPRm/soeviknes-aapen-om-lykken-og-den-tunge-saken>

5.4 Verkelegheitsbilete og diskurs

Etter #metoo-omtalen kan på bakgrunn av analysen seiast å vera prega av maktmisbrukdiskursen som vi ser ligg der, men som ikkje blir løfta fram, i 2001-dekninga. Her er den meir eksplisitt. Analysen syner at maktmisbrukdiskursen likevel ikkje får plass når privatlivsdiskursen igjen dominerer i august. Dette skal vi sjå nærmare på i konklusjonen.

6 Konklusjon

I dei tre føregåande kapitla har eg greia ut om funna eg har gjort gjennom å analysera utvalde tekstar frå omtalen av Søviknes-saka i avisene VG og BT i tre ulike tidsperiodar. I det følgjande skal eg drøfta hovudfunna opp mot kvarandre for å svara på problemstillinga eg presenterte innleiingsvis: *kva for diskursar ligg til grunn for omtalen av Søviknes-saka og korleis endrar desse seg med #metoo?*

Gjennom analysen har eg peika på ulike diskursar, altså kva for nokre historisk og institusjonelt forankra tenke-, tale-, handlings- og veremåtar (Tønnesson red. 2002), (Fairclough 2003), som går att i omtalen av Søviknes-saka og korleis desse endrar seg over tid og i lys av konteksten dei går inn i.

I 2001-omtalen fann eg 1) ein privatlivs- eller utruskapsdiskurs, byggja opp av eit verkelegheitsbilete av at kjernen i saka var at *ein gift mann* (Søviknes) hadde hatt sex med ei anna enn ektefellen sin. Ofte tett samanvevd med utruskapsdiskursen, fann eg 2) ein politisk maktkampdiskurs. Maktkampdiskursen i 2001-omtalen kom fram gjennom framstillinga av saka som ein strid om posisjon og makt i Frp. I denne verkelegheita var Søviknes ein politikar som nokon ville råka og jenta si historie eit verkemiddel for å råka han. Den tredje diskursen eg fann sameksisterte også ofte i lag med dei to foregåande: 3) Ein uverdig offer-diskurs. I dette biletet av verkelegheita er det ein mann (Søviknes) som har hatt samtykkande sex (saka) med ei jente som ikkje er til å stola på og som burde ta ansvar for eigne handlingar (jenta). Innanfor denne diskursen dukkar for eksempel påstanden om at «alle vet at det foregår ting i organisasjoner». At det dannar seg eit verkelegheitsbilete av at kjernen i saka er ei affære som råkar ved eit ekteskap, og dimed må kunne seiast å tilhøyra ein diskurs som reproducerer ein doxa, altså det samfunnet tek for gitt som sanning (Hågvar 2007: 52), som seier at ein seksuell relasjon mellom to medlem av same parti, eit ungdomspartimedlem på 16 og ein gift og prominent politikar på 32 år er ein privat og ikkje urovekkande sak.–Det finst også ein 4) maktmisbrukdiskurs. Den er ikkje dominante, men den er der. I maktmisbrukdiskursen er verkelegheitsbilete som blir skapt at ein kjent politikar (Søviknes) har misbrukt makta si for å skaffa seg sex (saka). Dimed blir jenta eit meir truverdig offer.

Funna frå perioden frå Søviknes blir minister for første gong desember 2016 og fram til #metoo blir eit fenomen i oktober 2017 er i korte, overordna trekk at det eksisterer ein 1) tilgivingsdiskurs som er tufta på ideen om at folk burde få ein ny sjanse, og 2) ein uskuldsdiskurs som seier at i og med at saka blei henlagt av politiet som ‘intet straffbart forhold’

er den irrelevant. Søviknes, og det faktum at han er ein flink politikar, får mykje plass i denne framstillinga. Jenta får ingen plass. Utruskapsdiskursen er også å finna i denne tidsperioden, og som i 2001 blir saka omtalt som ein del av historia om Søviknes sitt ekteskap og familieliv. Det er også nokre spor av ein maktmisbruksdiskurs, når seksuelle relasjonar mellom unge kvinner og vaksne menn i partipolitisk samanheng blir karakterisert som ukultur. Om noko er ein ukultur, ligg det i det at der noko vi som samfunn ikkje vil ha.

I omtala av Søviknes-saka i tida etter at #metoo oppstår som eit fenomen og til Søviknes går av som minister hausten 2018, trer maktmisbruksdiskursen fram frå skuggen og tek stor plass. Saka blir først brukt som eit eksempel på maktmisbruk og seksuell trakassering, og får sidan ein ny dimensjon når jenta gjer sitt første intervju sidan intervjuet med NRK Brennpunkt i mars 2001. I intervjuet i BT (Røren i BT 2018) er det jenta som får teikna verkelegheitsbilete. I dette verkelegheitsbilete er det ikkje rom for ein diskurs som behandler saka som ei historie om utruskap, med Søviknes som hovudkarakter. Jenta blir framstilt som eit individ både gjennom ord- og biletbruk. Når saka igjen blir eit tema i eit intervju med Søviknes i august 2018, ser vi likevel at også privatlivsdiskursen framleis er levande. Ein interessant konsekvens av at privatlivsdiskursen dukkar opp, er at den ser ut til å ikkje kunna sameksistera med maktmisbruksdiskursen. I privatlivsdiskursen er Søviknes i fokus, og det er ikkje rom for at privatlivsdiskursen og maktmisbruksdiskursen kan sameksistera i same tekst. Det ser ut til at den eine skuggar for den andre.

Med #metoo får vi altså ei endring der maktmisbruksdiskursen, som det finst spor av også i dei to føregåande tidsperiodane, blomstrar opp og tek stor plass. Kort oppsummert blir dette på tekstnivå realisert gjennom at Søviknes blir av-individualisert, og kollektivisert som ein del av eit strukturelt problem der menn misbrukar makt i møte med unge kvinner. Jenta blir derimot individualisert både gjennom kva grad dei blir skrive om, kva for nokre ord som blir brukt når desse blir kategorisert og korleis dei blir representert visuelt. Når ho i nokre tilfelle blir kollektivisert, er det som eit eksempel på at mange kvinner opplever å bli utsette for maktmisbruk.

6.1 Kva så? Konkrete språktips etter #metoo

Kva så? Kva skal vi med desse analysefunna? Eg meiner dei kan vera eit nyttig grunnlag for eit nytt sett med prinsipp for kva for nokre ord og bilete vi nyttar innanfor pressetekstsjangeren. Orgeret (2019) syner at norske avisredaksjonar hadde diskusjonar knytt til etikk i samband med #metoo. Forskinga hennar finn blant anna at avisredaksjonane i det store og heile låg seg på ei forsiktig linje når det gjaldt namngiving av dei som fekk såkalla #metoo-skuldingar mot seg, dei som varsla og andre kjelder. Korleis dei løyste dette reint språkleg blir ikkje vist fram eller diskutert. Det må likevel ha vore ei utfordring, løysinga AP/BT valte i intervjuet med jenta (Røren i BT 2018) med å gi ho eit deknamn «Thea» og bruka ein fototeknikk der vi kjem tett på ho, sjølv om ho er anonymisert, er ulikt alt eg fann i dekninga av Søviknes-saka i 2001.

Det er vanskeleg, beint fram umogleg, å seia korleis Søviknes-saka ville bli dekka om den var ny i dag. Samanlikninga ovanfor er heller ingen reell samanlikning, saka er både 16 år gammal og tek, ikkje minst, med seg alt som er skrive og korleis det er skrive –i bagasjen når den kjem opp på nytt i 2016. Likevel meiner eg at samanlikninga her kan vera nyttig i framtida: I *Giske-saken – og hvordan vi får #metoo tilbake på sporet* peiker Sletteland og Orgeret på at lovverket er standarden vi må bruka i såkalla #metoo-saker om vi skal kunne setta ein strek og gå vidare:

«Vår vurdering, etter å ha analysert konflikten rundt Giske-saken, er at den tilsynelatende mangelen på faste standarder gjør det umulig å avslutte saken og komme videre. Men det finnes faktisk en slik standard: loven. [Den] (...) gjelder faktisk også i organisasjoner og skal følges. #Metoo-kampanjen fikk det norske samfunnet til å ta inn over seg hvor stor belastning det kan være å bli utsatt for seksuell trakassering. En erkjennelse som fortsatt gjenstår, er hvor revolusjonerende det er å sette hensynet til den utsatte først.» (Sletteland og Orgeret 2020: 167).

Det er nok ingen overdriving at det norske samfunnet har tatt innover seg kor belastande det kan vera å bli utsett for overgrep, og dette kan føre til ei langsiktig endring der det blir enklare for dei som blir utsett for overgrep å gi beskjed om dette. Om det skal skje, trur eg vi treng meir enn eit godt lovverk. Denne oppgåva kan vera med på å seia noko om kva vi treng reint språkleg. Språk er eit maktmiddel. Journalistar har mange omsyn å ta når dei skriv, eg trur eit sjangernormskifte i pressetekstar som tek oss vekk frå nyheitskriterier som har makt, kjendisar, tidlegare kjente saker og sensasjonelle hendingar i fokus er mykje å be om. All den tid avtroppende statsrådar får portrettintervju i store tabloidavisar når dei går av, treng vi å finna eit språk som let både privatlivsdiskursen og maktmisbrukdiskursen eksistera i same tekst.

På bakgrunn av funna i analysen foreslår eg følgjande konkrete tips for språkbruk post #metoo:

- 1) Gi anonyme varslarar/moglege offer/ offer eit dekknamn
- 2) Finn måtar å representera dei anonyme varslarane/ moglege offera/ offera visuelt
- 3) Om ei sak om maktmisbruk må nemnast i ei sak som handlar om noko anna, ikkje unngå å skriva om den gjennom eufemismar som ‘den tunge saka’ eller ‘det store sviket’, få fram kva saka handla om

Klarar vi ikkje det, blir bodskapen media presenterer gjennom det maktmiddelet språket er at om ein varslar mot ein person som er i ein mektigare posisjon enn ein sjølv, vil ein ikkje få gjennomslag og bli gløymt. Då er det ein stor fare for at lærdomane frå #metoo er gløymt før dei som no går på ungdomsskulen er blitt myndige. Det er for seint å gjera noko med framstillinga av ‘den 16 år gamle jenta’, men det kjem andre etter ho.

Litteraturliste

- Allern, Sigurd. Kantola, Anu. Pollack, Ester. Blach-Ørsten, Mark. (2012) «Increased Scandalization. Nordic Political Scandals 1980-2010.». Kap. 2 I *Scandalous! The Mediated Construction of Political Scandals in Four Nordic Countries*, redigert av Sigurd. Pollack Allern, Ester. Göteborg: Noricom.
- Asdal, K., Berge, K., Gammelgaard, K., Gundersen, T. R., Jordheim, H., Rem, T. & Tønnesson, J. L. (2008) *Tekst og historie - å lese tekster historisk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bakke, Kaare M. i BT (2001, 18. februar) «Soknepresten og Søviknes.», s. 21.
- Barthes, Roland (1977) *Image, music, text*. London: Fontana Press.
- Berg, Ole T. (2018) «undersått.» Henta fra <https://snl.no/unders%C3%A5tt> Lesen 9. mars 2020.
- Berge, Kjell Lars (2002) «Å skape mening med tekst.» I *Den flerstemmige sakprosaen*, redigert av Johan L. Tønnesson, 232-242. Bergen: Fagbokforlaget.
- Christie, Nils. (1986) «The Ideal Victim.». Kap. 1 I *From Crime Policy to Victim Policy*, redigert av E. A. Fattah, 17-30: Palgrave Macmillan, a division of Macmi.
- «comeback.». (2018) Henta fra <https://snl.no/comeback> Lesen 20. februar 2020.
- De nasjonale forskningsetiske komiteene. (2019) «Forskingsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi.» Henta fra <https://www.etikkom.no/forskingsetiske-retningslinjer/Samfunns> vitenskap-jus-og-humaniora/> Lesen 5. mai 2020.
- Duranti, A., & Goodwin, C. (1992) «Rethinking context: an introduction.». Kap. 1 I *Rethinking context. Language as an interactive phenomenon*, redigert av A. & Goodwin Duranti, C., 1-42. Cambridge: Cambridge UP.
- Eide, Martin (2001) *Til dagsorden!* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS
- Eikefjord, Eirin i Bergens Tidende (2018, 3. mars 2018) «Å være den jenten.», s. 2.
- Elden, John Christian. (2017) «henleggelse.» Henta fra <https://snl.no/henleggelse> Lesen 14. mai 2020.
- Enfield, N. (2013) «Agency.». I *Relationship Thinking: Agency, Enchrony, and Human Sociality*, redigert av N. Enfield. Oxford: Oxford University Press.
- Fairclough, Norman (2003) *Analysing Discourse - Textual analysis for social research*. London: Routledge.
- Farbrot, Audun. (2012) «Revolusjonerte avisbransjen.» Henta fra <https://forskning.no/partner-media-internet/revolusjonerte-avisbransjen/714796> Lesen 8. mai 2020.
- Fjell, Tove Ingebjørg. (2019) «Grande-gate og metoo. Om hvordan rykter sprenger seg inn i mediefortellinger og får bestemme dagsorden.» *Tidsskrift for kulturforskning*, nr. 1.
- Fondenes, Eivind i BT (2018, 06.03) «Forsvarer valget av Søviknes.», s. 11.
- Foucault, Michel (1999) *Diskursens orden - Tiltredelsesforelesning holdt ved Collège de France 2. desember 1970*. oversatt av Espen Schaanning. Spartacus forlag A/S.
- Galtung, J., & Ruge, M. (1965) «The Structure of Foreign News: The Presentation of the Congo, Cuba and Cyprus Crises in Four Norwegian Newspapers.» *Journal of Peace Research* 2, nr. March 1965: 64-90.
- Garvik, Olav. Tvedt, Knut Are. (2020) «Terje Søviknes.» Henta fra https://snl.no/Terje_Søviknes Lesen 8. mai 2020.
- Gudbrandsen, Frøy. i BT (2016, 20.12) «Veien tilbake.», s. 3.
- Harcup, T., & O'Neill, D. . (2017) «What is news? News values revisited (again). .». *Journalism Studies* 18 (12): 1470-1488.
- Haugan, Bjørn. i VG (2016, 21. desember) «Klima-uenig med Carl I. .».

- i VG Nett (2018, 31. august 2018) «Søviknes åpen om lykken - og den tunge saken.». Haugsbø, Frank. Moen, Elisabeth Skarsbø. Vågenes, Hallgeir. Mikalsen, Helge. i VG (2001, 14.2.2001) «Gikk i forbønn.», s. 12.
- Hellspong, L. Ledin, P. (1997) *Vägar genom texten - handbok i brukstextanalys*. Lund: Studentlitteratur.
- Hågvar, Yngve Benestad (2007) *Å forstå avisa - innføring i praktisk presseanalyse*. LNUs serie. Bergen: Fagbokforlaget.
- Jenssen, Anders Todal. (6. desember 2012 2014) «Medierte politiske skandaler: Sårbare politikere - usårbare partier?». *Norsk medietidsskrift* 21, nr. 2: 100-116.
- Kantor, J. & Twohey, M. i New York Times (2017, 5. oktober 2017) «Harvey Weinstein Paid Off Sexual Harassment Accusers for Decades.».
- Karlsen, Kim Edgar. Duckert, Fanny. (2018) «Powerful and Powerless: Psychological Reactions of Norwegian Politicians Exposed in Media Scandals ». *International Journal of Communication* 12: 3134–3152.
- Kress, G. R., & van Leeuwen, T. (1996) *Reading Images: The grammar of visual design*. . Psychology Press.
- Ledin, Per & Berge, Kjell Lars. (2001) «Perspektiv på genre.». *Rhetorica Scandinavica. Tidsskrift for skandinavisk retorikforskning*. 18: 4-16.
- Ledin, Per. & Machin, David (2018) *Doing visual analysis - from theory to practice*. London, California, New Dehli, Singapore: SAGE Publications
- leksikon, Store norske. (2015) «opprør.» Store norske leksikon, Henta frå <https://snl.no/oppr%C3%B8r> Lesen 7. mai 2020.
- Lura, Christian. Moen, Elisabeth Skarsbø. Eriksrud, Aslak M. Mosveen, Eirik. Valebrokk, Per. Sønstelie, Rolf. Widerøe, Rolf. Johnsen, Alf Bjarne. Thunæs, Bjørn. i VG (2001, 16.2.2001) «Innrømmer maktmisbruk.», s. 8-9.
- Maagerø, Eva (1998) «Om teorien - Hallidays funksjonelle grammatikk.». Kap. 2 I *Å skape mening med språk*, redigert av M. A. K. Martin Halliday, J. R. Hasan, Ruqaiia, 33-63. Oslo: Landslaget for norskundervisning.
- Machin, David (2007) *Introduction to multimodal analysis*. London / New York: Bloomsbury Academic
- Medienorge. (2019) «10 største nettsteder - resultat.» Henta frå <http://medienorge.uib.no/statistikk/medium/avis/395> Lesen 13. april 2020.
- . (2010) «Medienytt 1/2010 - informasjon fra www.medienorge.uib.no.» Henta frå medienorge.uib.no/files/nyhetsbrev/2010/Mediekonsern-og-finanskrise.pdf Lesen 8. mai 2020.
- . (2019) «Ti største papiraviser - resultat.» Henta frå <http://medienorge.uib.no/statistikk/medium/avis/353> Lesen 13. april 2020.
- Medietilsynet. (2019) «Åtte av ti har tillit til norske medier.» Henta frå <https://medietilsynet.no/om/aktuelt-2019/atte-av-ti-har-tillit-til-norske-medier/> Lesen 8. mai 2020.
- Michalsen, Gard L. . (2018) «Hvis norske journalister fikk bestemme, ville SV vært landets største parti - og Frp ute av Stortinget.» Henta frå <https://www.medier24.no/artikler/hvis-norske-journalister-fikk-bestemme-ville-sv-vaert-landets-storste-parti-og-frp-ute-av-stortinget/436479> Lesen 4. mai 2020.
- Midtbø, Tor (2012) «Do Mediated Political Scandals Affect Party Popularity in Norway?». Kap. 9 I *Scandalous! The Mediated Construction of Political Scandals in Four Nordic Countries*, redigert av Sigurd. Pollack Allern, Ester.
- Mikalsen, Helge. Lura, Christian. i VG (2001, 13. mars 2001) «- Jeg var "dritings".», s. 8.
- Milano, Alyssa. (2017) «Milano sin første #metoo-relaterte tweet.» Henta frå https://twitter.com/Alyssa_Milano/status/919659438700670976 Lesen 5. mai 2020.

- Miller, Carolyn. . (2001) «Genre som sosial handling.». *Rhetorica Scandinavica. Tidsskrift for skandinavisk forskning*. 18: 19-35.
- Moen, Elisabeth Skarsbø. Haugsbø, Frank. Svendsby, Egil. Aure, Gyri. Ruud, Nina. Neumann, Roger. i VG (2001, 13. februar 2001) «- Tok det tungt.», s. 6.
- Mæland, Pål Andreas i Bergens Tidende (2016, 18. desember) «Søviknes blir ny oljeminister.».
——— i Bergens Tidende (2016, 19.12) «Søviknes blir ny oljeminister.», s. 6.
- Nygaard, Silje. (2015) «Moralels voktere? En kvalitativ analyse av politisk kommentarjournalistikk i Dagbladet og VG i forbindelse med seks politiske skandaler », Universitetet i Bergen.
- Orgeret, Kristin Skare. (2019) «Profesjonsdilemmaer i den norske #metoo-dekningen.». *Norsk medietidsskrift*, nr. 3: 1-16.
- Pedersen, Kari. Røiseland, Marianne. i BT (2001, 15.2.2001) «Søviknes skulle blottstilles.», s. 2.
- Peirce, Charles S. (1984) *Writings of Charles S. Peirce: A Chronological Edition, Volume 2: 1867-1871*. Writings of Charles S. Peirce: A Chronological Edition.
- Pressens faglige utvalg. (2015) «Ver Varsam-plakaten.» Henta fra <https://presse.no/pfu/etiske-regler/vær-varsom-plakaten/vvpl-nynorsk/> Lesen 14. mai 2020.
———. (2015) «Ver Varsam-plakaten.» Henta fra <https://presse.no/pfu/etiske-regler/vær-varsom-plakaten/vvpl-nynorsk/> Lesen 10.12.
- Raddum, Tonje og Veum, Aslaug. (2006) «Avistekstens mange stemmer.». *Norsk medietidsskrift* 13, nr. 2: 135-158.
- Ravik Jupskås, Anders & Garvik, Olav. . (2020) «Fremskrittspartiet.» Henta fra <https://snl.no/Fremskrittspartiet> Lesen 20. april 2020.
- Regjeringa. (2017) «Den norske valgordningen i hovedtrekk.» Henta fra https://www.regjeringen.no/no/tema/valg-og-demokrati/den-norske-valgordningen/valgordningen/id456636/#politiske_partier Lesen 20. april 2020.
- Ruud, Solveig. Storfjell, Ingar i BT (2018, 03.03) «Søviknes: - Forstår at hun har behov for å fortelle sin historie i kjølvannet av #metoo.», s. 12.
- Røiseland, Marianne i Bergens Tidende (2001, 16. februar 2001) «Festet videre etter sex-møtet.», s. 3.
——— i Bergens Tidende (2001, 28.12) «Ser lys etter annus horribilis.», s. 8.
- Røren, Ingunn. i BT (2018, 03.03.) «I 18 år har hun levd med å være jenten fra Søviknes-saken. Nå forteller kvinnen om livet etter FpU-landsmøtet.», s. 10.
- Røset, Hanna Haug. Hansen, Frode. i VG Nett (2017, 16.11) «Ber kolleger fortelle om trakkassering: - Naivt å anta at det ikke skjer i politikken.».
- Saussure, Ferdinand (1974) *Course in General Linguistics*. LaSalle, Illinois Open Court.
- Simonsen, Marie i VG (2001, «Løgner om sex.»).
- Skei, Hans H. (2018) «dannelsesroman.» Henta fra <https://snl.no/dannelsesroman> Lesen 18. februar 2020.
- Skovholt, Karianne. Veum, Aslaug. (2014) *Tekstanalyse - ei innføring*. CAPPELEN DAMM AS.
- Skrede, Joar (2017) *Kritisk diskursanalyse*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Sletteland, Anja. . (2018) «Da #metoo kom til Norge.». *Tidsskrift for kjønnsforskning* 42, nr. 03: 142-161.
- Sletteland, Anja. Orgeret, Kristin Skare. (2019) «Game of Trond.». *Nytt norsk tidsskrift* 36, nr. 3: 204-218.
- Sletteland, Anja. Orgeret, Kristin Skare. (2020) *Giskesaken - og hvordan vi får #metoo tilbake på sporet*. Ikke oppgitt: Manifest.

- Slettholm, Andreas i Aftenposten (2015, 16. desember) «Aftenposten og tre andre Schibsted-aviser slår sammen sine kommersielle avdelinger.».
- Sontag, Susan (1977) *On Photography*. London: Penguin Books ltd. .
- Storvand, Lena. Møller, Line. i VG (2017, 21.01) «Å leve med sviket.», s. 44-50.
- Straffeloven (2005) Lov om straff (straffeloven)
- Svennevig, Jan (2020) *Språklig samhandling - Innføring i kommunikasjonsteori og diskursanalyse* 3utg. Bind 1, Oslo: Cappelen Damm AS.
- Thorkildsen, Inga Marte i VG (2001, 26. februar) «Hva nå, jenter?».
- Tønnesson, Johan L. (2008) *Hva er sakprosa*. Hva er. Oslo: Universitetsforlaget.
- Tønnesson, Johan L. mfl. (red. 2002) *Den flerstemmige sakprosaen*. . Bergen: LNU/Fagbokforlaget.
- «VG.». (2017) Henta frå <https://snl.no/VG> Lesen 13. april 2020.
- Vikøyri, Harald i VG (2001, 12.07) «"Lei seg over revyhumor".», s. 22.

7 Vedlegg

Vedlegg 1: Eksempel på korleis eg sorterte materiale og fekk oversikt, her andre tidsperiode 2016-2017

Forfattar	Tittel	Avis	Dato	Vinkling/stikkord
Mæland, Pål Andreas	«Søviknes blir ny oljeminister»	BT	19.12.2016	Søviknes-saka ikkje nemnt direkte, «fikk en brå slutt»
Thjømøe, Silje Løvstad ++	«Valgforsker om statsrådbyttene: oppsiktsvekkende»	VG	19.12.2016	«Den gamle saken» som «kan skape turbulens»
Vikøyri, Harald	«NTB: Søviknes aktuell som ny oljeminister»	VG	18.12.2016	Omfattande faktaboks
?	«Får applaus fra næringslivet»	BT	19.12.2016	Søviknes-saka ikkje nemnt
Ertesvåg, Frank	«Frisør Marie (35) klar til å overta ordførerstolen etter S»	VG	19.12.2016	Omfattande faktaboks
Gudbrandsen, Frøy	«Veien tilbake»	BT	20.12.2016	*skildrar saka, *tenker høgt, * Hordaland vs. resten av landet * veldig flink
Ertesvåg, Frank+++	«Kilder til VG: Høyre gjør endringer blant statsrådene»	VG	20.12.2016	Søviknes-saka ikkje nemnt
Gillesvik, Kjetil	«Disse kan ta over Os»	BT	20.12.2016	Søviknes-saka ikkje nemnt
Røed, Runa +++	«Her er Solbergs nye statsråder»	VG	20.12.2016	T.S om saken, Erna om saken! Kritisert for klimasyn, integrering
	statsrådbytter	VG	20.12.2016.	Søviknes-saka ikkje nemnt
	statsrådbytter	BT	20.12.2016	Søviknes-saka ikkje nemnt
	Statsrådbytter	VG	20.12.2016	Søviknes-saka ikkje nemnt
?	«Søviknes: - Klimaendringer viktige også for en oljeminister»	BT	20.12.2016	Søviknes-saka ikkje nemnt
Strand, Tron	«Tro på fornybarenergi og menneskeskapte klimaendringer»	BT	20.12.2016	Intervju T.S, Søviknes-saka ikkje nemnt
Haugan, Bjørn	«T.S taler C. I. Hagen midt imot: Menneskeheten bidrar til klimaendringene»	VG	20.12.2016	Intervju med T.S, mykje om saka
Strand, Tron +	«Anundsen slipper unna sviende kritikk»	BT	21.12.2016	Søviknes-saka ikkje nemnt
?	«Kristelig folkeparti og Venstre er skeptiske»	VG	21.12.2016	Søviknes-saka ikkje nemnt
Lewis, Hilde Ø.	«Forelska oljeminister frir til næringen»	BT	22.12.2016	«Fall og oppgang», «steintøft for alle involverte», «lært mye»
Haga, Anders	«Solberg tar avstand fra Tybring-Gjedde»	BT	23.12.2016	Søviknes-saka ikkje nemnt, fysisk intervju med statsministeren
Sitater	Ukeslutt	BT	24.12.2016	To om T.S: «Jeg ønsker meg ikke politikere som aldri har gjort feil» - K. Clemet. «Menneskeheten bidrar til klimaendringene og vi må gjøre noe med det.» -T.S.
	24.12- 21.1.: Søviknes-saka ikkje nemnt 17 saker i BT, 8 saker i VG, inkludert desse som er relevante:		24.1.21.1 21.1 -3.9 2017	

«Nyhetsdøgnet»	«Søviknes åpner for å bli nestleder i FRP»	VG	18.01.2017	Søviknes-saka ikke nemnt
VG v/NTB	«Søviknes åpner for nestledervervet i Frp»	BT	18.01.2017	Søviknes-saka ikke nemnt
Storvand, Lena. Møller, Line	«Å leve med sviket»	VG	21.01.2017	STORT PORTRETTINTERVJU
Mjelva, Hans K.	«Grunn til optimisme»	BT	06.02.2017	«Intervjuet», Søviknes-saka ikke nemnt»
	Søviknes-saka blir ikke nemnt igjen i denne tidsperioden			

Vedlegg 2: Eksempel på korleis eg systematiserte analysen

Sak	Ordval	Stemmer-i-teksten	Lading Pos = positiv, NEG = negativ, NØY = nøytral	Kategorisering
Tok det tungt. 13.02.2001. VG	- Tok det tungt	Overskrift om ektefelle sin reaksjon	NEG	Ektefelle
	«(...) sin kone Janniches reaksjon (på kva?).»	VG om saka	NØY	Situasjon
	«(...) fryktelig dårlig samvittighet»	T. S. om seg sjølv	NEG / POS	T. S.
	«(...) helt fantastisk»	T. S. om ektefelle		Ektefelle
	«Jeg er veldig glad for at hun stilte opp i dag (...)»	T. S. om ektefelle	POS	T. S.
	«(...) selvfolgelig hatt det fryktelig tungt (...)»	T. S. om ektefelle	NEG	Ektefelle
	«Arm i arm (...)»	VG om ektepar	POS	Ektepar
	«(...) tett sammen.»	VG om ektepar	POS	Ektepar
	Den seksuelle kontakten	VG om saka	NØY	Saka
	«(...) tatt det fryktelig tungt »	T. S. om ektefelle	NEG	Ektefelle
	«(...) et godt og fortrolig forhold.»	T. S. om ekteskap	POS	Ektepar
	«(...) vi skal slåss så hardt vi kan (...)»	T. S. om ekteskap	POS	Ektepar
	«Vi har snakket mye sammen. »	T. S. om ekteskap	POS	Ektepar
	«Hun har taklet det veldig bra »	T. S. om ektefelle	POS	Ektefelle
	«Har dere kommet over det verste (...)»	VG om ektepar (spm.)	NEG	Ektepar
	«Har du lyst til å gråte?»	VG om T. S. (spm)	NEG	T. S. situasjon
	« Gruer du deg (...)?»	VG om T. S. (spm)	NEG	T. S. situasjon
	«De fleste vil vel ha store problemer med (...)?»	VG om T. S spm)	NEG	T. S. situasjon
	«Hvordan reagerte du (...) 1/2	VG om T. S. (spm)	NØY	T. S. situasjon
	«(...) da du fant ut at hun bare var 16 år? » 2/2	VG. om T. S. (spm)	NEG	T. S.
	«Er det du har gjort en del av partikulturen i Frp?»	VG om saken	NØY	Saka
	«Men alle vet at det foregår ting i organisasjoner, (...)» (1/2)	T.S. om saken	NØY	Saka
	«(...), særlig når man møtes i festlig lag. » (1/2)	T. S. om saken	POS	Saka
	«Gårsdagen var alt annet enn festlig for Os-ordføreren (...)»	VG om situasjon for T.S.	NEG	T. S. situasjon

	«(...) delta i begravelsen (...) omkom i brann»	VG om situasjon for T.S	NEG	T. S. situasjon
	«I begravelsen fikk han sjokknyheten »	VG om situasjon for T.S.	NEG	T.S. situasjon
	T. S. ville ikke «kommentere saken »	VG om saken	NØY	Saka
	«Et par ganger ble den grav alvorlige minen (...)» 1/2	VG om T. S.	NEG	T. S.
	«(...) avløst av smil og forsiktig latter .»	VG om T.S.	POS	T. S.
	«Der bor paret i et lite trehus ned mot vannet , med seilbåten liggende nedenfor og med utsikt mot Ole Bulls hus på Lysøen»	VG om T.S. liv	POS	T. S.
namngjeving	Søviknes/Terje Søviknes x 16	VG om T.S.	NØY	T.S.
	«De» x 4, spm: «dere» x 2, «du» x 4	VG om ektepar, T. S.	POS	T.S.
	«Os-ordføreren»	VG om T.S.	POS/NEG	T.S.
	«Frp-toppen»	VG om T.S.	POS/NEG	T.S.
	«Frp-nestlederen»	VG om T.S.	POS/NEG	T.S.
	«påståtte overgriperen»	VG om T.S.	NEG	T.S.
!	«Den da 16 år gamle jenta» x 3	VG om jente	NØY	Jenta
	«Den 16 år gamle jenta»	VG om jente	NØY	Jenta
	«Søviknes om sin kone Janniches reaksjon» på kva?	VG om saka	NØY	Saka
	«Den seksuelle kontakten» x 2	VG om saka	NØY	Saka
	«Sjokknyheten (for T.S.)»	VG om saka	NEG	Saka
	«Hevder voldtok»	VG om saka	NEG	Saka
	«Rystet» (T.S.).	VG om saka	NEG	Saka
	«Den påståtte voldtekten»	VG om saka	NEG	Saka
	T.S: «dette» og «det»	T. S. om saka	NØY	Saka
	«det foregår ting»	T.S. om saka	NØY	Saka